

Arbeidsrapport nr. 155

Randi Bergem
Grethe Mattland Olsen
Brynhild Solvang

Tango for to

Evaluering av Tilskottsordninga til samlivstiltak



 HØGSKULEN I VOLDA


MØREFORSKING
VOLDA

2004

Prosjekt: Evaluering av Tilskottsordninga til samlivstiltak
Prosjektansvarleg: Møreforsking Volda
Oppdragsgjevar: Barne- og familiedepartementet
Prosjektleder: Randi Bergem
Ansvarleg utgjevar: Møreforsking Volda
ISBN: 7692-211-2 (papirutgåve)
ISBN: 82-7692-224-4 (elektronisk utgåve)
ISSN: 0805-6609
Sats: Randi Bergem
Illustrasjon: Marit Eliassen
Opplag: 100
Trykk: Egset Trykk A/S, 2004
Distribusjon: Papirutgåve: Gnist Møre Volda, P.b. 278, 6101 Volda
Tlf. (ISDN): 70 07 53 85. Faks 70 07 53 86
E-post: sfsbok@hivolda.no
Elektronisk utgåve: <http://www.moreforsk.no/volda.htm>

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitenskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleder (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

I 1994 vart det oppretta ei statleg tilskottsordning til samlivstiltak, der føremålet er å styrke samliv og førebygge samlivsbrot. Tilskottsordninga har halde fram til dags dato, og på oppdrag for Barne- og familiedepartementet har Møreforsking Volda evaluert ordninga. Denne arbeidsrapporten har fokus på fordelingsprofilen, organiseringa og gjennomføringa av lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid, og på synspunkta og erfaringane til par som har vore med på samlivskurs.

Vi vil takke alle dei som har stilt opp til intervju. Det er tilsette i Barne- og familiedepartementet (BFD) og Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA), tilsette og frivillige i organisasjonar og institusjonar som har fått midlar frå tilskottsordninga, kurshaldarar og kvinner og menn som har delteke på samlivstiltak.

Prosjektet er finansiert av Barne- og familiedepartementet. Vi takkar BFD for eit spennande og interessant oppdrag og for godt samarbeid.

Volda, april 2004

Randi Bergem
Grethe Mattland Olsen
Brynhild Solvang

Innhald

Forord	3
Innhald	5
Kapittel 1 Innleiing	7
1.1 Samlivstiltak – eit offentleg satsingsområde.....	7
1.2 Om evalueringsoppdraget	8
1.3 Om tilskottsordninga.....	9
1.3.1 Søknadsprosedyrar og saksbehandling.....	10
1.3.2 Lokale samlivstiltak	11
1.3.3 Utviklingsarbeid	12
1.4 Førebyggjande samlivstiltak – førebyggjande effekt?	13
1.4.1 Forsking på feltet.....	14
Kapittel 2 Metode	17
2.1 Evaluering – to tilnæringsmåtar	17
2.2 Datainnsamlinga	18
2.3 Oppsummering.....	21
Kapittel 3 Fordelingsprofil – lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid	23
3.1 Fordelingsprofil 1994-2002 – lokale samlivstiltak	24
3.1.1 Geografisk fordeling på fylke – lokale samlivstiltak	25
3.1.2 Type lokale samlivstiltak	27
3.1.3 Organisasjonar som søker midlar til lokale samlivstiltak	28
3.1.4 Grunngeving for avslag på søknader om støtte til lokale samlivstiltak.....	33
3.2 Fordelingsprofil 1994-2002 – utviklingsarbeid	34
3.3 Oppsummering og vurdering	36
Kapittel 4 Utviklingsarbeid og utviklingsaktørar	39
4.1 Innleiing	39
4.2 Utviklingsaktørane.....	39
4.3 Aktørar som kombinerer utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak	46
4.4 Oppsummering og vurdering	47
Kapittel 5 Lokale samlivstiltak – kursarrangørar og kurshaldarar	51
5.1 Innleiing	51
5.2 Ulike målgrupper for dei lokale samlivstiltaka	51
5.3 Val av kurstype og innhald	56
5.4 Kompetanse blant arrangørar og kurshaldarar	59
5.5 Rekruttering	61

5.5.1	Dei som ikkje lukkast med å rekruttere deltakarar	64
5.5.2	Sosiale skilje i rekrutteringa?	65
5.6	Organisering.....	67
5.6.1	Helg eller kveld, på heimstaden eller heimanfrå	67
5.7	Prisen bør ikkje ekskludere nokon	70
5.7.1	Prisen på samlivskurs i regi av organisasjonar med samlivskurs som hovudområde.....	70
5.7.2	Prisen på samlivskurs i regi av interesseorganisasjonar	71
5.7.3.	Prisen på samlivskurs i regi av familievernkontor, helsestasjonar og kommunar.....	72
5.8	Kva med oppfølgingskurs?	73
5.9	Oppfatningar om tilskottsordninga	75
5.10	Oppsummering og vurdering	79
Kapittel 6 Lokale samlivstiltak - kursdeltakarar sine erfaringar og synspunkt.....		83
6.1	Innleiing	83
6.2	Bakgrunn for val av kurstype.....	84
6.2.1	Motiv for deltaking på kurs i regi av organisasjonar som har samliv som hovudtema	84
6.2.2	Motiv for deltaking på kurs i regi av interesseorganisasjonar	86
6.2.3	Motiv for deltaking på kurs i regi av kristne organisasjonar	88
6.3	Utbyttet av samlivstiltak	89
6.3.1	Utbyttet av å vere i lag med andre i liknande situasjon.....	92
6.3.2	Faktorar som svekkar utbyttet	94
6.4	Organisering, gjennomføring og pris	96
6.4.1	”Det er fint med ei helg”	96
6.4.2	Kurs for heile familien	98
6.4.3	”Det med pris er viktig ”	99
6.5	Oppfølgingskurs.....	101
6.6	Oppsummering og vurdering	103
Kapittel 7 Samlivstiltak – liv laga?.....		107
	Konklusjon.....	117
Referansar.....		121
Vedlegg.....		123

Kapittel 1 Innleiing

1.1 Samlivstiltak – eit offentleg satsingsområde

Om lag 10 500 ekteskap vart oppløyse ved skilsmisse og 13 000 ektepar vart separerte i 2002. Det er 150 fleire skilsmisser og 250 fleire separasjonar enn i 2001. Skilsmisseraten, som vert rekna som skilde per 1000 gifte og separerte kvinner, var 11,9 i 2002. Det vil seie at i 2002 var det 11,9 skilsmisser per 1000 gifte og separerte kvinner (SSB 2003). Ut frå skilsmissemønsteret i 2002 er det rekna ut at 48 prosent av ekteskapa kan ende i skilsmisse (SSB 2003). Prosenten har auka frå 9,5 i 1960 til 47,4 i 1994. For åra 1995 til 1999 var prosenten lågare, medan den på nytt auka i perioden 2000 til 2002 (SSB 2003).

Studiar viser at mange av dei som vert skilde får det vanskeleg både sosialt og helsemessig som følgje av skilsmisse (Thuen 2002). Men det er også mange som lever i parforhold som strevar, og det er viktig at desse får hjelp. I tillegg til å behandle problem som følgjer av skilsmisse eller eit vanskeleg parforhold, kan ein prøve å styrke samlivet og førebygge samlivsbrot medan paret har det relativt bra, eller før ei eventuell krise oppstår.

Den sitjande regjeringa er oppteken av desse spørsmåla og meiner at:

”..ekteskapet er den beste rammen om barnas oppvekst, og vil verne og styrke ekteskapet som samlivsform (Sem-erklæring).” Regjeringa ønskjer difor å medverke til at færre ekteskap og samliv går i oppløysing og vil styrke det førebyggjande familiarbeidet. Eit tiltak er å føre vidare Tilskottsordninga til samlivstiltak, som mellom anna omfattar ulike former for samlivskurs. Ordninga vart oppretta i 1994, og vert nærare omtala under punkt 1.2. For å oppnå eit meir heilskapleg førebyggjande familiarbeid vil regjeringa også styrke kompetansen og kapasiteten i familievernet og vidareutvikle foreldrerettleingsprogrammet (St.meld nr 29 (2002-2003) Om familien -

forpliktende samliv og foreldreskap). Dette er tiltak som kan medverke til å redusere ventetida i familievernet og førebygge samlivsbrot.

Gjennom aviser og andre media ser vi også at samlivstiltak er eit tema i tida. Det er jamvel på trappene eit TV-program der samlivseksperter skal gi hjelp til par nærast på direkten. Å styrke samliv og førebygge samlivsbrot er eit område det offentlege satsar på, og i familiemeldinga (St.meld nr 29 (2002-2003)) lanserer regjeringa ei satsing på gratis, frivillige samlivskurs til par når dei får sitt første barn. Regjeringa har i statsbudsjettet for 2004 løyvt fem millionar kroner til dette. Dette er eit tiltak som ligg utanfor Tilskottsordninga til samlivstiltak.

1.2 Om evalueringsoppdraget

Siktemålet med denne evalueringa er først og fremst å kunne seie noko om korleis tilskottsordninga fungerer i forhold til føremålet med ordninga, og ikkje om effekten av ulike typar kurs som er gjennomførte med støtte frå ordninga. Vi seier noko om fordelingsprofil, innhald i, organisering av og gjennomføring av ulike typar lokale samlivstiltak. Det vil seie at vi studerer organiseringa av dei ulike tiltaka og korleis dette ser ut til å påverke innhaldet og utbytte av tiltaket.¹ Vi ser mellom anna på korleis dei lokale samlivstiltaka er organiserte (pris, lokalisering, osv), på spreiding, på kva type kurs det vert gitt tilbod om, rekruttering og målgrupper. Evalueringa formidlar også erfaringar og synspunkt frå deltakarar som har vore på nokre av kursa som har fått støtte. Når det gjeld utviklingsarbeid ser vi mellom anna på kva type kurstilbod utviklingsaktørane har etablert, kva som vert gjort for å spreie tilbodet og kva tiltak som elles vert sette i verk for styrke den faglege kvaliteten på samlivstiltaka.

1.3 Om tilskottsordninga

I Budsjett-innstilling nr 2 (1993-94) under kapittelet om Familievern, gjekk det fram at fleirtalet av medlemene i stortingskomiteen ville at det skulle opprettast ei tilskottsordning der organisasjonar, kyrkjelydar og frivillige kunne søke om tilskott til kurs i førebyggjande familievern. Det vart foreslått ein ny post (kr. 1 500 000) i budsjettet som skulle gå til dette føremålet. Utgangspunktet for forslaget var at:

Flertallet, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Kristelig Folkeparti, vil peke på at konsekvensene av samlivsbrudd ofte representerer personlige, så vel som samfunnsmessige tragedier og store utgifter for det offentlige. Flertallet vil be om at det opprettes en ny tilskuddsordning der organisasjoner, menigheter og frivillige for øvrig kan søke om tilskudd til kurs i forebyggende familievern (s. 51).

Tilskottsordninga til samlivstiltak kom såleis inn i statsbudsjettet i 1994. Det er Barne- og familiedepartementet som er ansvarleg for ordninga.¹ Under føresetnad av at Stortinget løyver pengar til dette føremålet år for år, vert midlane lyste ut i aviser over heile landet. I følgje Rundskriv Q-7/03, Retningsliner for tilskott til samlivstiltak 2003 (BFD 2003), er det overordna føremålet med tilskottet å støtte opp om samlivet i familien. Midlane skal brukast til å styrke ekteskap og varige samlivsforhold, og det er ei viktig målsetjing å skape ein trygg og stabil oppvekst for barna. Midlane skal brukast til to typar tiltak:

- Lokale samlivstiltak
- Utviklingsarbeid på samlivsområdet

¹ Retningsliner for tilskott til samlivstiltak for 2003 ligg ved. Rundskriv Q-7/03.

I 2003 gjekk om lag $\frac{3}{4}$ av midlane til lokale samlivstiltak, og $\frac{1}{4}$ til fagleg utviklingsarbeid i institusjonar, organisasjonar og kommunar. Barne- og familiedepartementet behandlar søknadene om støtte til utviklingsarbeid, medan Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA), frå 1.1. 2001, behandlar søknader om støtte til lokale samlivstiltak.²

I 1994, som var første året, kom det inn 112 søknader om støtte til samlivstiltak, 61 av desse fekk støtte på til saman 1 349 000 kroner. Interesse for å setje i verk samlivstiltak er stor og aukande. I 2002 mottok BFD 253 søknader om støtte til lokale samlivstiltak (222) og utviklingsarbeid (31). I 2003 vart det løyvt vel 1 million kroner ekstra til ordninga, slik at løyvinga samla utgjorde 4,74 millionar kroner. Med ei løyving på 4,74 millionar kroner og ein samla søknadssum på om lag 16 millionar kroner, seier det seg sjølv at mange ikkje får det dei søker om. I 2003 har Barne- og familiedepartementet fordelt om lag 900 000 kroner til utviklingsarbeid, medan Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga har fordelt 3,1 millionar kroner til lokale samlivstiltak. Midlane har elles gått til annonsering og evaluering av tilskottsordninga. I kapittel 3, om fordelingsprofil, kjem vi nærare inn på søknadsbeløp og løyvingar for perioden 1994-2002.

1.3.1 Søknadsprosedyrar og saksbehandling

Utlysing av midlane som er knytte til tilskottsordninga skjer gjennom annonser i aviser over heile landet. Det er eigne søknadsskjema for søknader om støtte til lokale samlivstiltak og utviklingstiltak. Fram til 2003 vart det brukt same skjema for begge typar tiltak, men frå 2004 er det to separate skjema. Søknadsfristen er vanlegvis rundt 20. februar i tildelingsåret. Rapportering skal skje, på eige rapporteringskjema, innan 15.februar året etter tildelingsåret. Saman med rapporteringskjemaet skal det leggest ved revidert rekneskap for det gjennomførte tiltaket.

² BUFA er tidlegare Statens ungdoms og adopsjonskontor (SUAK).

Alle søknadene og rapporteringskjema skal sendast til BUFA. BUFA behandlar søknadene om støtte til lokale samlivstiltak, medan søknadene om støtte til utviklingsarbeid vert sendt vidare til BFD. Ved behov møtest BDF og BUFA under søknadsbehandlinga. Søknadsbehandlinga skjer med utgangspunkt i retningslinene (jf. BFD rundskriv Q-7/03 og BFD Q- 7/04), som er utarbeidde av BFD og BUFA.

1.3.2 Lokale samlivstiltak³

Samlivstiltaka skal vere av førebyggjande karakter, og skal ikkje vere behandling. Tiltaka skal ta opp det ein kan kalle ”vanlege problem i vanlege ekteskap”. Tema på kursa er ofte betre dialog og kommunikasjon, og konfliktløsning. I St.meld nr 29 (2002-2003) Om familien - forpliktende samliv og foreldreskap, vert dei lokale samlivskursa omtala slik:

De lokale samlivskursene er et lavterskeltilbud til par og fokuserer på såkalte ”vanlige problemer” i samlivet; for eksemplet på hvordan bedre kommunikasjon og dialog, hvordan ta bedre vare på og utvikle parforholdet, spørsmål omkring samarbeid og arbeidsfordeling, konflikter og konfliktløsning. Kursene er kortvarige samlinger, gjerne weekend-kurs, og følger et program som er utviklet for formålet (s.12).

Samlivstiltaka skal vere eit lågterskeltilbod og må ikkje oppfattast som eit behandlingstilbod. Det er familievernets si oppgåve å prøve å hjelpe par som er i krise, og det arbeidet høyrer såleis ikkje inn under denne ordninga.

I følgje retningslinene for Tilskottsordninga til samlivstiltak kan frivillige organisasjonar og andre som arbeider for å støtte og styrkje familien, søkje midlar til å arrangere samlivskurs (BFD Rundskriv Q-7/03). Det kan til dømes vere kyrkjelydar, humanitære og kristeleg organisasjonar og organisasjonar

³ Samlivstiltaka har ulike nemningar. Nokre brukar kurs, andre brukar samling osv. I denne rapporten brukar vi omgrepa samlivstiltak og kurs litt om kvarandre.

innan helse- og sosialsektoren. Kommunar, familievernkontor og liknande institusjonar som vil ta opp samliv som tema kan også søkje, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar. Det vert ikkje gitt midlar til privatpersonar eller tiltak som er drivne på forretningsmessig basis.⁴

Føremålet for tiltaket må gå klart fram av søknaden. Søknaden må innehalde informasjon om program, målgruppe, kursleiar/kurshaldar, tidspunkt og omfang. Planlagde kostnader må gå fram av eit eige budsjett. Søkjarar som budsjetterer med eigne midlar vil bli prioriterte. Tilskottet kan brukast til å dekke administrative utgifter som honorar, reise og opphaldsutgifter til kursleiarar, innkjøp av kursmateriell, annonsering og lokalleige. Midlane kan ikkje brukast til godtgjersle eller tilskott til kursdeltakarane sine utgifter til samlivskurs (reise, opphald, servering, gåver, utgifter til barnepass e.l.). Slike utgifter må dekkast anten av søkjaren/arrangøren eller av kursdeltakarane sjølve.

Tilskottsmottakarane må rapportere til BUFA. Det skal gjerast på eige skjema (sjå vedlegg). Rapportane skal mellom anna innehalde informasjon om arrangøren, om kva tiltak som er gjennomført, om tema, finansiering, målgruppe, talet på deltakarar, kurshaldarar og om eventuelt samarbeid med andre. Dei som har fått tilskott til lokale samlivstiltak i 2003, må rapportere innan 15.februar 2004.⁵

1.3.3 Utviklingsarbeid

Føremålet med utviklingsarbeid er å styrke den faglege kvaliteten på samlivskursa, og få god organisering og spreing av tilbodet. Målet er at arbeidet skal medverke til at samlivstiltak kan verte ein integrert og etablert del av det lokale førebyggjande familiarbeidet. Utviklingsarbeid kan dreie seg om

⁴ Søknadsskjema ligg ved.

⁵ Rapporteringsskjema ligg ved.

ulike sider av samlivsarbeidet, som til dømes skolering av kurshaldarar, utvikling av program og materiell for samlivskurs, organisering og samarbeid lokalt. Føremålet med utviklingsarbeida er at dei skal gi ny kunnskap og erfaring innan samlivsfeltet (Rundskriv Q-7/02 Barne- og familiedepartementet 2002).

Organisasjonar og institusjonar med kompetanse på samlivsarbeid og utviklingsarbeid kan søkje midlar til utviklingsprosjekt. For kommunane er det særleg aktuelt å utvikle modellar for integrering av foreldrerettleiing og samlivstiltak i eit samla førebyggjande familiararbeid.

I følge retningslinene for Tilskottsordninga til samlivstiltak, må prosjektsøknadene gjere greie for bakgrunnen for og føremålet med prosjektet, metode, gjennomføring og noko om forventa resultat. Søknaden må også innehalde budsjett og framdriftsplan. Når det gjeld krav til opplysningar i søknaden og bruken av midlane, gjeld same vilkår som ved lokale samlivstiltak. Ved prosjektslutt skal det utarbeidast ein kort, skriftleg rapport om resultat. Søknader om midlar til utviklingsarbeid skal sendast til Barne-, ungdoms og familieforvaltninga, og vert sendt vidare til behandling i Barne- og familiedepartementet.

1.4 Førebyggande samlivstiltak – førebyggande effekt?

Tilskottsordninga har eit førebyggande siktemål, og difor er det relevant å sjå litt nærare på kva andre studiar viser når det gjeld eventuelle verknader av førebyggande tiltak.

Utvikling av problem i tilknytning til samlivsbrot, både for partane og for barna, understrekar at det er behov for førebyggande tiltak. Det er likevel eit spørsmål

i kva grad det går an å førebygge samlivsbrot. Søknadsmengda i forhold til tilskottsordninga viser at det er interesse for å prøve å førebygge samlivsbrot gjennom å styrke samliv, og det finst mange kurs, program og tiltak som siktar mot dette. Internasjonalt er det gjort studiar som har undersøkt effekten av slike kurs, og nokre av desse vert omtala nedanfor.

1.4.1 Forsking på feltet

Det er gjort nokre studiar av kurs som har fått tilskott frå denne ordninga (Halvorsen 1996), og av organisasjonar som gjennomfører samlivskurs med tilskott frå ordninga (Vagli og Jamt 1999). Evalueringa av kurset ”Du og jeg og vi to”, eit opplegg som Nasjonalforeningen for Folkehelsen står bak, viser at dei aller fleste har positive erfaringar med samlivskurset (Halvorsen 1996). Den same studien viser at over halvparten (ca 60 %) av deltakarane har utdanning på høgskule/universitetsnivå. Dette er langt høgare andel enn blant befolkninga elles (ca 22 %). Det vil seie at det er skeivfordeling mellom ulike grupper når det gjeld deltaking på slike kurs. Skeivfordelinga vert på sett og vis endå tydelegare når vi veit at det er ein svak tendens til høgare skilsmissefrekvens blant dei med lågast utdanning. Spørsmålet og utfordringa er såleis korleis ein skal gå fram for å nå andre grupper, mellom andre dei med høgast skilsmissefrekvens.

Internasjonalt er det gjort fleire evalueringar av ulike typar samlivskurs. Mellom anna av PREP-kursa (The Prevention and Relationship Enhancement Program) (Markman mfl 1993, Thurmaier mfl 1999), som også er arrangerte i regi av norske aktørar som får støtte frå tilskottsordninga. Men PREP-kursa i Noreg er ikkje systematisk evaluerte med tanke på kva effekt dei har i forhold til å førebygge samlivsbrot (Thuen 2003).

Amerikanske og tyske evalueringar av PREP-kurs, fire til fem år etter kurset, viser at par som hadde delteke på kurs er meir nøgde med parforholdet og viser

betre evne til problemløysing enn par som ikkje hadde vore på slikt kurs (Markman mfl 1993, Thurmaier mfl 1999). Men denne skilnaden viste seg å vere mindre ved seinare oppfølgingar, noko som viser at dei langvarige effektane er usikre. Studiane som er gjorde er også relativt små, og det gjer det vanskeleg å påvise statistisk signifikante effektar.

Internasjonalt er det altså gjennomført evalueringstudiar av samlivskurs som viser at dei kan ha positiv effekt. Frode Thuen har gjort ein studie av desse evalueringane, og han seier det slik: *”Det finnes altså empirisk grunnlag for å anta at samlivsstyrkende tiltak kan ha forebyggende effekt på samlivsbrudd. Grunnlaget er likevel spinkelt, og det er mye som er uklart med hensyn til eventuelle effekter (Thuen 2003:5).”*

Statistikken viser at om lag 50 % av ekteskapa som vart oppløyste i 2001, hadde vart i 12 år eller mindre (SSB 2002). Ein av dei internasjonale forskarane på feltet tek til orde for at samlivsstyrkende tiltak har best effekt dersom dei vert gjennomførte tidleg i samlivet, helst før ekteskapet eller etablering av andre samlivsformer (Stanley 2001). Eit poeng kan då vere å setje inn ein ekstra innsats i forhold til kurs som siktar mot målgruppa ”snart gifte eller nettopp gifte”.

Ein kan merke seg at mange par synest å ha nytte av til dømes PREP-kurs i inntil fire eller fem år etter kurset (Markman mfl 1993, Thurmaier mfl 1999), men at effekten truleg vert svakare over tid. Dersom tiltaka skal ha forebyggande effekt på lengre sikt, er det ikkje nok med eitt kurs over ei helg eller to. For å kunne oppnå meir varige effektar, bør paret gjenta og følgje opp med nye kurs etter nokre år.

Ein skal ikkje undervurdere betydninga av positive kortvarige effektar, men målet er at tiltaket skal gi positive verknader på lang sikt. Dessutan er det ei utfordring å nå dei som kanskje treng det aller mest. Det kan tenkast at dei som har valt å vere med på samlivskurs, i utgangspunktet er svært innstilte på å prøve å forbetre samlivet, og at dei kanskje hadde lukkast med dette uavhengig av om dei var med på samlivskurs eller ikkje. Førebygging er med andre ord eit komplisert felt å evaluere, men erfaringar frå andre typar førebyggande tiltak, til dømes førebyggande helsearbeid, viser at det nyttar å førebygge (Mæland 1999). For å seie det på ein annan måte; Det nyttar truleg ikkje å late vere.

Kapittel 2 Metode

2.1 Evaluering – to tilnæringsmåtar

Innanfor evalueringsforskning er det fleire tilnæringsmåtar, mellom anna skil ein mellom summativ og formativ evaluering. Føremålet med **summativ evaluering** er å vurdere verdien av eit tiltak. Evalueringa vert gjort i etterkant og vil oftast setje søkjelyset på resultatet, om måla vart nådde. **Formativ evaluering** er retta mot framdrifta av eit tiltak. Her fokuserer ein på prosessen, gjerne på ein slik måte at evalueringa kan medverke til endringar og forbetringar av tiltak undervegs. Desse formene for evaluering kan i reindyrka form sjåast som ideal. I dei fleste evalueringar vil ein finne kombinasjonar, men gjerne med hovudvekta på den eine eller andre forma. Evalueringa av Tilskottsordninga til samlivstiltak har hovudsakleg element av summativ evaluering, men vi vil også fokusere på gjennomføring og prosess sett i etterkant. Dessutan vil evalueringa ha element av formativ evalueringa fordi den kanskje kan ha noko å seie i forhold til korleis tilskottsordninga vert organisert framover.

I evalueringa legg vi vekt på å finne ut korleis tilskottsordninga fungerer i forhold til føremålet med ordninga, og på kva måte verkemidla har fungert. Døme på verkemiddel er geografisk fordeling, både offentleg og frivillig engasjement og måten tiltak vert organiserte og gjennomførte på. Fleire av samlivstiltaka skal hovudsakleg vere av førebyggjande karakter, difor er det vanskeleg å måle effekten. For det første kan ein ikkje vere sikker på om og i kva grad det er nettopp det kurset eller tiltaket som eventuelt har påverka samlivet. For det andre må ein følgje opp deltakarane over relativt lang tid, for å kunne sjå på langvarige og varige effektar. Dessutan vil ein ikkje kunne vere sikker på i kva grad akkurat dette tiltaket har medverka til å styrke samliv eller hindra familieoppløysing. Men evalueringa seier noko om organiseringa av,

innhaldet i og gjennomføring av ulike samlivstiltak, der føremålet er å medverke til å styrke ekteskap og samlivsforhold.

2.2 Datainnsamlinga

I denne evalueringa har ulike datainnsamlingsmetodar og datakjelder vore aktuelle. Rapportar frå institusjonar, kommunar og organisasjonar som har motteke tilskott, og dokument i Barne- og familiedepartementet (BFD) og Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA) er noko av datagrunnlaget. Slike dokument er til dømes søknader, tildelingsbrev, avslagsbrev og retningsliner. I tillegg har vi intervjuar tilsette i BFD og BUFA, kursarrangørar, kurshaldarar og kursdeltakarar. Nedanfor går vi nærare inn på datainnsamlinga kopla til dei ulike delane i rapporten.

Fordelingsprofilen (jf. kp. 3)

For å kunne seie noko om spørsmål knytte til fordelingsprofilen har dokument i departementet vore viktige datakjelder. Vi har studert søknadsoversikter og rapportar for åra 1994-2002. I tillegg har vi intervjuar tilsette i Barne- og familiedepartementet, som har vore ansvarlege for å behandle søknader, og tilsette i Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA), som frå og med 2001 har ansvaret for å behandle søknader om tilskott til lokale samlivstiltak. Barne- og familiedepartementet behandlar søknader om tilskott til utviklingsarbeid.

Vi har undersøkt kva type organisasjonar som har fått tilskott, korleis tildelinga er fordelt på ulike fylke og på kva type kurs som er søkt støtta. Vi har undersøkt kva organisasjonar og institusjonar som har fått tilskott og kvifor andre ikkje har fått. Vi har gått gjennom søknader og svar på søknadene. På denne måten har vi fått oversikt over kven som har fått midlar, over forholdet mellom frivillig og offentleg engasjement og utviklinga i perioden 1994-2002.

Utviklingsarbeid (jf. kp 4)

Vi har intervjuet aktører som har fått støtte til utviklingsarbeid, og vi valde å sjå nærare på fire av organisasjonane/institusjonane. Det er fleire som kunne vore omtala her. Men vi har valt å ta med dei tre største utviklingsaktørane og eit døme på arbeidet i ein litt mindre organisasjon. Det er Modum Bad Samlivssenteret, Navigatørene, Nasjonalforeningen for Folkehelsen og Tverrkulturelt Senter. Av desse er det berre Modum Bad Samlivssenteret som har samlivsspørsmål som sitt hovudområde. Dei andre aktørane driv med samlivsarbeid som eitt av fleire satsingsfelt. Men arbeidet utgjer likevel ein relativt stor del av totalaktiviteten deira. Analysen i kapittel 4 byggjer på intervju med åtte informantar, som er ansvarlege for og/eller arbeider med samlivsspørsmål i sin organisasjon eller institusjon.

Lokale samlivstiltak - kursarrangørar og kurshaldarar (jf. kp. 5)

I arkiva til Barne- og familiedepartementet og Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga fekk vi tilgang til lister over søknader om tilskott til samlivstiltak for perioden 1994-2002. På bakgrunn av gjennomgang av listene over alle som fekk midlar i 2001, vart det valt ut 70 saker som vi studerte nærare. Desse vart valde med omsyn til at ulike organisasjonar og institusjonar, fylke og typar lokale samlivstiltak skulle vere representerte. Med utgangspunkt i desse sakene vart det plukka ut 14 tiltak som vi gjekk endå meir i djupna på. Desse vart også valde med utgangspunkt i eit ønske om variasjon når det galdt geografi, type organisasjon, institusjon og type kurs (målgruppe osv). I tilknytning til desse lokale samlivstiltaka har vi intervjuet 28 kursarrangørar og kurshaldarar. Mange av kurshaldarane har vidareutdanning eller etterutdanning i familierapi, men den formelle grunnutdanninga deira varierer. Det er mellom andre pedagogar, psykologar, legar og sjukepleiarar, prestar, diakonar og sosionomar.

Kapittel fem bygger på data frå intervju med følgjande utval:

- Tilsette eller personar med verv i Noregs Diabetesforbund i to fylke
- Ein frivilligsentral i samarbeid med soknepresten
- Ein kommune
- To familievernkontor⁶
- Modum Bad Samlivssenteret
- Tverrkulturelt senter i Oslo
- Navigatørene
- Nasjonalforeningen for Folkehelsen
- Foreningen for Hjertesyke Barn
- Familieskolen (samarbeid mellom 5 menigheiter i Bergen)

Som nemnt har vi også gått gjennom søknadslister og rapportar frå stønadmottakarar tilbake til 1994. Dette datamaterialet vert hovudsakleg drøfta i kapittel tre. I kapittel fem og seks vil vi også ha nytte av det nemnde materialet, sjølv om denne delen hovudsakleg er tufta på intervju med kursarrangørar og kurshaldarar.

Lokale samlivstiltak – erfaringar og synspunkt til deltakarar (jf kp. 6)

Av dei 14 institusjonane og organisasjonane som vi studerte nærare, valde vi sju samlivstiltak som utgangspunkt for intervjuing av kursdeltakarar.

Kursarrangørane vart bedne om å plukke tilfeldige par ut frå sine deltakarlistar, kontakte desse, og høyre om dei ville stille til intervju med oss.⁷ Når dette var gjort, fekk vi namn og adresser til deltakarane. Vi sende brev til dei med informasjon om evalueringa og at vi ville kontakte dei nærmare (jf vedlegg).

Det låg også ved skriv frå Barne- og familiedepartementet som stadfesta oppdraget vårt (jf vedlegg). Intervjua med deltakarane gjekk føre seg i september og oktober 2003. Responsen på telefonundersøkinga var god, av dei

⁶ Vi har valt å bruke omgrepet familievernkontor også om dei kontora som kallar seg familiekontor.

⁷ Ein kursarrangør sende deltakarliste direkte til oss utan å kontakte deltakarane på førehand.

50 vi ringde til, var det fire som reservert seg. I tillegg hadde fem par gitt melding til arrangøren om dei ikkje ville verte kontakta.

Til saman intervjuja vi 46 personar, av desse var 26 kvinner og 20 menn. Desse har delteke på eitt eller fleire samlivstiltak i perioden 1999-2003. I og med at midlane går til svært mange ulike organisasjonar og institusjonar, og vert brukte til gjennomføring av ulike typar kurs, er informantane valde med tanke på å femne breidda i desse.

2.3 Oppsummering

Målet med evalueringa er å seie noko om korleis tilskottsordninga har fungert. Er det god organisering, variasjon og spreiding av tilbodet? Kva erfaringar og utbytte har dei som har vore på lokale samlivskurs? Medverkar utviklingsarbeidet til ny kunnskap og erfaring på samlivsfeltet? For å kunne svare på desse spørsmåla har vi undersøkt fordelingsprofilen både når det gjeld utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak. Vi har sett på utviklingsaktørane sitt arbeid, på erfaringane til kurshaldarar, arrangørar og deltakarar på lokale samlivstiltak.

Kapittel 3 Fordelingsprofil – lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid

I dette kapittelet skal vi sjå på korleis søknader om og støtte til samlivstiltak fordeler seg på fylke, ulike typar kurs, ulike typar organisasjonar og institusjonar.

Som nemnt i kapittel 1 (pkt 1.3.1) vert søknadene, både om lokale kursmidlar og utviklingstiltak, behandla i samsvar med retningslinene for tilskottsordninga (jf vedlegg).

Tabell 1 Fordelingsprofil lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid i perioden 1994-2002

År	Søknader (antal)	Tilslag (antal)	Tildeling (i kroner)	Løyving på statsbudsjettet (i kroner)**
1994	112	61	1 349 900	1 500 000
1995	104	84	2 433 100	3 500 000
1996*	92 (152)	82 (115)	3 176 100 (1 587 900)	3 500 000
1997*	96 (143)	62 (66)	2 154 000 (345 000)	2 500 000
1998	187	110	3 191 400	3 500 000
1999	194	116	3 299 200	3 600 000
2000	209	138	3 182 950	3 600 000
2001	268	227	3 571 500	3 600 000
2002	253	202	3 464 000	3 600 000

* Tala i parentes viser tildeling til tiltak knytte til satsinga på foreldrerettleing og fedregrupper i 1996/1997.

** Det har vore vanleg praksis at 5 % av løyvinga vert reservert til klageomgangen.

Tabell 1 viser talet på søknader om tilskott til lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid, talet på tilslag, kor mykje som er tildelt og kor stor løyvinga har vore på statsbudsjettet i perioden 1994-2002. Av tabellen går det fram at det har vore stor auke i talet på søknader, men at løyvinga til tilskottsordninga ikkje har hatt auke som samsvarar med auken i talet på søknader. Elles ser vi at talet på tilslag (kolonne 3) aukar relativt mykje frå 2000 til 2001 utan auke i løyvinga (sjå også tabell 2). Dette kan ha samanheng med at BUFA då tok over

saksbehandlinga av søknader om støtte til lokale samlivstiltak, og at dei la seg på ein noko annleis fordelingsprofil enn det som hadde vore tidlegare. Vi skal sjå nærare på fordelingsprofilen for lokale samlivstiltak (pkt 3.1.) og for utviklingsarbeid (pkt 3.2.).

3.1 Fordelingsprofil 1994-2002 – lokale samlivstiltak

Nedanfor vert det presentert ein tabell som viser utviklinga i talet på søknader, tilsegn, avslag, søknadssum, tildeling og løyving på statsbudsjettet til lokale samlivstiltak for perioden 1994-2002.

Tabell 2 Fordelingsprofil lokale samlivstiltak i perioden 1994-2002

År	Antal søknader *	Antal tilsegn	Antal avslag	Søknadssum i kroner	Tildeling i kroner	Løyving i budsjettet
1994**	Sjå tab 1	-	-	-	-	-
1995	90	73	17	2 284 000	1 043 100	2 400 000
1996***	79 (152)	71 (115)	8 (37)	3 392 000 (10 708 500)	1 804 000 (3 376 000)	Manglar tal
1997***	83 (143)	52 (66)	31 (77)	5 600 300 (9 809 000)	1 093 000 (1 438 000)	1 500 000
1998	151	89	62	8 808 000	2 241 285	2 200 000
1999	163	101	62	7 700 000	2 234 000	2 200 000
2000	183	119	64	7 053 000	1 962 000	1 960 000
2001****	238	203	35	10 080 000	2 470 000	2 600 000
2002	222	184	38	8 985 000	2 509 000	2 600 000

* Nokre søkjarar søker om mange prosjekt. Alle prosjekt er med i tala.

** I 1994 skilde ein ikkje mellom lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid.

*** I 1996 og 1997 vart det oppmoda spesielt om å arbeide med foreldrerettleiing og fedregrupper. Tala i parentes inkluderer søknadene som gjeld lokale samlivstiltak, fedregrupper og foreldrerettleiing.

**** Av 243 søknader vart fem formidla vidare frå BUFA til BFD fordi dei vart vurderte som utviklingsarbeid.

Tabell 2 viser at i 1994, som var det første året, var det ikkje skilt mellom lokale tiltak og utviklingsarbeid. Dette året kom det inn 112 søknader om lokale kursmidlar, og 61 av tiltaka fekk støtte. Løyvinga var på 1,5 millionar kroner og søknadssummen på om lag 5,1 millionar kroner. 1995 vart løyvinga auka til 2,4 millionar kroner og samla søknadssum var på om lag 6,5 millionar kroner. Desse var fordelt på 90 søknader om støtte til lokale samlivstiltak og 13 søknader om støtte til utviklingsarbeid. 73 lokale tiltak fekk støtte og 11

søknader om utviklingsarbeid vart innvilga i 1995. I 1996 og 1997 var det oppmoda spesielt om satsing på fedregrupper og foreldrerettleiing. Dersom ein tek med søknader om foreldrerettleiingsprosjekt og fedregrupper, har talet på søknader i perioden 1996-1999 ligge på mellom 150 og 160, og på det jamne har godt over halvparten av desse fått støtte. Når det gjeld avslag på søknader om lokale samlivstiltak, viser tabell 2 at avslaga dei siste to, tre åra blir færre, både absolutt og i forhold til talet på søknader. Det vil seie at det er fleire søkjarar som får midlar. Men dei alle fleste får mykje mindre enn dei søker om. Elles ser vi av tabellen at tildelingane til lokale samlivstiltak har auka relativt systematisk frå 1995 (kroner 1 043 000) til 2002 (kroner 2 509 000), med unntak av 1997 og 2000 som viser nedgang i tildelingane samanlikna med føregåande år.

3.1.1 Geografisk fordeling på fylke – lokale samlivstiltak

Tabell 3 viser søknader frå ulike fylke i prosent av alle søknader om støtte til lokale samlivstiltak i perioden 1994-2002. Alle fylka i landet er registrerte med søknader, og dette gjeld stort sett alle åra i den aktuelle perioden. Avslaga fordeler seg relativt likt mellom fylka.

Tabell 3 Søknader om støtte til lokale samlivstiltak i perioden 1994-2002 fordelt på fylke

Fylke/år	1994	1995	1996**	1997**	1998	1999	2000	2001	2002
Oslo *	11 %	16 %	6 %	6 %	9 %	9 %	14 %	11 %	8 %
Akershus	9 %	6 %	3 %	9 %	6 %	8 %	8 %	8 %	11 %
Buskerud	4 %	2 %	2 %	5 %	4 %	1 %	2 %	3 %	4 %
Aust Agder	2 %	3 %	1 %	4 %	3 %	5 %	5 %	2 %	7 %
Vest Agder	4 %	11 %	2 %	5 %	3 %	6 %	7 %	6 %	5 %
Vestfold	3 %	8 %	2 %	4 %	3 %	4 %	6 %	3 %	7 %
Østfold	3 %	7 %	2 %	7 %	5 %	3 %	3 %	5 %	5 %
Telemark	9 %	2 %	1 %	3 %	2 %	1 %	1 %	3 %	5 %
Hedmark	2 %	1 %	2 %	4 %	3 %	2 %	2 %	2 %	2 %
Oppland	2 %	3 %	1 %	1 %	1 %	1 %	3 %	4 %	3 %
Rogaland	8 %	16 %	3 %	6 %	7 %	11 %	9 %	9 %	6 %
Hordaland	8 %	8 %	3 %	8 %	8 %	7 %	8 %	8 %	9 %
Sogn og Fjordane	4 %	4 %	1 %	2 %	2 %	1 %		1 %	2 %
Møre og Romsdal	4 %	2 %	1 %	5 %	5 %	6 %	2 %	1 %	1 %
Sør-Trøndelag		7 %	1 %	3 %	3 %	4 %	2 %	4 %	1 %
Nord-Trøndelag	3 %	2 %	1 %	4 %	3 %	4 %	4 %	6 %	7 %
Nordland	4 %	2 %	1 %	3 %	2 %	3 %	8 %	8 %	6 %
Troms	1 %	0 %	1 %	3 %	3 %	1 %	2 %	5 %	2 %
Finmark	2 %	2 %	1 %	1 %	5 %	2 %	1 %	2 %	3 %
Landsdekkende organisasjonar	10 %	9 %	13 %	17 %	15 %	20 %	11 %	11 %	5 %
	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
N=	112	90	152	143	151	163	183	238	222

* I somme tilfelle har det vore vanskeleg å skilje mellom søkjarar som dekkjer heile landet og søkjarar som representerer Oslo fordi mange av dei landsdekkande organisasjonane har kontor i Oslo.

** Fedregrupper og foreldrerettlegg er med her.

Samla sett er det registrert fleire søknader frå alle fylka i åra 2000 – 2002 enn tidlegare, og tendensen er at desse stadig aukar. Når det gjeld tildeling av midlar til lokale samlivstiltak, er det lagt vekt på geografisk fordeling av midlane ut ifrå tal på søknader, og midlane er spreidde utover etter det ein kan kalle *eit ostephøvelprinsipp*. Det er ikkje skeivdeling mellom fylka når det gjeld avslag, såleis er det samsvar mellom tildelt støtte til lokale samlivstiltak og søknader frå fylka, slik tabellen viser.

Dersom ein ser heile perioden samla, er det Finnmark, Troms, Sogn og Fjordane, Hedmark og Oppland som har færrest søknader. Den låge søknadsmengda frå desse fylka er gjennomgåande, med berre 32 søknader for heile perioden. Det kan vere fleire årsaker til dette, mellom anna at dette er fylke med relativt lågt innbyggartal (om lag 200 000) og med få store byar.

Oslo, Akershus, Rogaland og Hordaland skil seg klart ut med forholdsvis mange søknader, som også har auka år for år. Samla er det over 100 søknader som kjem frå desse fylka. Dei same fylka har innbyggartal mellom 400 000 og 500 000, i tillegg ligg det store byar i fylka.

I den grad ein kan sjå tendensar når det gjeld utvikling knytt til fylka, er det at Nordland og Nord-Trøndelag sin andel av søknadene ser ut til å ha auka i perioden 1999-2002.

3.1.2 Type lokale samlivstiltak

Kurs som går generelt på samliv og kommunikasjon dominerer søknadsmassen i heile perioden. Frå 1998 til 2002 har det vore ein jamn og sterk auke i PREP-kurs, som dominerer no. Medan det i 1998 berre var ein søknad knytt til PREP-kurs, var talet i 2002 oppe i 55. Kurs for *par med funksjonshemma barn*, og *for par der ein eller begge har funksjonshemming eller sjukdom*, utgjer ein stor og aukande del av søknadene.

Andre samlivsprogram, som *Du og jeg og vi to*, *To på samme kurs*, *Her er vi* og *Sammen i kjærighet*, utgjer ikkje nokon tyngde i søknadsmassen.

Kurs for *stefamiliar* er forholdsvis få, men kan likevel synest svært relevante i ei tid med fleire skilsmisser og barn som lever med slike familieløysingar. Det same gjeld for par med *ulik eller anna kulturell bakgrunn*.

Det er også verdt å merke seg at for 1996 er støtte til *foreldrerettleiing og fedregrupper* presisert i utlysningsteksten, og for 1997 er støtte *til fedregrupper* med. Auken i søknader til slike tiltak er tydelig disse åra, noko som syner at utlysningsteksten er sterkt styrande for kva type tiltak det vert søkt midlar til.

3.1.3 Organisasjonar som søker midlar til lokale samlivstiltak

Kyrkjelydar, humanitære og kristelege organisasjonar, organisasjonar innan helse- og sosialsektoren, kommunar, familievernkontor og liknande institusjonar søker om midlar til samlivstiltak. Tabellane 4 og 5 nedanfor viser fordelinga mellom ulike organisasjonar som har søkt om midlar frå tilskottsordninga i perioden 1994-2001. Tabell 4 viser fordelinga tufta på antal søknader, medan tabell 5 viser fordelinga tufta på prosent av samla søknadssum og tildeling.

Tabell 4 Type organisasjonar som har søkt midlar til lokale samlivstiltak i perioden 1994-2001. Antal søknader og antal tilslag.

	1994	1995	1996*	1997*	1998	1999	2000	2001
Den norske kyrkja, org. innanfor kyrkja **	68/46	62/54	54/51	28/22	41/32	47/35	44/35	70/68
Frikyrkjelege organisasjonar	-	-	-	23/11	33/20	26/21	30/23	28/26
Humanitære og helserelevante org.	34/19	24/18	51/41	42/12	32/19	40/17	48/25	45/39
Kommunar/fylke	-	-	34/23	32/16	21/8	41/19	35/16	49/31
Familievernkontor	-	-	-	5/3	10/8	9/0	26/20	30/27
Andre	10/0	4/1	13/0	13/2	14/2	-	-	16/11
Sum	112/65	90/73	152/115	143/66	151/89	163/92	183/119	238/202

*Inkluderer fedregrupper og foreldrerettleiing

** Første åra vart det ikkje skilt mellom den norske kyrkja og andre kyrkjelege organisasjonar.

Vi skal sjå litt nærare på fordelinga og utviklinga når det gjeld ulike typar organisasjonar.

Kyrkja, organisasjonar, frikyrkjelege organisasjonar

Dersom vi tek utgangspunkt i talet på søknader, utgjer søknader frå organisasjonar og institusjonar innanfor Den norske kyrkja eller andre

kyrkjesamfunn i 1994 og 1995 mellom 60-70% av søknadsmassen. I 1996 og 1997 utgjer dei også mellom 60 og 70 % av søknadsmassen, dersom ein ikkje reknar søknadene om støtte til fedregrupper og foreldrerettleiinga, som i stor grad kom frå kommunar og humanitære og helserealterte organisasjonar. Frå 1998 utgjer andelen søknader frå kyrkja og kyrkjeleg organisasjonar ca 50 %, og i perioden 1999 og 2001 vel 40 %. Årsaka til denne utviklinga er ikkje at talet på søknader frå desse organisasjonane er blitt færre, men at søknader frå andre typar organisasjonar har auka. Søknader frå Den norske kyrkja har relativt sett fått få avslag samanlikna med søknader frå andre organisasjonar.

Helserelaterte og humanitære organisasjonar

Søknader frå helsereelaterte organisasjonar og humanitære organisasjonar utgjer i heile perioden mellom 20% og 30% av søknadsmengda. Dei siste åra har det også kome fleire søknader frå organisasjonar som har fokus på eitt spesielt helseproblem. Det er Norges Astma og allergiforbund, Norsk Revmatikerforbund, Autismeforening, Forening for hjertesyke barn, Norges Fibromyalgiforening, Norges Diabetesforbund osv.

Det er noko lågare avslagsprosent på søknader frå denne typen organisasjonar dei siste par åra. Årsakene til dette kan vere fleire; Det kan mellom anna vere at det generelt i større grad vert fokusert på at desse familiane og para står overfor spesielle problem. Difor har det også dei seinare åra vorte utvikla samlivsprogram som er spesielt retta mot familiar der barn eller foreldre har sjukdom eller funksjonshemming.⁸

⁸ Eit døme på dette er kursprogrammet til Modum Bad Samlivssenteret, "Hva med oss?", som har eiga løyving uavhengig av tilskottsordninga til samlivstiltak.

Kommunar og fylkeskommunar

Dei første åra etter at tilskottsordninga vart etablert utgjer offentlege instansar, kommunar og fylkeskommunar ein liten del av søknadsmassen. I 1996 og 1997, då det var satsa spesielt på tilskott til fedregrupper, var det ein del kommunar som søkte om midlar til slike grupper. Men når vi held satsinga på fedregrupper og foreldreretteleing utanfor, ligg talet på søknader frå kommunar og fylkeskommunar i 1996 og 1997 på mellom 5 % og 9 %. Frå og med 1998 aukar talet på søknader frå kommunar, fylkeskommunar og andre offentlege instansar, og har i perioden 1998 til 2002 ligge på mellom 13 og 25 % av samla tal på søknader. Det er særleg søknader frå kommunar som aukar. Tabell 4 viser også at det er relativt mange avslag på desse søknadene. Mellom 1998 og 2000 får mellom 54 % og 62 % av søknadene avslag, men i 2001 er avslagsprosenten nede i 37 %. Det kan tyde på ei endring i tildelingspraksis etter at BUFA tok over saksbehandlinga.

Familievernkontor

Før 1997 er det få søknader frå familievernkontor. Etter dette aukar talet på søknader frå desse, både i absolutte tal og relativt sett. Siste åra utgjer antalet søknader frå denne kategorien mellom 6 og 14 % av totalt antal søknader, og det er relativt få avslag på desse søknadene.

Andre, enkeltpersonar og ektepar

I kategorien andre finn vi til dømes privatpersonar, ektepar og andre private aktørar. I 1994 er det stort sett privatpersonar og ektepar som utgjer denne kategorien. Søknader frå enkeltpersonar og private føretak vert færre etter kvart, mellom anna fordi det kjem fram i utlysing og ved tildeling at det ikkje vert gitt midlar til slike aktørar.

Søknadssum og tildelingar

Tabell 5, som følgjer nedanfor, tek utgangspunkt i samla søknadssum frå ulike typar organisasjonar og tildeling til dei same organisasjonane.

Tabell 5 Type organisasjonar og institusjonar som har søkt midlar til lokale samlivstiltak i perioden 1994-2001. Prosent av samla søknadssum og prosent av samla tildeling.

	1994	1995	1996*	1997*	1998	1999	2000	2001
Kyrkja, org. i kyrkja **	46 /77	50/64	26/43	22/39	11/19	17/21	10/19	15/24
Frikyrkjelege organisasjonar					14/21	15/24	19/25	9/10
Humanitære og helserelevante org.	17 /18	46/34	40/43	45/30	46/38	33/33	35/23	30/32
Kommunar/ fylkeskommunar			33 /14	15 /20	15/13	28/11	21/15	31/19
Familievernkontor				8/9	3/6	7/11	15/18	9/11
Andre	37/5	4/2	9/0	10/2	11/2			6/4
Sum	100	100	100	100	100	100	100	100

*Inkluderer fedregrepper og foreldrerettleiing

** Første åra vart det ikkje skilt mellom den norske kyrkja og andre kyrkjelege organisasjonar.

I kvar celle i tabellen er det to tal, til dømes slik: 46/77. Det første talet viser kor stor andel av samla søknadssum søknader frå desse organisasjonane utgjer det aktuelle året. Det andre talet viser andelen av samla tildeling frå tilskottsordninga til dei same organisasjonane.

Døme: I 1994 var samla søknadssum om lag 5 150 000 kroner. Søknader frå kyrkjelydar og kristne organisasjonar utgjorde om lag 2 370 000 kroner, altså 46 % av samla søknadssum. I 1994 var samla tildeling på om lag 1 349 000 kroner, av dette gjekk 1 040 000 til kyrkjelydar og kristne organisasjonar, altså 77 %.

Ser vi på søknadssum i forhold til løyving, viser tabell 5 at kyrkjelege og frikyrkjelege organisasjonar og institusjonar har relativt god utteljing samanlikna med andre organisasjonar. I heile perioden er andelen av løyvinga til desse aktørar mykje høgare enn andelen dei har av den totale søknadssummen. Til humanitære og helserelevante organisasjonar er andelen av

den samla tildelinga gjennomgåande mindre enn andelen av samla søknadssum (jf tabell 5).


Av tabell 5 ser vi at søknadssummen frå kommunar og fylkeskommunar utgjer ein stor del av samla søknadssum, 28 % i 1999, 21 % i 2000 og 31 % i 2001.

Men det er relativt mange avslag på desse søknadene, og tildelinga til kommunar og fylkeskommunar utgjer same åra 11 %, 15 % og 19 % av samla tildeling. Det kan jamførast med grunngjeving for avslag (jf 3.1.4.), nemleg at det tiltaket som er søkt støtta, vert vurdert som eit kommunalt ansvar.

Tabell 5 viser at det ikkje er stort sprik mellom andel av samla søknadssum og andel av samla tildeling når det gjeld familievernkontor. I den grad ein kan sjå ein tendens, er det at familievernkontora sin andel av total løyving er litt større enn andelen søknadene utgjer av samla søknadssum. Som det går fram av tabell 5 går ein svært liten del av samla løyving til kategorien ”andre.”

Samanfatning – utviklinga når det gjeld type organisasjonar som søker lokale midlar

Utviklinga når det gjeld kva type organisasjonar som har søkt og fått støtte, kan summerast i figuren under.



Figur 1 Utvikling i søkjarkategoriar

Dei første åra var det kristne organisasjonar og kyrkjelydar som søkte og fekk støtte. Dei seinare åra har fleire typar organisasjonar og institusjonar kome på banen. Alle kategoriane er framleis representerte, og fordeling av tilskott er jamnare fordelt mellom ulike kategoriar søkjarar no enn dei første åra (jf tabell 5).

Det er ikkje noko markert skilje mellom offentlege og frivillige organisasjonar og institusjonar når det gjeld søknader om støtte til lokale samlivskurs. Dei to gruppene er stort sett likt representerte i søknadsmengda. Men dei siste åra er det ein tendens til auke i søknader frå offentlege institusjonar og organisasjonar.

3.1.4 Grunngeving for avslag på søknader om støtte til lokale samlivstiltak

Kvart år er det mange søknader som får avslag. Men dei siste åra har det vore relativt færre avslag enn tidlegare, sjølv om talet på søknader aukar. Det er altså fleire organisasjonar og institusjonar som får støtte til lokale samlivstiltak no enn tidlegare. Kriterium for støtte er til dømes:

- Tema må vere relevant for førebyggjande samlivsarbeid
- Søknaden må innehalde fornuftig budsjett og plan
- Tiltaket må vere gjennomførleg
- Tiltaket må halde fagleg godt nivå
- Oppnå breidde i tilbodet om samlivstiltak, ulike typar samlivskurs t.d
- Legge til rette for å nå ulike målgrupper
- Geografisk spreining

Grunngevinga for avslaga varierer, men dei vanlegaste årsakene til avslaga er at:

- Tiltaket er for dårleg planlagt eller at det ikkje vert lagt fram planar, budsjett eller tidsplan
- Tiltaket ligg utanfor eller er perifert i forhold til føremålet med tilskottsordninga.
- Tiltaket er eit kommunalt ansvar
- Det vert ikkje gjeve støtte til privatpersonar som søker
- Tiltaket er for dyrt
- Det vert ikkje gjeve støtte til kompetanseheving av kursleiarar eller intern opplæring

Søklarane har høve til å klage på avslag eller på delvis avslag. Delvis avslag vil seie at dei har fått mindre enn dei har søkt om.

3.2 Fordelingsprofil 1994-2002 – utviklingsarbeid

Fordelingsprofilen når det gjeld utviklingsdelen av tilskottsordninga er tema i denne delen. I 1994 vart det ikkje skilt mellom lokale tiltak og utviklingsarbeid. I 1995 og 1996 vart det kalla utviklingsprosjekt, deretter utviklingstiltak, så utviklingsarbeid og frå 2003 igjen utviklingstiltak.⁹ I tabellen nedanfor er ei oversikt over talet på søknader, tilsegn og avslag, I tillegg inneheld han kolonnar for samla søknadssum og samla tildeling i perioden 1994-2002.

Tabell 6 Fordelingsprofil utviklingsarbeid i perioden 1994-2002

År	Antal søknader*	Antal tilsegn	Antal avslag	Søknadssum i kroner	Tildeling i kroner	Løyving på budsjettet
1994	jf tab 1/ 2	-	-	-	-	-
1995	14	11	3	4 306 000	1 465 000	1 100 000
1996	13	11	2	2 612 000	1 372 100	Manglar tal
1997	13	10	3	2 742 500	1 061 000	1 000 000
1998	36	21	15	3 922 600	950 200	950 000
1999	31	15	16	5 112 700	1 075 000	1 000 000
2000	26	19	7	5 368 600	1 220 000	1 200 000
2001	30	24	6	4 786 400	1 101 500	1 100 000
2002	31	18	13	7 077 000	955 000	1 000 000

* Nokre søkjarar søkjer om fleire prosjekt. Alle prosjekta er med i tala.

Frå 1995-1997 har talet på søknader vore 13-14, og det var få avslag på søknader om støtte til utviklingsarbeid desse åra. I perioden 1998 til 2002 har talet på søknader om støtte til utviklingsarbeid ligge på mellom 26 og 31. I denne perioden varier avslagsprosenten meir enn dei første åra, frå 20 til 52 % av søknadene har fått avslag mellom 1998 og 2002.

Talet på søknader om støtte til utviklingsarbeid auka relativt mykje frå 1997 til 1998 og framover. Dette kan ha samanheng med at ordninga var kome i gjenge

⁹ Vi brukar nemninga utviklingsarbeid.

og søkjarane var meir kjende med at ein kunne søke både om midlar til lokale samlivstiltak og til utviklingsarbeid. Tabell 6 viser at søknadssummen når det gjeld utviklingsarbeid auka monaleg frå 2001 til 2002, men utan at talet på søknader auka vesentleg. Det vil seie at det vart søkt om fleire store prosjekt.

Når det gjeld tildelingane til utviklingsarbeid har den variert mellom 950 000 kroner i 1998 og vel 1,4 millionar kroner i 1995. Det har altså ikkje vore auke i tildelingane til utviklingsarbeid frå tidleg i perioden (1995) til 2002. Medan situasjonen for tildelingane til lokale samlivstiltak er at tildelingane har auka relativt systematisk frå 1995 til 2002 (jf tabell 2).

Dei organisasjonane og institusjonane som går att som søkjarar er Nasjonalforeningen for Folkehelsen, Modum Bad Samlivssenteret og Navigatørene. Fram til og med 1998 var også Institutt for Kristen Oppseding ein aktiv søkjar. Elles varierer det frå år til år kven andre som søker. Familievernkontor og bispedømme i ulike delar av landet har søkt ganske jamt. I 2002 er det også ein del kommunar som søker støtte til utviklingsarbeid.

Geografi er ikkje ein like aktuell fordelingsvariabel for utviklingsarbeid som for lokale samlivstiltak. Ideen med tilskott til utviklingsarbeid er at desse skal nyttast til å utvikle opplegg og materiell og rekruttere og skolere kurshaldarar som kan nyttast over heile landet. Denne ideen kan for så vidt takast vare på ved at store nasjonale organisasjonar driv utviklingsarbeid.

Fordelingsprofilen er noko annleis når det gjeld utviklingsarbeid enn for lokale samlivstiltak. Her vert det i større grad gitt store summar til nokre få organisasjonar og institusjonar. Tanken er at desse skal utvikle kompetanse og materiell som kan nyttast i dei lokale kursa. Når det gjeld dei lokale kursa vert det, som nemnt, gjeve litt til mange.

Barne- og familiedepartementet (BFD) ser på støtte til utviklingsarbeid som ein måte dei kan påverke retninga på samlivsarbeidet og sikre ein viss kvalitet. Dei har satsa på store og seriøse aktørar. Sjølv om arbeidet med fordeling av midlar til lokale tiltak frå og med 2001 er lagt til Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA), forvaltar BFD midlane til utviklingsarbeid, nettopp for å kunne ta vare på ansvaret dei har for den faglege utviklinga på området. BUFA på si side ser det som ønskjeleg at dei også får ansvar for søknader om støtte til utviklingsarbeid, slik at dei i større grad kan gjere vurderingar som tek omsyn både til søknader om lokale tiltak og utviklingsarbeid, og dermed kunne sjå heile tilskottsordninga i samanheng.¹⁰

3.3 Oppsummering og vurdering

Dei første åra var det søknader frå kristne organisasjonar og kyrkjelydar som dominerte blant søknadene om tilskott til lokale samlivstiltak, så kom helse relaterte og humanitære organisasjonar på banen, og seinare familievernkontor, kommunar og fylkeskommunar.

Frå 1998 vert det satsa mykje på eit spesielt kursopplegg; PREP-kurs (The Prevention and Relationship Enhancement Program). Kurset vart utvikla i USA på 1980-talet. I Noreg har kurset vore i bruk sidan slutten på 1990-talet, særleg frå 1999. Tildelingane frå tilskottsordninga viser også at bruken av PREP-kursa skyt fart då. BFD/BUFA har bevisst støtta utdanning for PREP-kurs leiarar, og utvikling av kursopplegget elles. Dette ser ut til å ha lagt føringar på bruken av kurset lokalt.

Fordelinga av midlane til lokale samlivstiltak er tufta på retningslinene og skjønn. Søknadene vert handsama på lik line med generelle kriterium for søknadsbehandling. Somme saknar tydelegare kriterium for tildeling av midlar,

¹⁰ Dette kjem fram i intervju med tilsette i BFD og BUFA i oktober 2002.

medan andre meiner det er mest føremålstenleg at tildelingskriteria er fleksible. Departementet har stort sett hatt ei rolle som respondent på innkomne søknader. Men BFD og BUFA legg føringar på utforming av tilskottsordninga gjennom revidering av retningsliner og utlysingstekst. Strategien når det gjeld tildeling til lokale samlivstiltak er elles at mange organisasjonar skal få litt.

Departementet ønskte at tilskottsordninga skulle stimulere til lokalt samarbeid. Gjennomgangen av søknader viser at det er svært få døme på at aktørar går saman om å søke midlar til lokale samlivstiltak, eller at dei som har fått midlar prøver å samordne opplegg med andre i regionen. Kvifor det er slik kan vanskeleg tolkast på bakgrunn av gjennomgangen av søknadene. Men det kan vere at organisasjonar og institusjonar ønskjer å ha sine egne opplegg. Såleis har målet om lokalt samarbeid i liten grad blitt ein realitet i den grad departementet håpte, eller som det burde vore grunnlag for. Dette kunne styrka rekrutteringa og medverka til auka fagleg og økonomisk samarbeid. Gjennom å etablere lokale nettverk kunne ein også oppnå bieffektar på andre område.

Dersom det skal gjerast noko med fordelingsprofilen for å betre kursa, flytte fokus eller anna, må BFD og BUFA i større grad etablere ei utviklingsrolle. No svarar dei på søknader som kjem inn, og har ikkje tid og ressursar til å gå inn i spørsmål som rettar seg mot å motivere eller mobilisere spesielle fylke, typar organisasjonar eller institusjonar. Målet om breidde i kursa og geografisk spreing vert langt på veg nådd ved at BFD og BUFA behandlar søknadene med utgangspunkt i retningslinene for tilskott til samlivstiltak (BFD Rundskriv Q-7/03). Det at BFD og BUFA ikkje spelar ei meir proaktiv rolle, har sjølv sagt også med kapasitet å gjere, mellom anna at løyvinga til føremålet er relativt lita. Det krev både tid og pengar å rettleie og å vere i dialog med søkjarane og dei som får støtte.

Det kan vere eit spørsmål om det bør fokuserast annleis når det gjeld fordelingsprofil. Skal denne i større grad styrast i ei eller anna retning når det gjeld geografisk fordeling, type kurs eller type organisasjonar? Det kan gjerast ved at tilskotta vert skeivdelte til dømes ved at organisasjonar og institusjonar i fylka og byane som har høgste skilsmissefrekvensen får større tilskott. Tilskotta kan også skeivdelast ved at midlane går til færre organisasjonar og institusjonar. Dette er eit spørsmål som departementet og BUFA kan ta stilling til. Men tilskottsordninga har eit førebyggjande siktemål, og då kan det argumenterast for at strategien som er valt er mest føremålstenleg.

Når det gjeld lokale samlivstiltak, der det er mange søknader, er det kanskje enklare å fordele midlane ut over, enn å gjere vurderingar og drive politikk i forhold til kven som skal få og kvifor, og kven som ikkje skal få. Men dette er også ei vurdering i forhold til kva rolle BUFA og BFD skal spele. Kanskje er det betre at nokre får meir og får gjennomført kursa som planlagt, i og med at dei fleste søkjarane får monaleg lågare sum enn det er budsjettert med og søkt om. På den andre sida kan det tenkjast at kursa ikkje kan gjennomførast slik det går fram av planane som ligg ved søknadene. Det er også eit spørsmål om søknadsfristen bør leggjast til året før tiltaka skal gjennomførast, fordi det har vist seg i nokre tilfelle at søknadsbehandlinga har teke så lang tid at kursa av ulike årsaker ikkje kan gjennomførast etter planen.

Kapittel 4 Utviklingsarbeid og utviklingsaktørar

4.1 Innleiing

Om lag $\frac{1}{4}$ av midlane i tilkottsordninga går til utviklingsarbeid. Som nemnt i kapittel 1 er målet med utviklingsarbeid å styrke den faglege kvaliteten på dei lokale samlivstiltaka. Tiltaka kan dreie seg om ulike sider av samlivsarbeidet, som til dømes skoloring av kurshaldarar, utvikling av program og materiell for samlivskurs, organisering og samarbeid lokalt. Satsinga på utviklingsarbeid skal gi ny kunnskap og erfaring innan samlivsfeltet, og medverke til at samlivstiltak kan verte ein integrert og etablert del av det lokale førebyggjande familiarbeidet.

Å gje støtte til utviklingsarbeid er viktig for å utvikle kompetanse og program knytt til førebyggjande samlivsarbeid. BFD har først og fremst satsa på å gje midlar til nokre store aktørar som får midlar ved dei fleste søknadsrundane. Men BFD gir også midlar til nokre andre organisasjonar og institusjonar.

4.2 Utviklingsaktørane

I løpet av perioden 1994-2002 er det mange som har søkt om slike midlar.

Tabellen nedanfor tek utgangspunkt i dei aktørane som vi har intervjuet, som er Modum Bad Samlivssenteret, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Navigatørene og Tverrkulturelt senter. Dei tre førstnemnde har etter kvart etablert seg som nokre av dei største utviklingsaktørane på samlivsfeltet. Navigatørene og Nasjonalforeningen for folkehelsen har fått tilskott kvart år sidan ordninga vart etablert i 1994. Modum Bad Samlivssenteret søkte første gongen i 1996, men har etter kvart vorte den største aktøren. Tverrkulturelt senter er med i evalueringa fordi dei driv arbeid i forhold til ei viktig målgruppe, og som eit døme på at også andre aktørar enn dei store driv slikt arbeid.

Tabell 7 Tilskott til utviklingsarbeid i perioden 1994-2002 for ulike aktører. I kroner.

	Modum Bad Samlivs-senteret	Navigatør-ene	Nasjonal-foreningen for folkehelsen	Tverr-kulturelt senter	Andre aktører	Utviklings-arbeid totalt
1994*	-	150 000	25 000	-	-	(175 000)
1995	Ikkje søkt	200 000	300 000	Ikkje søkt	965 000	1 465 000
1996	117 100	200 000	250 000	Ikkje søkt	805 000	1 372 100
1997	150 000	130 000	100 000	65 000	616 000	1 061 000
1998	466 000	80 000	104 000	60 000	240 200	950 200
1999	450 000	115 000	300 000	Søkt/ avslag	210 000	1 075 000
2000	650 000	100 000	300 000	50 000	120 000	1 220 000
2001	656 500	108 000	55 000	Ikkje søkt	282 000	1 101 500
2002	574 000	75 000	100 000	Ikkje søkt	206 000	955 000
Sum	3 063 600	1 158 000	1 534 000	175 000	3 444 200	9 374 800

* I 1994 vart det ikkje skilt mellom utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak

Modum Bad Samlivsenteret, Navigatørene og Nasjonalforeningen for Folkehelsen mottok i 1996 om lag 41 % av samla tilskott til utviklingsarbeid, i 1999 om lag 80 % og i 2002 ca 78 % av samla tilskott. I 1999 var løyvinga til Modum om lag 42 % av samla løyving til utviklingsarbeid og i 2002 om lag 60 %. Av dei tre store aktørane er det Nasjonalforeningen som har ”svekka” sin posisjon i størst grad. Tabellen viser også at ”andre aktører” (jf kolonne 6) får mindre og mindre del av den samla løyvinga til utviklingsarbeid. Tabell 8 nedanfor viser kva organisasjonar og institusjonar som utgjør kategorien ”andre”.

Tabell 8 Tilskott til ”andre aktører” (jf kolonne 6 i tabell 7). I kroner

	Bispedøme	Institutt for kristen oppseding	Mental barnehjelp	Familie-vern	Voksne for barn	Andre	Sum
1994	*	*	*	*	*	*	*
1995	255 000	275 000	300 000	Ikkje søkt	Ikkje søkt	135 000	965 000
1996	155 000	250 000	Ikkje søkt	275 000	Ikkje søkt	125 000	805 000
1997	145 000	140 000	Ikkje søkt	231 000	Ikkje søkt	100 000	616 000
1998	Ikkje søkt	74 200	Ikkje søkt	166 000	Ikkje søkt	-	240 200
1999	Ikkje søkt	Ikkje søkt	Ikkje søkt	160 000	Søknad	50 000	210 000
2000	Ikkje søkt	Ikkje søkt	Ikkje søkt	50 000	50 000	20 000	120 000
2001	Ikkje søkt	Ikkje søkt	Ikkje søkt	32 000	250 000	-	282 000
2002	Ein søknad	Ikkje søkt	Ikkje søkt	116 000	Ikkje søkt	90 000	206 000
Sum	555 000 **	739 200	300 000	1 030 000	300 000	520 000	3 444 200

* I 1994 vart det ikkje skilt mellom utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak

** Av dette utgjør tilskott til Stavanger bispedøme kroner 455 000.

I kolonnane 2-6 er det teke med aktørar som har fått midlar over fleire år, eller som eitt tildelingsår har fått meir enn kroner 200 000. Familievernkontora i Molde, Alta, Haugesund og Bjørgvin har alle fått tilskott fleire år, men er samla i kolonne 5 saman med andre familievernkontor. Dei andre aktørane er samla i kolonnen "andre", det er til dømes, Ungdom i Oppdrag, Tamilsk ressurs og kompetansesenter, Humanetisk Forbund, Indremisjonsselskapet Oslo, Sandnes Sunn-By "Symfoniprogrammet" og Ekteskapsdialog (Oslo).

Utviklingsaktørane som er tekne med i tabell 7 er, med unntak av Tverrkulturelt senter, dei som samla sett har fått mest midlar frå tilskottsordninga. Og det er frå desse organisasjonane vi har henta våre informantar. Difor vil vi omtale desse nærare.

Modum Bad Samlivssenteret er ei førebyggjande eining ved Modum Bad. Oppgåva til Samlivssenteret er å arbeide for gode relasjonar i samliv og familieliv. Gjennom forskning, utviklingsarbeid og formidling er målet å vere eit nasjonalt kompetansesenter på førebyggjande arbeid innanfor områda familie og samliv. Modum Bad Samlivssenteret har omfattande kompetanse på samlivsfeltet, og det er ofte fagfolk frå Samlivssenteret som uttalar seg om samlivsspørsmål i media. Og ofte er det hit folk vender seg dersom dei vil på samlivskurs. Samlivssenteret har over fleire år fått relativt mykje av potten som BFD har til utviklingsarbeid. I 2002 søkte dei om midlar til åtte prosjekt, med ein samla søknadssum på kroner 1 724 000,- , og fekk ei løyving på kroner 574 000,-. Den samla løyvinga dette året var på kroner 955 000, dermed fekk Samlivssenteret 60 % av den samla løyvinga. I 2001 fekk senteret vel 650 000 kroner av ei samla løyving til utviklingsarbeid på 1,1 millionar kroner, det vil også seie om lag 60 % av den samla løyvinga. Såleis er det tydeleg at departementet meiner det er viktig å ha eit fagmiljø som har særleg kompetanse

på samlivsfeltet, og gjennom tilskottsordninga har departementet i stor grad medverka til at Samlivssenteret har den sterke posisjonen som det har i dag.

Dei to store kursa som Modum Bad Samlivssenteret tilbyr er PREP og ”Hva med oss?” PREP er eit samlivsprogram utvikla i USA, men samlivssenteret har tilrettelagt og utarbeidd den norske varianten.¹¹ Kurset legg til grunn eit ønske om å hjelpe par til å ha større glede av forholdet. Det vert gitt tilbod om helgekurs, dagskurs og oppfølgingskurs. Kurset vart laga for å gje par ein reiskap til å betre kommunikasjonen, og til å setje søkelyset på kva som kan styrke forholdet. PREP-kursa har ulike arrangørar, men innhaldet er det same. Alle som er leiarar på desse kursa har vore gjennom PREP-leiar kurs i regi av Samlivssenteret. I kapittel 3 om fordelingsprofilen såg vi at omfanget av PREP-kurs har auka monaleg frå 1999 til i dag. I perioden 1999-2003 har 1238 par vore på PREP-kurs i regi av Samlivssenteret, medan 1673 har vore på PREP-kurs som er haldne av eksterne kursleiarar, det vil seie utanfor Samlivssenteret sin regi. Altså er det registrert at til saman 2911 par har vore med på PREP-kurs. Arbeidet som Samlivssenteret har gjort, har såleis hatt mykje å seie for spreing rundt i landet, og for det lokale førebyggjande familiararbeidet.¹²

Samlivssenteret har hovudsakleg brukt tilskottsmidlane, som utgjer vel 3 millionar kroner frå 1996-2002, til utvikling av kursmateriell, til PREP-kurs for par og til utdanning av kursleiarar. Vel 700 personar har teke PREP-leiar utdanning i regi av Samlivssenteret. Av desse er det 140 som har sagt at dei vil stå på Samlivssenteret si liste over kursleiarar. Det er utdanna PREP-kursleiarar i alle fylka, men flest i fylka Akershus, Oslo og Buskerud. Det kan nemnast at

¹¹ Prevention and Relationship Enhancement Program.

¹² ”Hva med oss?” er eit prosjekt om samliv i familiar som har 12 barn med funksjonshemming. I dette prosjektet vert det mellom anna utvikla og prøvd ut kurs for par med barn med funksjonshemming. På same vis som for PREP-kursa, kan ulike organisasjonar arrangere slike kurs, men kursleirane må ha teke kursleiarutdanning i regi av Samlivssenteret. I åra 2002-2003 er det registrert at 387 par har vore på kurset ”Hva med oss?” Prosjektet har si eiga løyving uavhengig av denne tilskottsordninga.

Buskerud er heimfylket til Samlivssenteret. Færrest med PREP-leiarutdanning finn vi i Hedmark, Finnmark, Oppland og Troms, og det ser ut til at talet på PREP-kursleiarar i stor grad fordeler seg i samsvar med innbyggjartalet i dei ulike fylka, og at det samsvarar med den geografiske fordelinga ein finn når det gjeld lokale samlivstiltak (jf kp 3).

Nasjonalforeningen for folkehelsen er ein frivillig, humanitær organisasjon som arbeider for å betre folkehelsa gjennom forskning, opplysning og praktiske tiltak. Føremålet er å førebygge sjukdom og ulukker og fremje folkehelsa gjennom opplysnings-, omsorgs- og trivselstiltak.

Nasjonalforeningen for folkehelsen har arrangert samlivskurs sidan 1988. Kursa vert arrangerte over store delar av landet, og vert annonserte i pressa og på nettsidene til Nasjonalforeningen. Arbeidet som Nasjonalforeningen har gjort på samlivsområdet er evaluert av Halvorsen (1996) og Vagli & Jamt (1999).

Tabell 6 viser at Nasjonalforeningen fekk 300 000 kroner frå tilskottsordninga i 1999, noko som utgjer 28 % av tilskotta til utviklingsarbeid. I 2002 fekk dei kroner 100 000, som utgjer 10 % av samla løyving til utviklingsarbeid.

Nasjonalforeningen har altså svekka sin posisjon i forhold til andre aktørar.

Dette har samanheng med at departementet har auka satsinga på Modum Bad Samlivssenteret, og at Nasjonalforeningen i ein periode har redusert sin aktivitet når det gjeld samlivsarbeid. Tilsette i foreininga seier dei har noko mindre kapasitet til å drive slikt arbeid no enn tidlegare. Støtta frå tilskottsordninga har hovudsakleg gått til utvikling av kurs og kursmateriell og kvalitetssikring av kursleiarar, som er familieterapeutar.

Nasjonalforeningen for folkehelsen har utvikla fleire program med støtte mellom anna frå tilskottsordninga til samlivstiltak. Det er programma: ”Du og jeg og vi to” og ”Lørdagsdialoger for småbarnsforeldre”, som fokuserer på

samlivsspørsmål for par med små barn. ”Nyfamiliens muligheter” og ”Du og jeg og jobben.” For tida er det dei tre førstnemnde som er oppe og går.

Samlivskurset "Du og jeg og vi to" er eit oppmuntringskurs for par i alle aldrar som vil arbeide for eit betre samliv. Føremålet med kurset er å skape dialog og medverke til større forståing av seg sjølv, partnaren og forholdet. Kurset vert oftast arrangert som helgesamlingar, men også på kvardagar på kveldstid. Kursleiarane er familierådgjevarar som er autoriserte "Du og jeg og vi to" kurshaldarar. Fordi dette arbeidet er tidkrevjande og dyrt, har Nasjonalforeningen redusert talet på samlivskurs frå 50 til 15-20 i året. Kursa vert haldne ulike stader i landet og det er fylkeslaga som står for den praktiske gjennomføringa. Sjølv om Nasjonalforeningen har fylkeslag i alle fylka, er kursa konsentrerte i fem, seks fylke i Sør-Noreg.

Kurset ”Nyfamiliens muligheter” er eit kurs for par som lever i ein stefamilierelasjon. Det vert arrangert som helgeseminar i heile landet. Kurset set søkjelyset på ein del av dei vanlegaste utfordringane som ein "nyfamilie" kan møte. Det er deltakarar på kurset "Du og jeg og vi to" som har oppmoda Nasjonalforeningen om å etablere eit kurstilbod til stefamiliar.

Navigatorene har som hovudføremål å drive kristent arbeid blant studentar, men familie- og nærmiljøarbeid har dei seinare åra vorte ein stadig viktigare del av aktiviteten. Dette arbeidet tek utgangspunkt i bøkene ”Sammen i kjærighet”, ”Der du er” og ”Her er vi.”, som er utvikla med støtte frå Tilskottsordninga til samlivstiltak. Løyvinga til Navigatorene utgjorde 14 % av den totale løyvinga til utviklingsarbeid i 1996, og i 2002 knapt 8 % av samla løyving. Til liks med Nasjonalforeningen er posisjonen til Navigatorene svekka i forhold til tidlegare år og i forhold til andre aktørar. Navigatorene har fått støtte til utvikling av kursopplegg og materiell, opplæring av gruppeleiarar og kursleiarar.

Meir enn 18.000 ektepar har vore med på samlivskurs og seminar i regi av Navigatørene. 10 ektepar i Navigatorbevegelsen har vore med som kurshaldarar, anten åleine eller saman med andre par.

”Sammen i kjærlyghet” er eit opplegg som vert brukt på samlivskurset med same namn. Fokus er på ekteskap, familieliv og nærmiljø. Medan ”Her er vi” set søkjelyset på samspelet mellom foreldre og barn. Navigatørene har i sitt utviklingsarbeid i noko større grad enn til dømes Nasjonalforeningen og Samlivssenteret, fokus på nettverksbygging i tillegg til parforholdet og forholdet mellom foreldre og barn. Fordi Navigatørene gjennom sitt samlivsarbeid gjerne vil medverke til at det vert bygd opp nettverk for familiar i nærmiljøet, meiner dei at samlivskursa med fordel kan arrangerast lokalt.

Tverrkulturelt senter held til i Oslo, og er eit ressurscenter for innvandrar- og integreringsspørsmål. Senteret arbeider for at menneske med ulik etnisk bakgrunn skal integrerast i det norske samfunnet. Dette skal skje gjennom haldningsskapande arbeid, kursverksemd, undervisning, informasjon, rådgjeving og nettverksarbeid. Senteret har fått midlar frå Tilskottsordninga til samlivstiltak til utviklingsarbeid og lokale samlivskurs. Stønad til utviklingsarbeid har gått til eit fireåring prosjekt for å styrke det førebyggjande familiararbeidet for innvandrarak og flyktningar. Dette er gjort mellom anna med utgangspunkt i at presset på familien ved migrasjon er stort. Tverrkulturelt senter har lenge jobba og tenkt heilskapleg på dette med familiar, men har dei seinare åra også hatt meir fokus på parforhold.

Midlane er mellom anna brukte til å opprette ei tverrkulturell kvinnegruppe og ei samtalegruppe for somaliske menn. Gruppen for menn fungerte ikkje, og vart avvikla. I tillegg er midlane brukte til skulering av gruppeleiarar og utarbeiding av rettleingshefte. Målsetjinga med prosjektet har vore å gje familiarne hjelp til å verte trygge på eigne relasjonar og etablere nettverk i ei ny kultur. Prosjektet

innebar også å prøve ut gruppe som metode i det førebyggjande familiearbeidet for innvandrarak og flyktningar. I gruppene tek dei opp aktuelle tema for innvandrarfamiliar, både i ekteskapet og i samfunnet elles. Om dette vert det sagt at:

Vi har prøvd ut gruppe som arbeidsform og funnet ut at dette er en god arbeidsmåte. Gruppe er en god arbeidsmetode for å ta opp slike spørsmål. I gruppa finner deltakerne personer som sliter med de samme spørsmål og problemstillingar. De kan dele erfaringer og opplevelser, de kan diskutere hverdagsproblemer og sammen komme fram til nye løsninger. Det kan være med å forebygge samlivsbrudd i innvandrerfamilier. Å dele sine livserfaringer med andre i samme situasjon har virket avlastende og avstressende for mange.

Det har vært mye arbeid å drive utviklingsarbeid. Men vi har konkludert med at vi må arbeide videre med dette.

Om stønadsordninga og forholdet til BFD og BUFA seier dei:

Det kunne kanskje vært mer faglig hjelp og stimuleringsmidler. Denne gruppa (innvandrarak/flyktningar) krever mye tid dersom en skal få til slike prosesser og for å få med folk. Småbeløp er kanskje vanskelig for å få til noe. Kanskje kunne det vært tettere oppfølging og dialog med BFD og BUFA. Det kunne kanskje medvirke til at vi fikk mer ut av pengene.

4.3 Aktørar som kombinerer utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak

Mange av institusjonane og organisasjonane som får støtte til utviklingsarbeid driv også lokale samlivstiltak. Til dømes har Nasjonalforeningen for folkehelsen gode erfaringar med kombinasjonen mellom å drive utviklingsarbeid og lokale samlivskurs: *”Det er veldig viktig med den kombinasjonen mellom å holde kurs og utvikle opplegg.”*

Alle utviklingsaktørane gir tydeleg uttrykk for at dei er avhengig av støtte for å kunne drive utviklingsarbeid på dette feltet. Ein av dei seier at: *”Dersom vi ikke hadde støtteordninger, hadde vi ikke kommet i gang med utviklingsarbeid.”*

Tilsette i BUFA, som no har ansvaret for løyvingane til dei lokale samlivstiltaka, meiner det vil vere ein fordel både for dei som søker og dei som behandlar søknader at same instansen har ansvaret både for lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid. Dei aktørane som søker om midlar både til utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak ønskjer også at dette vert sett i samanheng.

For oss som driver med både lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid hadde det kanskje vært bedre dersom BFD hadde ansvaret for behandling av begge deler.

Denne aktøren meiner BFD bør ha ansvaret. Men for andre er poenget at ein og same instans bør behandle søknader om lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid, anten det er BFD eller BUFA.

Vi har spurt kursarrangørar og kurshaldarar om deira synspunkt på og erfaring med tilskottsordninga (jf. kp.5). I tilnyting til dette har dei også formidla oppfatningar om det som skjer når det gjeld utviklingsarbeid. Nokre av dei registrerer at utviklingsarbeidet vert konsentrert rundt nokre frå aktørar, og at det verkar vanskeleg for andre å nå fram i kampen om desse midlane.

Departementet har ikkje mykje midlar å fordele til utviklingsarbeid, og det er vanskeleg å drive slik verksemd med små midlar. Difor ligg det på sett og vis i saka at det ikkje kan verte litt til mange, men noko til nokre få aktørar.

4.4 Oppsummering og vurdering

Tilskotta som er gjevne til utviklingsarbeid er resultat av at Barne- og familiedepartementet meinte det var behov for ei fagleg utvikling som grasrota kunne ha nytte av i sine lokale samlivskurs. Langt på veg har ein lukkast med dette. Utviklinga av spesielle kursprogram for samlivstiltak har ført til at dei som arrangerer lokale samlivstiltak i større grad brukar faste kursopplegg/program. Men vi ser at *ein* aktør, Modum Bad Samlivssenteret, mottek ein relativt stor del av tilskotta til utviklingsarbeid, og det ser ut til å ha

medverka til at eitt kursprogram, PREP, er dominerande. Dersom ein skal oppnå breidde og variasjon i tilbodet, er det grunn til å spørje om denne strategien medverkar til dette. Satsing på nokre få aktørar har medverka til fagleg styrking, utvikling av skulerte kursleiarar og spreining av tilbodet lokalt, men er i stor grad knytt til eit kursprogram, som er PREP.

Som vi skal sjå lenger bak i rapporten, er deltakarane svært nøgde med deltakinga på PREP-kurset. Såleis er det ingen grunn til å gjere drastiske endringar i fordelinga av midlar, men det kan vere grunn til å vere bevisst slik at det ikkje oppstår ein monopolsituasjon, der eitt kurs vert dominerande. At variasjon er nødvendig, vert også påpeika av dei som driv med andre typar samlivstiltak. Ein leiar for eit familievernkontor uttrykker dette slik:

Kirkens Familievernkontor i Oslo har i samarbeid med Modum og Bergen starta opp med følelsesbevisstheten i dette arbeidet, og der skal vi få lære å bli kursleiarar, og det blir ein ny blomst opp i dette ... Og eg har litt lyst for å få noko å samanlikne med, Prep-opplegget fokuserer jo mest på kommunikasjon... For her er det jo mange måtar å gjere ting på, og følelsar er viktige, det er ikkje berre det tekniske på samtale- og kommunikasjon... Og det er bra at det kjem fleire supplement ... Men Modum har jo sånn tyngde, og det er viktig at departementet kjenner til at her er fleire aktørar i marknaden, og at her er mange måtar å gjere ting på ...

Intervjua viser at erfaringsutvekslinga mellom aktørane som får tildelt utviklingsmidlar er lita. Når det gjeld samarbeid med andre utviklingsaktørar vert det sagt at: *”Vi samarbeider ikkje så mye med andre i Noreg. Litt med Nasjonalforeningen for folkehelsen. Men mye med noen miljø i USA.”*

Internasjonalt samarbeid er sjølvsagt viktig, men nytten av tilskottsordninga kan nok verte endå større dersom ein gjer noko for å auke kontakten mellom dei som driv med utviklingsarbeid på samlivsområdet i Noreg.

Nokre av dei store utviklingsaktørane har tradisjonelt hatt nært samarbeid med departementet, men uttrykker at kontakten dei seinare åra er blitt mindre. Dette vert mellom anna uttrykt slik: slik: *”Før hadde vi heile tida god kontakt med departementet. Vi blei kalla inn til møte. Det var litt sånn fagdag preg. Dette vil vi gjerne ha tilbake. Departementet skulle gjort litt mer ut av dette.”* Det er også relativt lite samarbeid mellom utviklingsaktørane. Det bør gjerast noko i forhold til dette, anten at det vert knytt vilkår om samarbeid ved tildeling av midlar, eller ved at BFD arrangerer samlingar for dei som får midlar frå støtteordninga til å drive utviklingsarbeid. På denne måten kan ein sikre betre spreining av erfaringar mellom aktørane, i tillegg til at departementet vil få endå meir innsikt i det arbeidet som vert gjort.

Evalueringa kan ikkje konkludere med om Barne- og familiedepartementet (BFD) eller Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA) bør ha ansvaret for søknadsbehandlinga både når det gjeld lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid. Men vårt inntrykk er i alle fall at det bør vurderast om det er behov for å gjere endringar når det gjeld ansvaret for søknadsbehandlinga.

Kapittel 5 Lokale samlivstiltak – kursarrangørar og kurshaldarar

5.1 Innleiing

Dette kapitlet fokuserer på lokale samlivskurs og arrangørane og kurshaldarane sine roller. Kapitlet tek føre seg innhaldet i, organisering og gjennomføring av ulike lokale samlivstiltak. Data frå intervju med kursarrangørar og kurshaldarar vert presenterte og drøfta her, og søkjelyset er hovudsakleg på følgjande tema:

- Kvifor ulike aktørar driv med samlivsarbeid og kva tradisjonar dei har for slikt arbeid
- Val av kurstype og innhald
- Kompetansen i organisasjonen og blant kurshaldarar
- Rekruttering til samlivstiltak og målgrupper for kursa
- Organisering av samlivstiltak (pris, praktisk opplegg, val av kursstad osv)
- Oppfatningar om tilskottsordninga

Tilskottsordninga til samlivstiltak yter støtte til eit breitt utval arrangørar, som igjen står for organisering og gjennomføring av fleire typar samlivskurs. Sjølv om dei aller fleste kursa set søkjelyset på kommunikasjon, konflikt og konflikthandtering, finn ein store variasjonar i både måten ein tilnærmar seg desse tema og måten ein organiserer kursa på.

5.2 Ulike målgrupper for dei lokale samlivstiltaka

Nokre aktørar har samlivstiltak som eitt av sine hovudområde. Til dømes Modum Bad Samlivssenteret, Familieskolen og Navigatørene. Andre aktørar driv med samlivstiltak som eitt av mange arbeidsområde. Det gjeld til dømes interesseorganisasjonane som får midlar frå tilskottsordninga, mellom andre Foreningen for hjertesyke barn og Noregs Diabetesforbund.

Modum Bad Samlivssenteret er etablert for å ha spesiell fokus på samliv, og driv med utvikling av kursopplegg, skoloring av kursleiarar, arrangerer samlivskurs og forskar på feltet (jf.3.1).

Tverrkulturelt senter i Oslo driv med samlivstiltak fordi gruppene som dei arbeider blant, innvandrar og flyktingar, står overfor store utfordringar både som familie og par når dei skal bu og leve i eit nytt land (jf. 3.1).

I tillegg ser ein at ei rekke ulike instansar som til dømes familievernkontor, kyrkjelydar og kommunar også står som arrangørar av samlivskurs.

Tradisjonane blant kursarrangørane er forskjellige. Det same gjeld erfaringa. Nokre har prøvd seg på eitt eller to kurs, andre har halde på i fleire tiår. I intervjumaterialet er det spesielt dei store interesseorganisasjonane som utmerkar seg med lange og sterke tradisjonar for å arrangere ulike typar kurs for sine medlemmer. Når det gjeld kurshaldarane har desse for det meste lang erfaring.

Diabetesforbundet arrangerer til dømes kurs for foreldre med barn som har diabetes, for barn og foreldre saman, for ulike pårørande, og for ungdomar med diabetes, men også reine parkurs. Parkursa til Diabetesforbundet har kome til fordi medlemene sjølv, gjennom evaluering av andre kurs, har uttrykt ønske om dette. Intervjupersonane frå dette forbundet understrekar at det å leve med diabetes påverkar livet til heile familien, sjølv om berre ein familiemedlem har diagnosen. Ofte vil den som har diabetes føle skuld fordi at han eller ho er årsaka til at familien må ta så mange omsyn i dagleglivet. Difor treng familiare kunnskap om å leve med diabetes. Samlivskurs kan kanskje motverke ei negativ utvikling, ein arrangør uttrykker det slik:

Du veit ..., i eit parforhold der ingen tør å snakke, der går det jo rett vest! Og viss dette får bygge seg opp, så blir det berre til ein snøball som rullar og blir større og større... Men viss vi klarar å få stoppe dette før det blir kramsnø, så ...

Å ha ein med funksjonshemming i familien kan slite på samlivet. Dette blir understreka av interesseorganisasjonar, men også av psykologar og andre som har vore eksterne kurshaldarar: ”*Det er tøft, dette med funksjonshemmingar og samliv, på så mange slags måtar ... Opplysnings- og kursverksemd blir difor særleg viktig for å førebygge store problem...*” Fleire i denne gruppa understrekar at skilsmissetala blant folk som har kronisk sjuke eller funksjonshemming i familien er høge, og at det difor er særleg viktig å førebygge samlivsbrot og styrke samliv.

Å ha funksjonshemma barn gir også spesielle utfordringar for ein familie (Osborg og Osborg 1998), og for foreldra og samspelet mellom dei. Ein representant for ein interesseorganisasjon, som også er mor til ein gut med diabetes, seier det slik:

Det er ikkje så lett å forstå kor redde ein kan vere for eit barn med diabetes ... Når dei skal gå heim åleine frå skulen eller slikt, og ikkje kjem heim til avtalt tid Dette kan du ikkje prate med alle og einkvar om Som foreldre skal du vere der, men helst ikkje synest så mykje.... Blodsukkeret og psyken svingar, spesielt hos dei unge, og det er svært viktig å berre ha kunnskap om dette, sjå samanhengar og forstå kva som påverkar kva Og på den måten kan ein unngå store konfliktrar i familien, mellom foreldre og barn, og derest mellom foreldra...

Sjølv om ulike interesseorganisasjonar utgjer ein stor del av søknadsmassen til stønadsordninga, er det mange andre aktørar i denne marknaden. Blant våre informantar finn vi ein frivilligsentral som har innleia eit samarbeid med soknepresten om kurs for tenåringsforeldre. Soknepresten, som gjennom fleire år har arrangert ulike kurs for par, har gjennom eiga erfaring sett at behova for å

drive opplysnings- og kursverksemd på samlivsområdet gjeld for mange grupper. Til dømes møter tenåringsforeldre mange utfordringar:

Å vere tenåringsforeldre kan vere svært utfordrande, og det kan føre til store konflikhtar mellom foreldre. Difor valde vi her å sette fokus på ulike sider ved denne fasa i livet ...

Soknepresten har lang erfaring i å arrangere samlivskurs, både som arrangør og kurshaldar. Han har heilt sidan 1995 søkt om statlege midlar til desse kursa, og er også utdanna PREP-kursleiar. Han gir uttrykk for at parkurs, men også foreldrekurs med ulike tema knytt til foreldrerolla, er viktig i eit førebyggjande samlivsperspektiv. Som meklar i skilsmisssaker opplevde han at det ofte var for seint å gjere noko når folk kom så langt som til mekling. Om tilnærminga og val av fokus i si eiga yrkesutøving, seier han mellom anna;

Eg valde då å jobbe førebyggjande med det eg kalla for ekteskapsseminar overfor dei eg vigde: Her brukte eg god tid på å samtale med partane, og dei fekk tilbod om oppfølging etter to år...

Andre har også prøvd å nærme seg temaet samliv gjennom fokus på foreldrerolla, og særskilt det som går på å vere foreldre til tenåringar. Vi har døme på kommunar i utkant-Norge, der ulike etatar går saman om å arrangere kurs. Dei valde bevisst nemninga ”foreldrerettleiingsprogram” for på den måten å kome i dialog med innbyggjarane, også med tanke på at ein seinare kunne arrangere ”reine” samlivskurs. Men det kan vere vanskeleg for folk å ta del i slike opplegg på stader der alle kjenner alle.

Familievernkontora er gjennom sine retningslinjer oppfordra til å drive førebyggjande arbeid. Det varierer i kva grad det førebyggjande arbeidet er ein del av kontora si daglege verksemd, og somme familievernkontor har berre unntaksvis prøvd seg på dette. Førebyggjande arbeid vert ofte nedprioritert fordi arbeidsdagen er fylt med par som ønskjer terapi. Andre familievernkontor har

lange tradisjonar med ulike typar samlivskurs. Felles er at kursa vert arrangerte i eigen regi, med tilsette som kurshaldarar. Det er også døme på at familierapeutane er PREP-utdanna og at dei vert engasjerte til å vere kursleiarar på samlivskurs hos andre arrangørar (til dømes Sanitetskvinnene). Nasjonalforeningen for folkehelsen nyttar familierådgjevarar, gjerne tilsette ved familievernkontor, som kurshaldarar på sine kurs.

Familievernkontora opererer med ulike målgrupper for sine kurs. I tillegg til kurs for ”vanlege” par, har dei kurs for steforeldre og stefamiliar. Årsaka til dette er først og fremst at dei gjennom sitt daglege arbeid har erfart at desse familiane står overfor spesielle utfordringar med tanke på kommunikasjon og samspel – både i relasjonen mellom barn og vaksne, og mellom dei vaksne. Eitt av familievernkontora har også spesielle kurs retta mot fosterforeldre. Det å vere fosterforeldre kan vere utfordrande på mange vis, også i forhold til parforholdet. Dessutan kan det vere vanskeleg å ta godt vare på egne barn i periodar der ein tek på seg ansvaret for nye barn. Ikkje minst er det utfordrande i periodar der dei skal gi frå seg barn ein har hatt omsorg for i kortare og lengre tid.

I ein av dei kristne organisasjonane som driv aktivt med samlivskurs, grunnjev dei denne satsinga ut frå at dei registrerer eit auka behov for tiltak mot samlivsbrot innan egne rekker. Deira erfaring er at skilsmisse tradisjonelt har vore mindre akseptert, og mindre utbreidd i kristne miljø enn elles, men at mykje tyder på at talet på skilsmisser aukar også her. Dei opplevde også at medlemmer i kyrkjelyden som valde å skilje seg, trekte seg ut av det kristne fellesskapet dei hadde vore ein del av. Eit viktig motiv vart såleis å setje søkjelyset på samlivsproblem for å normalisere det å ha vanskar i samlivet. Dei hadde også tru på at det nyttar å førebygge dei mest alvorlege samlivsproblema, og at det er mogleg å kome på rett kjøl igjen, sjølv om samlivet har kjørt seg

fast. Dei har også fått auga opp for at kristne leiarar kan vere ei spesielt utsett gruppe. Gjennom arbeidet sitt brukar dei så mykje tid og krefter på å hjelpe og stå til teneste for andre, at dei står i fare for å forsømme sin eigen familie.

5.3 Val av kurstype og innhald

Ein finn kurstypar som i form og innhald er tilpassa samansette målgrupper, men også kurs skreddarsydd for par og familiar som er i ein situasjon som kan være spesielt utfordrande for samlivet. Felles for dei aller fleste kursa som er representert i denne evalueringa er at dei omhandlar samspelsproblematikk.

Nokre av kursarrangørane vil at kursa skal ha ein oppmuntrande effekt, som ei vitamininnsprøyting i parforholdet, og presiserer at innhaldet i deira kurs er tilpassa målgrupper utan alvorlege problem. Andre vel kurstype og innhald ut frå at dei rekrutterer blant par som slit med litt større problem. Alle arrangørane er likevel klare på at kursa ikkje skal vere for par i alvorleg krise, og ikkje kome som erstatning for terapi. Innhaldet i kursa fokuserer oftast på kva ressursar para har, og ikkje på vanskane deira eller kven som er skuld i problema. Eller dei fokuserer på at den enkelte må lære å forstå seg sjølv og sitt eige reaksjonsmønster, og dermed må vere innstilt på å rydde og ordne opp i forhold til seg sjølv og til partneren. Dei kristne kursopplegga byggjer på kristne verdier og på at nøkkelen til gode samliv mellom anna ligg i evna til å tilgi kvarandre.

Det varierer i kva grad kursarrangørane og kurshaldarane nyttar standardiserte kurspakkar i sine opplegg eller nyttar egne opplegg for sine kurs. I nokre tilfelle byggjer innhaldet i kursa delvis på egne opplegg, delvis på kurspakkar frå dei dominerande tilbydarane innan området, til dømes PREP. Denne kurstypen set kommunikasjon og kommunikasjonsteknikkar i sentrum for sine opplegg. Ein kursarrangør seier følgjande om kvifor dei valde nettopp det kursopplegget:

Når vi skulle velge kurs, vurderte vi litt ulike alternativ. Men vi enda med PREP fordi det er dette opplegget som kan vise til den mest solide forskningen på området. Vi finner opplegget tiltalende fordi det har et praktisk grep gjennom tale-lytte teknikken. Vi ser fordelene av å være konkrete, - det holder ikke bare med dikt og god stemning. Vi er også opptatt av forskningen på dette og ikke minst at teknikken er lett å lære bort til andre kursholdere. Opplegget er strukturert og man er ikke avhengig av karismatiske kursholdere.

Dei profesjonelle familieterapeutane nemner at PREP-kursa, som er populære i mange fagkrinsar, også har sine svake sider. Dagleg leiar for eit familievernkontor seier dette;

Kritikken mot Prep er jo at samtaleteknikken står i fokus, og det har vi kjent litt på, men det er jo slik dette opplegget er ... Og eg slappar litt av ettersom det er evaluert i USA og at desse evalueringane er positive, så vi kjører det med litt god samvittighet da, he, he, Og det er litt godt for oss å vite, at Modum satsar på dette

Når interesseorganisasjonane skal velje tilnærming til samlivsproblematikk, vert dette, sjølv om mykje av dei same tema ligg i botnen, tilpassa deira målgruppe og knytt opp til dei spesielle utfordringar som desse er utsett for. For nokre er samliv hovudtema, for andre utgjer dette direkte ein avgrensa del av samlingane.

Helgekursa for par i diabetesforbundet varer oftast frå fredag til søndag. Kursa er lagde til eit hotell eller liknande, og tek gjerne utgangspunkt i ein del faktakunnskap om sjukdomen for så å nærme seg kommunikasjon og samspelsproblematikk. Dette synest å vere gjort bevisst, slik at alle skal ha eit felles utgangspunkt for gangen vidare i kurset. Det sosiale er viktig, og det er oftast lagt opp til sosiale aktivitetar, på fredagskvelden primært, for at kursdeltakarane skal bli kjende med kvarandre. Om innhaldet og det faglege opplegget i helgekursa for par, seier ein av dei privatpraktiserande psykologane;

Først har eg ein forelesingsdel i plenum som leier vidare til øvingar, arbeid og diskusjon i små grupper. Her arbeider 3-4 deltakarar med spesifikke oppgåver

som blir lagt fram i plenum etterpå. Dette for å vise den enkelte at dei for så vidt ikkje står åleine i sin livssituasjon... For det er jo ofte det dei opplever ... Og når dei kjem saman og får diskutert og drøfta..., på ein sånn måte at dette verken er noko å skjule eller skjemmest av, så opplever dei ein stor grad av lettelse ...

Om gangen i kurset og utviklinga blant deltakarane seier han:

...Og i diskusjonen og i gruppeframlegginga blir det jo ofte ganske friske diskusjonar, og det synest eg er jo veldig flott, og det er nettopp det eg siktar mot, det å få brakt den enkelte opp og fram - i den grad dette er mulig i løpet av eit helgekurs....

Leiaren for ein annan tilsvarende organisasjon viser til gode erfaringar med å dele kursdeltakarane inn i grupper der dei pårørande er for seg og dei som har diagnosen er for seg. Det kan vere godt for dei pårørande å lære noko om kor mykje omsyn dei bør ta, samstundes som det er godt for dei å vere på ein arena der dei sjølve også er i fokus. Ofte syner det seg at dei tør å kome med spørsmål som dei aldri ville stille med den andre parten til stades. Dei er redde for å såre og ikkje ta nok omsyn:

Kursa våre har nok fått ei dreining frå at den sjuke har vore mest i fokus til at behovet for heile familien står i fokus.

Dei som har tilnærma seg samlivsspørsmål ved å ta utgangspunkt i andre typar kurs, som til dømes kveldskurs for konfirmasjonsforeldre, foreldre med tenåringar osv, tek ofte utgangspunkt i følgjande tenking kring desse spørsmåla;

...Eg trur at dei kursa som går på dette grasrotnivået er så viktig ...det er så vanskeleg å få til nettopp det ... Modum treffer jo eit anna sjikt på ein måte, og skal du komme heilt ned på grasrotnivå, så må du ha ... , du må spele på lag med dei som er på grasrota ...

Denne utsegna er knytt til ei oppfatning om at kursa som Samlivssenteret arrangerer rekrutterer frå ei relativt ressurssterk gruppe, både når det gjeld inntekt og utdanningsnivå.

Spørsmålet om kva målgruppe dei ulike kursarrangørane rekrutterer frå, er omtala i punkt 5.5.

5.4 Kompetanse blant arrangørar og kurshaldarar

På same måte som variasjonen er stor når det gjeld innhald i og organisering av kursa, finn ein også variasjon i forhold til kompetansenivået hos dei som held kursa. Nokre organisasjonar brukar eigne folk som kurshaldarar. Desse kan sjølvstøtt vere skolerte når det gjeld samlivsarbeid, men dei kan også ha tittel som likemenn. Dette gjeld særleg i nokre av interesseorganisasjonane. Andre aktørar har valt å bruke kurshaldarar som er profesjonelle på feltet, eller personar som er utdanna og opplærte i spesielle samlivsprogram, som til dømes PREP eller ”Du og jeg og vi to” (Nasjonalforeningen for Folkehelsen).

Dei organisasjonane som har eigen kompetanse, nyttar seg i stor grad av denne på kursa. Dette gjeld til dømes familievernkontora/familiekontora. Dei typiske interesseorganisasjonane nyttar ofte *både* eigen intern kompetanse og eksterne kurshaldarar på sine kurs. Her er tilnærminga ofte slik at ein tek utgangspunkt i sjukdomen eller symptoma som er gjeldande, for så å kome inn på kva det er ved sjukdomen/funksjonshemminga som gir spesielle utfordringar. Spesielt har Diabetesforbundet utvikla høg kompetanse kring utfordringar som gjeld eigen sjukdom, og har eit bevisst forhold til det dei kallar *likemenn/kvardagsprofesjonelle*. Dette er personar som sjølv har diabetes eller som lever i ein familie der andre har sjukdomen, og som har skaffa seg omfattande kunnskap om ulike verknader av denne. Forholdet mellom interne og eksterne kurshaldarar blir uttrykt slik:

Her er det viktig med fagpersonell, men også kvardagsprofesjonelle som oss sjølv og andre som er skolert gjennom mange års erfaring og arbeid i organisasjonen er viktige bidragsytarar på kursa.

I tillegg til å nytte eigen kompetanse, trekkjer arrangørane inn eksterne kurshaldarar, som til dømes sjukepleiarar og psykologar - alt etter kva fokus kurset har. Dette kan både vere offentleg tilsette og privatpraktiserande fagpersonar med ulik kompetanse og arbeidserfaring. Oftast vert det rekruttert og engasjert kurshaldarar som er tilrådd av andre.

Dei kristne organisasjonane nyttar, på lik linje med interesseorganisasjonane ein kombinasjon av folk som er skolerte innan til dømes familieterapi og likemenn. Ofte er det slik at det er fagfolka som er foredragshaldarar, medan likemenn vert nytta som gruppeleiarar. Ein hovudregel hos nokre arrangørar er at både foredragshaldarar og gruppeleiarar er ektepar, der dei held innlegg eller leiar gruppene i lag. Dei argumenterer slik for dette:

Vi meiner det er viktig å stå fram som troverdige eksempel. Det er viktig for oss å vise at også vårt ekteskap består av gode og onde dager. Jeg kan si ting som hun verifiserer eller omvendt. Vi har vokst oss sammen og gått i prosesser. Jeg tror mest på personlige eksempler. Tror mye på det å dele av sine liv. Skansene om at man ikke skal være personlig med klientene sine er i ferd med å falle.

Familievernkontora nyttar også kurshaldarar av begge kjønn, men ikkje ektepar. Medan dei kristne organisasjonane legg opp til å dele erfaringar frå sine egne liv, kombinert med teori, tek familieterapeutane i liten grad utgangspunkt i egne erfaringar. Familieterapeutane set snarare fokus på tema som dei, gjennom erfaring med par i terapi, veit er aktuelle. Dei har erfart at det kan vere lettare for folk å kommunisere omkring desse tema med ein person av same kjønn. Dei som arrangerer PREP-kurs har gjerne kursleiarar av kvart kjønn, men ønskjer ikkje at desse skal vere par. Dei vil ikkje ha ei direkte kopling mellom rolla som kursleiar og privatlivet deira. Andre brukar gjerne egne erfaringar på sine kurs. Dei ektepara som er kurshaldarar i lag ser det som ein fordel å kunne bruke eiga erfaring, og meiner dette kan medverke til at dei som deltek på samlivskursa kan oppleve normalisering og kanskje avdramatisering

av vanskar og utfordringar ein kan møte i samlivet. Kursleiarane står der nærmast som eit levande døme på dette.

5.5 Rekruttering

Halvparten av kursarrangørane i denne undersøkinga arrangerer samlivskurs for ”vanlege par”, og rekrutterer såleis frå den opne marknaden, medan dei andre organisasjonane arrangerer kurs som er retta mot ei spesiell målgruppe.

Kursa som Modum Bad Samlivssenteret arrangerer, rekrutterer frå ein open marknad. For Samlivssenteret er nettsidene ein viktig rekrutteringskanal. PREP-kursa og Samlivssenteret har etter kvart fått ein posisjon som gjer at det i liten grad er behov for anna annonsering. I intervju med deltakarar som har vore på PREP-kurs (jf kp 6) kjem det også fram at mange av dei har søkt etter informasjon om PREP på nettsidene til Samlivssenteret, gjerne etter at dei har hørt om PREP og/eller Samlivssenteret til dømes frå venner og kjende, media eller tilsette i helse- og sosialsektoren. Samlivssenteret har ikkje vanskar med å rekruttere deltakarar til sine kurs.

Interesseorganisasjonane vender seg i stor grad mot eigne medlemmer ved å annonsere i medlemsblada. Nokre sender ut brev med invitasjonar til medlemmene, eller informasjonen vert formidla gjennom sjukehusa i regionen. For desse arrangørane er det spesielle behov utløyste av sjukdom, funksjonshemming eller anna som er det samlande elementet og eit felles utgangspunktet for å møtast på kurs. Diabetesforbundet, som arrangerer kurs både for den som har sjukdomen og for familien og nettverket rundt, grunnngir dette slik;

Alle som har diabetes i familien blir påverka av dette...Er det eit barn som er diabetikar, så treng også besteforeldre og tanter kurs om diabetes... Og også andre i nettverket, slik at foreldra får hjelp før ekteskapet går skeis...

Eit fylkeslag av Diabetesforbundet opplever at behovet og interessa for å delta på ulike samlivskurs er mykje større enn det organisasjonane kan ta hand om. Ettersom talet på deltakarar vert styrt av kor mange forbundet har midlar til å finansiere reise og opphald for, oppstår eit udekkka behov:

Fleire står i kø for å få kome med på kursa våre, og vi kunne kjørt mange fleire, men det har vi jo verken pengar eller kapasitet til ...Sist vi hadde parkurs var det berre 12 som fekk plass, medan 50 hadde meldt seg på – behovet og interessa er kjempestor, og det er veldig vondt å seie nei ...

Diabetesforeiningane har såleis ikkje problem med å få nok deltakarar til sine kurs, og dei opplever at dei i vesentleg grad når fram til målgruppene. Men det er nok mange dei ikkje når:

Det finst ei gråsone i forhold til dei som har for store problem, som følge av sjukdom, dårleg økonomi og problem med å meistre kvardagen. Desse fell gjerne utanfor i alle samanhengar. Kanskje dei som har mest problem er dei vi aldri ser, fordi dei ikkje vil vere med på at dei har et problem. Vi har hatt diskusjonar på om det er andre måtar vi kan nå dei på

Eit familievernkontor arrangerte første samlivskurset så langt tilbake som i 1979, og har sidan gjennomført fleire typar kurs kvart år. Tilbodet deira rettar seg mot par som slit med å få samlivet til å fungere. Desse nyttar ulike rekrutteringsstrategiar for å nå desse para. Delvis inviterer dei par som har oppsøkt familievernkontoret, eller som har teke kontakt med det kommunale familiesenteret for å få hjelp. Dei har også godt samarbeid med avdelingar på sentralsjukehuset i fylket, slik at desse kan informere aktuelle målgrupper om kurstilbodet. Det same kontoret har kurs for fosterforeldre og inviterer desse gjennom fosterheimsforeiningar og ved å spreie informasjon via barnevernet.

I forhold til alle målgruppene, både vanlege par, fosterforeldre og steforeldre, tek ein para inn til samtale på familievernkontoret før kurset. På denne måten forsikrar ein seg om at dei ikkje har så store vanskar eller så høgt konfliktnivå at

dei ikkje vil kunne fungere på eit kurs. Ein har erfart at par med for store problem vil kunne stele for mykje tid eller skape så mykje uro at det går ut over dei andre kursdeltakarane. Gjennom ein samtale på førehand, vert kursdeltakarane kjende både med kontoret og med dei som skal halde kursa, og terskelen for å ta kontakt i etterkant vert truleg også lågare. Dei har følgjande oppfatning av kva målgruppe dei når:

Vi mener å nå eit anna klientell enn mange andre kurs. Har en ide om det. ...Har ingen peiling på hvem det er som melder seg på andre kurs, men dette må være mer økonomisk ressurssterke folk enn de som vi har med. Våre har gjerne middels høg utdanning, men er kanskje yngre og har høge utgifter.

Dei kristne organisasjonane og kyrkjelydane, som samarbeider om å arrangere kurs, er alle aktive med å tilrå sine medlemmer å ta del. Dei har utarbeidd brosjyrar, og når det skal arrangerast nye kurs vert det også sendt invitasjon til tidlegare kursdeltakarar. Dei har lukkast svært godt med å rekruttere kursdeltakarar på denne måten. Etter kvart erfarer dei at mange som har fått høyre om kursa gjennom vener, gjerne vil ta del.

Arrangørane meiner at opplegget deira er spesielt godt eigna for unge og gjerne uetablerte par, og dei prøver bevisst å rekruttere denne målgruppa til kursa. På denne måten kan dei førebuast på ein del av dei utfordringane dei vil kunne møte seinare i livet, men ikkje minst kan dei lære kvarandre betre å kjenne, *før* dei giftar seg. At nokre har avlyst giftarmålet etter å ha vore på kurs, kan ikkje sjåast på som negativt, meiner kursarrangørane.

Ein sokneprest, som i stor grad har lukkast med å få deltakarar til sine kurs, både reine parkurs, men også kveldskurs med ulike tema, understrekar at ein må vere kreativ i måten ein tilnærmar seg slike sensitive spørsmål;

Det er eit alibi når man prøver å fange opp folk gjennom eit system med å møtast etter eitt år eller slikt... Man kan også nå dei gjennom konfirmasjon, treff for konfirmantforeldre og andre ting ... Då har eg teke opp tema som

korleis det er å ha ein tenåring i huset og kjørt nokre kveldar på det, og her har alle i bygda møtt opp...

Tverrkulturelt senter rekrutterer deltakarar til sine samlivskurs frå personar som av ulike grunnar har tilknytning til senteret. Det kan til dømes vere at dei er med på norskopplæringa på senteret. Elles har dei kontakt med andre organisasjonar, som til dømes Noregs Kristne Råd, som sender informasjon til sine medlemer. Men det er vanskeleg å rekruttere par der begge er frå det same landet og er innvandrarakar eller flyktningar. Dei som har vore med på samlivskurs har som regel vore par der kvinna er norsk og mannen utanlandsk. Tverrkulturelt senter og andre som driv samlivs- og familiearbeid blant innvandrarakar og flyktningar står altså overfor store utfordringar når det gjeld å nå sine målgrupper og rekruttere til samlivstiltak.

5.5.1 Dei som ikkje lukkast med å rekruttere deltakarar

Men det er ikkje alle som lukkast i rekrutteringa, sjølv om annonsering har vore relativt omfattande. Det er fleire kurs som har fått støtte frå tilskottsordninga som er avlyste fordi påmeldinga har vore for dårleg. I ein kommune stod helse- og sosialetaten som arrangør, med den lokale presten som kurshaldar. Presten var PREP-utdanna og kurset skulle arrangerast lokalt. Helse- og sosialsjefen stiller seg svært undrande til at det ikkje var nok påmelde par. Han seier mellom anna:

Vi hadde trudd at dette skulle bli eit populært tiltak, men fekk som sagt ingen påmeldingar i 2001. Kva det skuldast veit eg ikkje... Vi prøvde også, og la mykje arbeid i å samarbeide med nabokommunen og helsestasjonen der, men fekk heller ingen påmeldingar derifrå

Ein kan undre seg på kvifor interessa var så lita i denne kommunen. Kan det vere fordi det er ein liten stad med 500 innbyggjarar der alle kjenner alle? Kan det vere fordi kurset skulle arrangerast i lokalmiljøet? I så fall kan det vere relevant å samanlikne dette opplegget med den kommunen der til dømes

frivilligsentralen og presten samarbeidde om kurs for tenåringsforeldre. Dette var også på ein liten stad der alle kjenner alle, men ein hadde ei anna tilnærming for å rekruttere folk enn ved å annonsere kursa som reine samlivskurs, og på desse kursa var det mange som ville vere med. Det kan vere at manglande interesse i det førstnemnde tilfellet hadde samanheng med at kommunen som stod som arrangør, kven som var kurshaldar, eller det kunne vere at vinklinga på kurset var slik at det kunne oppfattast som stigmatiserande å vere med.

Rekrutteringa til samlivstiltak ved familievernkontora varierer også frå stad til stad. Eitt av familievernkontora har ikkje større pågang på sine ulike PREP-kurs enn at alle påmelde får plass. Forsøket på å arrangere kurs for stefamiliar fekk ikkje nok påmelde til at det blei gjennomført, trass omfattande annonsering, omtale i lokalpressa og ved å sette opp plakatar i nærmiljøet.

Det er også døme på familievernkontor som ikkje lukkast i å få meir enn to par til å delta på kurs, sjølv om dei gjorde mykje for å gjere tilbodet kjent både i aviser, gjennom helsestasjonar og andre kanalar. Familieterapeutane hadde merka seg at folk spurde etter oppmuntringskurs, og såg det som eit poeng at para skulle få høve til å vere med på kurs på eit stadium der samlivet fungerer bra. Dei gjekk såleis ut med invitasjon til par som ønskte å leva saman, men som kunne tenke seg eit oppmuntringskurs. Responsen vart i utgangspunktet stor nok til at dei ville arrangere kurset, men etter kvart som kurshelga nærma seg, trekte dei fleste deltakarane seg. Ein veit ikkje om det var praktiske forhold som gjorde at dei ikkje møtte. Ei forklaring kan vere at for folk som ikkje har vore i kontakt med etaten før, kan det vere ein barriere å oppsøke eit familievernkontor for å gå på kurs.

5.5.2 Sosiale skilje i rekrutteringa?

Er det ein myte at det er dei velutdanna, med god inntekt som er med på samlivskurs? Mykje tyder på at både pris, men også ulike haldningar til måten

å løyse utfordringar i parforholdet skaper skilje i rekrutteringa til ulike typar kurs. Dagleg leiar for eit av familievernkontora seier;

Eg har erfart at det er mykje middelklassefolk som deltek på slike Prep- kurs, ofte i jobb begge, mykje lærarar og sånne som er aktive og engasjerte og interessert i å lære om relasjonar Ved det siste kurset var det deltakarar frå ca 30 år og oppover ...

Ein av dei privatpraktiserande familierapeutane hevdar også at prisane på mange av kursa kan vere med å sortere ut kven det er som tek del. Ho meiner det generelt er dei som har høgre utdanning som oftast søker hjelp og som har økonomi til å ta del, medan dei med mindre utdanning sjeldnare søker hjelp. Dei privatpraktiserande psykologane har i stor grad vore kurshaldarar på kurs arrangerte av interesseorganisasjonar. Ein av dei seier dette om deltakarane på slike kurs;

... Mi erfaring er at dei folka som ønskjer å kome på slike kurs gjerne har ei eiga oppfatning av ulike ting, at dei er aktive i forhold til sin eigen funksjon i livet , det er dei som har smørsida opp, som er deltakarar på slike kurs, dei som er ivrige og aktive i forhold til sin eigen livssituasjon, og som ønskjer å forbetre denne ... Med tanke på aktiviteten på kursa som eg har hatt, så har eg inntrykk av at dette er menneske som har tilgang til ressursar i seg sjølvOg då kan vi kanskje trekke ei slutning om at dette er menneske som har det rimeleg bra elles i livet, og at dei som kanskje skulle ha eit stort behov for å kome på eit slikt kurs, ikkje kjem, fordi livet kanskje er for vanskeleg for dei ...

Ein av dei kristne organisasjonane rekrutterer i stor grad, men ikkje utelukkande, folk med eit kristent livssyn til sine kurs. Dei har ikkje data som seier noko om utdanning og inntekt på sine deltakarar, men har inntrykk av at dei rekrutterer folk frå alle samfunnslag. Dei ser likevel ikkje bort frå at folk med akademisk bakgrunn gjerne i større grad løyser problema gjennom dialog, og såleis synest det er meir interessant å oppsøke tiltak som fokuserer på kommunikasjon mellom par.

Å vere med på samlivskurs inneber oftast at både han og ho tek del. Såleis kan ein ikkje måle kjønsskilnader når det gjeld deltakinga. Fleire av kurshaldarane meiner likevel at det er skilnader mellom kvinner og menn i forhold til ønske om å vere med på kursa: *"Menn snakkar lite om desse tinga, sjølv i 2003"*. Svært ofte er det kvinnene som er pådrivarar for å ta del. Ein av kurshaldarane forklarar dette på følgjande måte:

Det er alltid hun som tar initiativet. Dette går på de psykososiale forskjellene mellom kvinner og menn. Erkjennelsen av at man ikke får til samlivet er forskjellig mellom menn og kvinner og kvinnene har gjerne andre ideer om hva de skal få ut av samlivet. Kvinnene er også mer relasjonelt orientert. Det er ikke slik at ikke menn trenger relasjoner, men de stiller andre krav.

Dersom problema er meir alvorlege, og skilsmisse vert vurdert som eit alternativ, er det ofte mennene som tek initiativ til å søke hjelp. Mennene opplever gjerne ikkje problema i ekteskapet på same måte som kvinnene. Kanskje er dei meir opptekne av konsekvensane av ei skilsmisse og vil gjerne søke hjelp for å unngå dette. Nasjonalforeningen for folkehelsen har registrert at det er kvinner som tek initiativ til å gå på kurset "Du og eg og vi to" (parkurs), medan det er menn som tek initiativ til å vere med på kurset "Nyfamilien" (fokus på korleis ein skal få stefamiliar til å fungere).

5.6 Organisering

5.6.1 Helg eller kveld, på heimstaden eller heimanfrå

Det er mange ulike måtar å arrangere kursa på, det kan vere helgekurs over to eller tre dagar, eindagskurs eller kveldskurs over fleire veker - i nokre samanhengar kombinert med helgesamling. Helgesamlingane er i dei aller fleste tilfella lagde til hotell eller andre overnattingstilbod i distriktet der folk er busett. I meir sprettbygde stork rekrutterer ein frå større geografiske område.

Interesseorganisasjonane sine opplegg er i hovudsak lagde til helgar og i det distriktet der organisasjonen sine medlemmer kjem frå. Kursa, som vert haldne i regi av Samlivssenteret på Modum og Nasjonalforeningen for folkehelsen er også lagde til helgar, og rekrutterer folk frå ulike delar av landet, men flest frå Sør-Noreg. Familievernkontora og kommunane har i større grad prøvd å arrangere kurs i folk sine nærmiljø. Ulike omsyn ligg til grunn for desse måtane å arrangere kursa på. Mange ser det som ein fordel om kursdeltakarane får høve til å reise bort ei helg, andre tek omsyn til at dette skaper praktiske utfordringar, til dømes når det gjeld barnepass. Løysinga kan såleis vere å avgrense opphaldet til ei natt, eller at ein vel å legge kurset til nærmiljøet. Med tanke på tilpassing til småbarnforeldre, er det fleire som legg opp til eindags-PREP kurs, gjerne i tilknytning til helger.

Vi prioriterer å ha det praktisk gjennomførbart. Det vil si at ein slipper barnevakt om natta osv. Det er sikkert bra å komme bort fra hjemmet, men vi tror at det er mer tilgjengelig for folk når vi gjør det slik, med kurs lokalt.

Nokre av interesseorganisasjonane legg opp til helgar for heile familien, der dei organiserer barnepass i det tidsrommet ein fokuserer på samlivstema for foreldra.

Det kan vere ei utfordring å arrangere reine samlivskurs i folk sine nærmiljø. Det som kjenneteiknar kursa som har vore lagt til vekedagar i lokale i nærmiljøet, er at dei har ei anna tematisk tilnærming enn det ein ofte koplur til reine samlivskurs. Dette vert gjort for å sikre deltaking. Det at små samfunn er svært oversiktlege vert såleis sett på som ei ulempe i forhold til rekrutteringa til samlivskurs;

Dei som verkeleg treng slike kurs kjem jo ikkje på slikt, sånn er det jo overalt, også på skulen Det kan også vere vanskar med at dette er ein liten plass og at alle kjenner alle. Dess viktigare blir det å fokusere på ulike tema, at man må nærme seg slike spørsmål ved å tenke litt annleis, på ein litt annan måte enn å arrangere reine samlivskurs ...

Andre har ei klar oppfatning om at helgekurs, der ein kjem seg bort frå nærmiljøet og det daglege, er det beste opplegget. ”*Ein blir mykje friare då og slepp å treffe naboen ...*,” som ein av arrangørane seier det. Dei som har opplegg med både helgesamling og kurskveldar er bevisste på nytten av helgesamlinga i forhold til at deltakarane skal bli fortrulege med kvarandre og legge grunnlag for opne og gode diskusjonar på kurskveldane.

Ein av dei privatpraktiserande psykologane som har vore engasjert som kurshaldar seier det slik;

Og det å kome seg bort er jo i seg sjølv positivt, og når man skal bruke denne helga til noko så konstruktivt som å vere på eit kurs om samliv, så er alle veldig innstilt på å jobbe for dette - sjølv om ein ikkje heilt riktig veit kva som blir kravd, eller heilt kor ein sjølv står... Men vi justerer oss, slik at vi finn eit felles minste multiplum , og så startar vi ut i frå det ...

Dei fleste kursarrangørane er bevisste i forhold til valet mellom å arrangere kursa lokalt eller gje folk høve til å få reise bort:

Vi synest det er en fordel at dette blir holdt så lokalt som mulig. Det er et poeng at gruppene, deltakerne skal ha glede av hverandre også etter samlingene.

Fleire av kurshaldarane er inne på at det kan vere ein fordel for par å knyte kontaktar med andre i same situasjon. Det vil kunne hjelpe dei vidare å ha kontakt med andre som slit med dei same problema. Alminneleg-gjering av situasjonen kan gjere det lettare å takle den. Korleis ein vel å legge til rette kursa, lokalt eller at ein vel å reise vekk, vert såleis ei avveging mellom fleire behov; til dømes det praktiske og det økonomiske opp mot det å kunne kople av i trivelege omgjevnader borte frå kvardagen. Om ein ønskjer å kunne vere anonym eller om ein ønskjer å knyte kontaktar med andre par i nærmiljøet, spelar også inn på om ein går på kurs lokalt eller helst vil reise vekk. Det er likevel viktig å vere klar over skilnaden mellom store og små stader i denne samanhengen. På større stader kan ein ta del i samlivskurs lokalt og knyte

kontaktar med folk i nærmiljøet utan at årsaka til at ein har kontakt er kjent for andre enn dei det gjeld.

Mange av kursa, til dømes kursa til Familieskolen, rekrutterer til ein viss grad blant folk som kjenner kvarandre frå før, eller som høyrer til same miljø, og der deltaking i mindre grad er knytt opp til problem i ekteskapet, men meir utfordringane for familien. Eit argument for å etablere samarbeidet mellom fleire kyrkjelydar, var likevel å kunne rekruttere frå eit større miljø, og dermed unngå at for tette relasjonar vart ei belastning i forhold til deltaking.

5.7 Prisen bør ikkje ekskludere nokon

Dei kursopplegga som vi har studert kostar frå 250 kroner til ca 6000 kroner for eit par. Kursa kan ikkje direkte samanliknast fordi vi i evalueringa har lagt vekt på å få fram breidda i kursa som har fått støtte frå tilskottsordninga. Vi kan likevel prøve å sjå etter mønster i forhold til kva kursa kostar og kva dei inneheld. Vi kan også sjå på i kva grad organisasjonar subsidierer sine kurs for at medlemene skal kunne vere med, eventuelt i kva grad dugnadsinnsats og avspasering blant kurshaldarane og lekfolk påverkar prisen. Val av lokalitetar har sjølvsagt også mykje å seie for prisen.

5.7.1 Prisen på samlivskurs i regi av organisasjonar med samlivskurs som hovudområde

Dei store aktørane som har eigenutvikla samlivsprogram, held eit relativt høgt prisnivå samanlikna med dei andre, ettersom dei gjerne er arrangerte som helgeopphald på hotell:

Det koster 2700, pr person. Kurset varer fra fredag til søndag. Når det gjelder prisen tenker vi at dersom det er gratis så vil ikke folk være med i like stor grad. Da tenker de kanskje at dette er ikke seriøst nok. ...Men vi skummer nok kanskje fløten av et marked.... Det har stor verdi at det er høy standard på opphold... Vi tror at hotell virker avstigmatiserende.

Hos oss koster det 3200,- pr helg. Deltakerne må selv betale reisen. Vi er bevisste på å legge det til en helg. Det er et poeng at de som er med skal komme bort frå hjemmet. Vi har brukt tid på å finne gode steder å være.

I motsetnad til interesseorganisasjonane sine kurs, er desse arrangerte på forretningsmessig basis. Dei som held kursa, gjer dette som ein del av jobben sin, og kursverksemda er noko av grunnlaget for drifta til institusjonen eller organisasjonen.

5.7.2 Prisen på samlivskurs i regi av interesseorganisasjonar

Interesseorganisasjonane prøver å halde kursavgifta så låg som råd. Nokre arbeider aktivt for å få hotella til å gje gode prisar på slike samlingar. Dei er også opptekne av at rammene for kursa er viktige, til dømes at kursa bør haldast i hyggelege omgjevnader. I nokre samanhengar nyttar dei rimelegare overnattingstilbod som folkehøgskular eller leirskular, særleg dersom kurset er for heile familiar og andre pårørande. Sjølv om dei gjer bruk av profesjonelle foredragshaldarar, er mykje av opplegget basert på bruk av egne krefter. Dei legg heller ikkje like stor vekt på at kurshaldarane skal vere ein av kvart kjønn, men nyttar gjerne berre ein profesjonell, kombinert med egne lekfolk eller likemenn.

For å gjere tilbodet tilgjengeleg for brukarane er det slik at nokre organisasjonar dekkjer ein del av utgiftene til kurs for sine deltakarar, men at deltakarane dekkjer reisa sjølv. I andre samanhengar dekkar ein både reise og opphald:

Det er slik at vår organisasjon dekkjer reise og opphold og så er det en egenandel på 1000-2000 kroner. Prisen ekskluderer kanskje noen. Men det er i alle fall slik at det skal koste det samme enten du kommer frå Vardø eller Trondheim.

I kva grad dette let seg gjere kjem an på storleiken på tilskottet. Ein arrangør seier dette;

Både lag og organisasjonar treng slike tilskot for å kunne arrangere slike kurs...Slik at dei ikkje blir så dyre at folk flest ikkje har råd...Samlivskurs blir jo luksus for dei aller fleste ...Vi går ned på honoraret vi tar som kursholder dersom arrangørane får lite støtte frå BFD

5.7.3. Prisen på samlivskurs i regi av familievernkontor, helsestasjonar og kommunar

Dei offentlege instansane, som familievernkontor og kommunar prøver å halde kursavgifta på eit minimum. For eit par har det kosta frå 400 – 1000 kroner for ei helg. Ein føresetnad for å kunne tilby kurs til denne prisen, er at kurshaldarane ikkje tek honorar, men avspaserer frå ordinært arbeid den tida dei har nytta på å halde kurs. Dei trur prisen må vere såpass lav for å kunne vere eit tilbod for dei som utgjør brukarane i dag.

Prisen er under 1000 kroner for ei helg. Me tror at dersom me går høgt opp i pris, når vi berre dei bemidla. Vi når unge folk i etableringsfase.

Ein arrangør har også lagt PREP-kurs til hurtigruta, og beskriv dette som svært vellukka. Sjølv om dei har fått støtte frå tilskottsordninga, har prisen vore forholdsvis høg, om lag 2000 kroner per par. Arrangøren beskriv deltakarane på desse kursa som *ektepar i 40-50-åra med alminneleg god økonomi*. Om denne gruppa seier han vidare;

Man skal vere ganske motivert for å bruke mange tusen på eit kurs der man har i bakhodet at dette er noko ein bør kunne klare sjølv ...Då trur eg man må vere ganske fagleg orientert ...

Kursarrangørane er bevisste i forhold til kva målgruppe dei har med å gjere, anten det gjeld unge familiar med dårleg økonomi, familiar eller par der nokon er sjuke, eller som i neste døme - innvandrarar:

For vår målgruppe, som er innvandrere, kan kostnadene til deltakelse på slike kurs være en barriere for å få folk til å være med. Dersom det hadde kostet 500

kroner hadde de ikke kommet. De er ikke vant med å bruke penger til slike tiltak.

Familieskolen sitt opplegg skil seg frå dei andre i og med at deira tilbod inneheld både helgesamling og seks kurskveldar. Dette opplegget kostar om lag 3000 kroner for eit par. Dei argumenterer med at det må vere såpass omfattande for å kunne kallast skule. I og med at dei faglege innlegga er lagt opp som foredrag for større forsamlingar, oppnår ein til ein viss grad ”stordriftsfordelar”, ved at det berre er hovudinnleiarane som mottek honorar. Gruppeleiarane er lekfolk og får ikkje honorar for sin innsats. Ein føreset også at mykje av arbeidet, både det faglege og det organisatoriske, skjer på dugnad, og foredragshaldarane er dei einaste som får dekt reise og opphald.

5.8 Kva med oppfølgingskurs?

Tidlegare i rapporten har vi nemnt at evalueringar av førebyggjande samlivstiltak viser at tiltaka ser ut til å ha effekt, i alle fall på kort sikt, men truleg ikkje på lang sikt (Markman mfl 1993, Thurmaier mfl 1999). Dette kan tyde på at det er svært viktig med oppfølging dersom tiltaka skal kunne medverke til langvarige verknader. Ei slik oppfølging kan ha ulike former. Nokre føler behov for nytt kurs etter det første. Andre har meir behov for ei påminning og oppfrisking av innhaldet når det har gått ei stund. I kva grad ein opplever eit behov for oppfølging vil såleis kunne variere frå par til par.

Med få unntak finnast det ikkje tilbod om oppfølging frå dei kursarrangørane vi har intervjuet. Dei aller fleste hevdar at dei ser eit behov for oppfølging blant brukarane sine, men skuldar på manglande kapasitet anten det gjeld tid eller økonomi for å kunne gjennomføre dette. Unntaka gjeld dei av samlivstiltaka som er lagt opp slik at ein kan ta dei i fleire steg. Til dømes gjeld dette PREP-kursa. Andre opplegg kan eigne seg til å følgje fleire gongar. Vi har spurt både

kursarrangørar, kurshaldarar og deltakarar om kva dei tenkjer og praktiserer når det gjeld oppfølging. Ved eit familievernkontor som har hatt ulike typar PREP-kurs seier ein dette:

Eg har tru på at ideelt sett burde det ha vore oppfølging, slik at dette ikkje berre blir ein happening ..., og nokre oppfølgingskveldar hadde vore ideelt, men det har noko med vår kapasitet også å gjere..., men kunne ein fått meir ein prosess over tid, så hadde sikkert det vore bra ...

Familievernkontor har også praktisert ulike former for oppfølging av deltakarar frå nokre kurs:

Nokon av kursdeltakarane har blitt så samansveisa at dei har ønska å fortsette kurset i ei eller anna form. Vi seier at dersom nokon ønskjer å fortsette, så kan de komme hit ein ettermiddag. Ein av oss følgjer dei så nokre timar ut over ettermiddagen, og jobbar gjerne vidare med nokre av dei tema som var oppe på kurset.

Dette er ikkje eit terapeutisk opplegg, men eit høve til å arbeide vidare med dei inntrykka ein sat igjen med etter kurset. I andre samanhengar har til dømes fosterforeningar finansiert oppfølging til kurs 2 for fosterforeldre. Ut over dette meiner familievernkontoret at dei ikkje har kapasitet til å følgje opp kursdeltakarane, utan at dette går ut over andre kurs, men dei er klar over at mange ønskjer å ta del i fleire kurs. Ei alternativ løysing kan vere at kursdeltakarane knyter kontaktar med andre deltakarar på kursa og held fram med å jobbe vidare på eiga hand. Nokre av dei som har ein lokal profil på kursa sine, har eit mål om at deltakarane skal etablere nettverk og vere til støtte og hjelp for kvarandre.

Diabetesforbundet har behov for å prioritere medlemmer som ikkje har hatt tilbod om kurs tidlegare:

Vi kan ikkje prioritere dei som har fått vore på kurs- det har vi ikkje økonomi til, vi gir berre hjelp til å kome i gang med ein positiv sirkel. Men at det er behov for oppfølging, det er det ingen tvil om.

Modum Bad Samlivssenteret tilbyr oppfølgingskurset PREP 2. Det er ei oppfølging for dei som har vore på samlivskurset PREP. PREP er det einaste samlivstiltaket, hos aktørar som vi har studert, som har faste opplegg for oppfølgingskurs, der det andre kurset byggjer på og er ei vidareføring av det første. Av dei kursdeltakarane vi har snakka med, er det mange som har fått tilbod om PREP 2 (jf kp 5). Fleire av para har vurdert deltaking på oppfølgingskurset, men somme synest det kjem for tidleg etter det første kurset, for andre er det prisen som stoppar dei.

Familieskolen sender tilbod til tidlegare kursdeltakarar om å ta del i tilsvarande opplegg neste gang dei arrangerer, og meiner at opplegget eignar seg til deltaking fleire gongar. Det syner seg at fleire av brukarane har teke del fleire gongar, og at dette har fungert bra for mange.

5.9 Oppfatningar om tilskottsordninga

Alle arrangørane og kurshaldarane stiller seg svært positive til at ordninga finst, og er klare på at dei ikkje kunne arrangert slike kurs utan denne økonomiske støtta. Ein sokneprest som har lang erfaring både som arrangør og kurshaldar, uttrykker dette slik:

Det er klart at desse kursa kunne ikkje blitt noko av utan denne økonomiske støtteordninga. Det ville då vore eit såpass hinder for folk, at viss det blei for dyrt, så ville det berre vore dei toppmotiverte og ressurssterke når det gjeld pengar som hadde nytta seg av det..., og det er vel ikkje dei som treng det mest.....?

Informantane gir også uttrykk for at støtteordninga er inspirerende i seg sjølv, til vidare arbeid og frivillig innsats på dette feltet. Mange uttrykker at departementet på denne måten viser at dei verdset det arbeidet som blir gjort. Den økonomiske støtta blir primært nytta til å få ned prisane på kursa, slik at økonomien ikkje skal vere eit hinder for folk flest. Vi har også døme på

organisasjonar som har betalt heile beløpet for enkelte deltakarar når dei kjende til at folk måtte takke nei eller melde seg av på grunn av dårleg økonomi.

Søkjarar får oftast eit monaleg mindre beløp frå tilskottsordninga enn det dei søker om. For nokre organisasjonar gir dette seg utslag i at dei må redusere talet på deltakarar på kursa: Ein organisasjon med stor interesse for slike kurs blant sine medlemmer, uttrykker dette slik:

Vi kunne ikkje halde desse kursa utan støtte – det hadde blitt for dyrt for folk i eit fylke som vårt, med så lange avstandar... Det at ein får mindre enn ein søker om, inneber at ein må redusere talet på deltakarar. I fjor var det 50 par som ikkje fekk plass på samlivskurset, og det er veldig trist å seie nei til så mange ...

Ordninga tek ikkje omsyn til at det er dyrare å arrangere kurs i nokre landsdelar på grunn av at reisekostnadene for deltakarane er dyre. Organisasjonar som dekker reisene til sine medlemmer kan ikkje invitere så mange som dei ønskjer, ut frå at dei ikkje har tilstrekkeleg med midlar til å dekke reiser. Andre prøver å spare pengar ved å velje billegare lokale, som til dømes folkehøgskular og leirstader framfor hotell.

I nokre tilfelle er storleiken på tilskottet ikkje avgjerande for om det vert arrangert kurs eller ikkje, men det påverkar organiseringa og innhaldet av kurset. Enkelte kurs, spesielt dei som vert arrangerte i lokalsamfunnet utan eksterne kurshaldarar, vert oftast gjennomførte som planlagt, sjølv om arrangøren får mindre enn det er søkt om; ”*For viss beløpet var større, så kunne vi jo satsa på eksterne og meir profesjonelle kurshaldarar ..., og betre lokale ...*”, seier ein av dei.

Fleire av arrangørane og kurshaldarane driv, som før nemnt, denne verksemda på frivillig, idealistisk og ulønna basis. Det å få økonomisk støtte kan difor opplevast som ein motiverande faktor. Ein sokneprest seier dette slik:

Eg ville tru at om eg søkte, og ikkje fekk noko, så hadde det vore demotiverande å halde fram ... Men det hadde jo ikkje vore urimeleg om eg hadde teke noko for dette arbeidet, for når du skal halde på i lengda, så blir ein jo sliten ...

Offentlege kurstilbydarar, kommunar og familievernkontor understrekar at dei ikkje har midlar i sine ordinære driftsbudsjett til å drive slikt førebyggjande arbeid. Støtteordninga blir også av desse vurdert som særleg positiv, og det blir stadig understreka at den bør oppretthaldast, og at den framleis bør vere øyremerka dette føremålet.

Det er viktig for arrangørane at søknads- og rapporteringsprosedyrane ikkje blir for omfattande (sjå kp 1). Det kan føre til at ein ikkje tek arbeidet med å sette i gang slike kurs. Det er spesielt familievernkontor og kommunen som er opptekne av dette;

Eg har litt inntrykk av at BUFA krev meir av prosjektbeskrivelsar og sånn, og at det dermed blir kravd meir detaljplanlegging, lenge før man sender ein søknad. Dette virka greiare før, no verkar det meir byråkratisk, og det kan bli eit hinder...Eg lurar på kva som er tanken bak...

Det er også eit ønske om nærare kontakt med både BFD og BUFA. Ein av arrangørane seier dette slik;

Vi har nok for lite kontakt med dei, det kunne vore godt å møte dei for å diskutere litt uformelt. Eg veit ikkje om dei arrangerer noko treff blant søkarorganisasjonane, det burde det ha vore... For det er mykje som ikkje kan seiast i ei slik skriftleg evaluering, så det å kunne møtast kunne vore godt... Du veit, departementet blir litt for framand for oss, men det går jo også på vår rolle ... Kanskje viss vi hadde kjent personane som arbeider med dette, så kunne vi også ha vore tryggare for å diskutere ting, dei er framande og dei arbeider i eit departement, og då har man kanskje litt for stor respekt, og det er for stor avstand...

Det er ikkje overraskande at alle aktørane set stor pris på tilskottsordninga. Dei fleste seier at dei ikkje kunne drive slikt arbeid utan støtte, samstundes som dei meiner reduserte løyvingar går ut over kursopplegget:

Vi er helt avhengige av offentlig støtte for å kunne drive slikt arbeid. Vi har en filosofi på at det skal være bra det vi setter i gang av slike tiltak. Vi får for lite penger for å kunne gjennomføre kursa slik vi tenkte.

Nokre søkjarar får vanskar med å gjennomføre kurset fordi løyvinga frå BFD og BUFA er mykje mindre enn det dei har søkt om. Andre må endre opplegget for kurset som følgje av det same.

Vi var glade for at vi fikk de midlene, selv om det var mye mindre enn vi søkte om. Vi burde hatt et møte med BFD for å få omdisponere midlene. Vi ønsker å komme i dialog med BFD om dette arbeidet. Vi vil gjerne forklare hvordan vi jobber og hva vi jobber med. Ett år fikk vi for lite penger til å gjennomføre kurset. Vi må være mer aktive i forhold til BFD og BUFA for å få midler. Vi har for lite kjennskap til dette. Men det er ikke bare slik at vi kan trenge BFD, de kan sikkert også trenge vår kompetanse.

Nettopp dette med å utvikle dialogen mellom brukar og BFD og BUFA vert nemnt av fleire, like eins å utvikle ein dialog mellom ulike kurshaldarar og arrangørar:

Kanskje kunne det være tettere oppfølging og dialog med BFD og BUFA. Det kunne kanskje medvirket til at en fikk mer ut av pengene.

Det kunne vært noe mer dialog med BFD og andre som holder på med samlivsarbeid. Det å møte andre er veldig positivt. Vi kunne gjerne hatt mer permanent kontakt.

Men det er også mange som meiner at det er forhold ved ordninga som må endrast. Dette gjeld særleg søknadsprosedyrar og søknadstidspunkt.

Det som eg meiner er kritikkverdig er at BUFA er så seine at heile våren går for ein veit nokon ting. Vi må ha alle kursa om hausten, og det er belastande.

Like eins må dei som ventar på kurs, vente eit heilt år. Det burde vore tildeling i februar.

5.10 Oppsummering og vurdering

I dette kapittelet her har vi sett søkjelyset på korleis ulike kursarrangørar og kurshaldarar organiserer og gjennomfører sine kursopplegg. Evalueringa er tufta på arbeidet til 14 ulike kursarrangørar, og det er lagt vekt på at utvalet så langt som råd skal representere breidda i tilbodet av samlivskurs. Nokre av arrangørane har samlivskurs som eit av sine hovudområde, andre har samlivstema som ein integrert del i eit meir omfattande opplegg.

Dei aller fleste kursa set søkjelyset på kommunikasjon, konflikt og konflikthandtering, men det er variasjonar i måten ein tilnærmar seg tema og måten ein organiserer kursa på. Nokre av tiltaka er retta mot spesielle målgrupper, andre arrangerer kurs som er ope for alle. Variasjonen i opplegg og innhald i samlivskurs er stor. Somme kurs fokuserer i stor grad på å lære par metodar for å kommunisere seg i mellom, andre legg meir vekt på at deltakarane skal vere aktive i lag med dei andre kursdeltakarane. Nokre kurs femner om ulike sider ved familien som institusjon og dreg inn relasjonar til andre familiemedlemer, både eigne foreldre og barn. Det finst kurs som er lagde opp med ein relativt stor del fagbaserte innlegg og med diskusjonar i mindre grupper og i plenum. Andre kurs tek utgangspunkt i ein sjukdom, funksjonshemming eller utfordringar knytt til foreldrerolla. Kursa varierer også i forhold til om dei er meint som ei vitamininnsprøyting, som eit førebyggjande tiltak eller om det er eit tilbod for dei som slit med litt større problem. Men ingen av kursa tek sikte på å vere noko erstatning for terapi, og er ikkje meint for ektepar i krise. Nokre kurs vert arrangerte som helgekurs, andre på kveldstid. Omfanget varierer også frå ein dag/kveld til heile helgar og fleire kurskveldar.

Det skil seg frå den eine organisasjonen til den andre i kva grad dei nyttar egne tilsette eller leiger inn eksterne kurshaldarar, eller om ein kombinerer dette. Men alle kurshaldarane har spesiell kompetanse retta inn mot denne typen aktivitet. I tillegg kan såkalla likemenn vere med som gruppeleiarar. Det er fleire som nyttar to kurshaldarar på kvart kurs, ofte ei kvinne og ein mann. Hos dei kristne organisasjonane er dette gjerne ektepar, hos dei andre er dette sjeldan tilfelle.

Marknaden for samlivskurs ser ut til å vere stor og veksande. Dei aller fleste arrangørane lukkast med å rekruttere deltakarar til kursa sine. For dei arrangørane der målgruppene er gitt i utgangspunktet, skjer rekrutteringa gjennom å sende ut invitasjonar til egne medlemmer, gjennom samarbeid med helsestasjonar og sjukehus, og ved å annonsere i medlemsblad. Desse kursa har svært god oppslutning. Det same gjeld dei store nasjonale aktørane sine kurs som vert arrangerte ulike stader i landet. Desse vert kunngjorde gjennom aviser og nettsider. Erfaringane er litt meir delte når det gjeld lokale arrangørar som arrangerer kurs i sine nærmiljø. Eigenskapane til kurshaldarane, om dette er personar som har tillit, og måten ein tilnærmar seg tema på kan vere avgjerande. Rekrutteringa til nokre av samlivstiltaka skjer også ved at vener og kjende tilrår kursa for kvarandre.

Kursarrangørane opplever at kursa deira i størst grad appellerer til folk med litt høgare utdanning. Det ser ut til at dei dyraste og mest eksklusive ”skummar fløyten” av ein marknad, både når det gjeld utdanning og inntekt, medan det er større variasjon blant dei andre. Dei kyrkjelege organisasjonane har sine egne medlemmer som viktigaste målgruppe, men rekrutterer også folk som ikkje er aktive medlemmer. Interesseorganisasjonane rekrutterer i større grad på tvers av sosial status- og utdanningsnivå, medan familievernkontora har eit tilbod til

barnefamiliar, som i større grad enn andre er avhengig av at ikkje kursa er for dyre.¹³

Det er mange måtar å organisere kursa på, helg eller kveld, ei eller fleire økter. Det kan vere praktisk med helgar fordi folk vanlegvis har fri. Dette gjeld også for arrangørar og frivillige som yter dugnadsinnsats. Helgesamlingar medverkar til at folk blir kjende på ein måte som påverkar utbyttet av kurset i positiv retning. Nokre hevdar også at det å vere på hotell verkar avstigmatiserande. Folk tenkjer annleis om å unne seg ei helg på hotell og investere i parforholdet sitt, samanlikna med ei helg i familievernkontoret sine lokale.

Fleire av dei arrangørane vi har møtt er svært opptekne av at kostnadene til samlivskurs ikkje skal ekskludere nokon. Å få prisen ned, slik at folk flest kan delta, er difor eit mål. Andre er opptekne av at slike kurs heller ikkje skal vere for rimelege, ut frå tanken om at ein legg meir alvor i deltakinga dersom kurset kostar litt. Dessutan kan kurset framstå som meir seriøst og gjennomtenkt når det kostar litt.

Mange er samde i at det er bra med oppfølging i etterkant av kursa og med oppfølgingskurs. Somme organiserer treff for deltakarane i etterkant, medan andre kursdeltakarar held fram å møtast på eige initiativ. Nokre tilbyr også egne oppfølgingskurs, men for fleire av arrangørane er likevel dette eit spørsmål om kapasitet. Mange prioriterer heller å nå nye målgrupper enn å tilby oppfølging. Det er likevel ein beredskap på dei fleste kursa ved at ein formidlar tilbod om individuell oppfølging gjennom samtalar med familierapeut eller andre i etterkant.

¹³ Desse opplysningane baserer seg på informasjon frå arrangørane, og ikkje på undersøkingar blant deltakarane.

Arrangørane er også opptekne av at dei har for lite dialog med BFD og BUFA. Fleire ønskjer meir kontakt, og meir kjennskap til andre som driv med samlivskurs, ikkje minst med dei aktørane som driv med utviklingsarbeid.

Kritikken knytt til tilskottsordninga, frå arrangørane side, gjeld særleg søknadsprosedyrar og søknadstidspunkt. Fleire meiner at søknadsprosedyrane er for kompliserte og at løyvingane vert klare så seint på året at ein ikkje rekk å gjennomføre kursa. Det kan vere vanskeleg å planlegge kursa fordi det går lang tid før ein får tilbakemelding på om ein har fått støtte eller ikkje.

Tilskottsordninga blir av dei alle fleste trekt fram som avgjerande for at kursa i det heile let seg arrangere, og storleiken på tilskottet påverkar i nokre tilfelle kor mange som får tilbod om å ta del. Tilskottet blir også opplevd som ei oppmuntring og som ein aksept av den dugnadsinnsatsen som arrangørar og kurshaldarar legg i dette arbeidet, og som eit signal om at arbeidet dei held på med er viktig.

Kapittel 6 Lokale samlivstiltak - kursdeltakarar sine erfaringar og synspunkt

6.1 Innleiing

I dette kapitlet er det erfaringar og synspunkt til kursdeltakarar som er tema. Dei kursdeltakarane som vi har intervjuet kan delast inn i tre grupper utifrå kva type samlivstiltak dei har vore med på.

For det første har mange deltakarar vore med på kurs i regi av organisasjonar som arrangerer *reine samlivstiltak*, som til dømes PREP, Du og jeg og vi to, Langs samme vei og Sammen i kjærlighet, primært arrangert av Modum Bad Samlivssenteret, Nasjonalforeningen for Folkehelsen og Navigatørene. I tillegg kjem kursopplegg som er utvikla lokalt, til dømes ved familievernkontor. Par som har vore med på desse kursa er først og fremst ute etter tiltak der samspel og forholdet mellom ektefellane står i fokus.

Den andre gruppa er dei som har vore på kurs arrangerte av *interesseorganisasjonar*. Desse deltakarane har primært vore på samlivsrelaterte kurs fordi dei er medlemmer i ein interesserorganisasjon. Dette kan til dømes vere Forening for Hjertesyke barn (FFHB) eller Diabetesforbundet. Ofte er dette kurs eller ei samling der samlivsspørsmål er eitt av mange tema, og ikkje nødvendigvis hovudfokus.

Den tredje gruppa er dei som er med på kurs i regi av *kristne eller kyrkjelege organisasjonar*. Deira tilbod er ope for alle, og kursdeltakarane er rekrutterte både i og utanfor eigne rekker. Desse opplegga har det til felles med interesseorganisasjonane sine opplegg, at dei rekrutterer flest blant eigne medlemmer. Medlemene ser på denne aktiviteten som noko det er naturleg å ta

del i, gjerne fleire gongar. Døme på slike arrangørar kan vere Familieskolen og Navigatørene.

Vi har altså vore ute etter å få fram deltakarane sine erfaringar og synspunkt på kvifor dei har vore med på samlivskurs, kva utbytte dei har hatt av tiltaket, korleis dei opplever organiseringa, gjennomføringa og prisen på kursa, og kva tankar dei har om oppfølgingskurs.

6.2 Bakgrunn for val av kurstype

Motivasjonen for og årsakene til at ein vel å vere med på samlivstiltak varierer.

For nokre er det eit bevisst ønske om å betre samlivet, anten fordi dei ønskjer å løyse problem i forholdet, eller fordi dei ønskjer å førebygge eventuelle framtidige problem. Andre er med på ei samling som til dømes vert arrangert av ein interesseorganisasjon eller eit kyrkjesamfunn dei er med i, der samliv kan vere eitt av mange tema. Dette indikerer nært samsvar mellom arrangørar sine motiv for å arrangere samlivskurs og dei behov som brukarane har. (Jf kp. 5)

6.2.1 Motiv for deltaking på kurs i regi av organisasjonar som har samliv som hovudtema

Dei kursa som her vert omtala som ”reine” samlivskurs er oftast arrangerte i regi av eit familievernkontor eller som eit PREP-kurs.¹⁴ Av desse er PREP det kurset som dominerer marknaden. Årsakene til at folk vil vere med på PREP-kurs er mellom andre:

Vi valgte PREP og samlivssenteret fordi vi hadde tro på at Samlivssenteret var seriøse på slike kurs. Men det ble kanskje litt vel mye fokus på at opplegget var forskingsbasert (kvinne 42).

Tja, vi synes egentlig vi hadde det bra. Men på jobben var det tøffe tak og det spiste av forholdet vårt kan du si, og jeg synes vi kommuniserte dårligere i den perioden. Dette sa jeg til legen min, og da foreslo hun PREP-kurs (kvinne 36).

¹⁴ Prevention and Relationship Enhancement Program.

Her er det tidsklemma som er det store problemet. Vi har for lite tid sammen, og det går ut over forholdet (mann 49).

Andre har valt kurs i regi av familievernkontor, og seier dette om kvifor dei har ville på samlivskurs:

Ho: Vi møtte på problemer i forhold til veldig mange ting. Målet var å komme seg vekk og se om vi hadde noe å lære av det som par (kvinne 37)

Han: Ja, det var nokså enkelt, vi var interessert i å få det til å fungere i det heile tatt, komme ut av situasjonen som vi var kommet opp i og som var dårlig. Det er det viktigste. Finne en bane vidare for å si det sånn. (mann 43).

Fleire informantar gir uttrykk for at dei har meldt seg på kurs fordi dei hadde vanskar i forholdet eller fordi samlivet rett og slett ikkje fungerer. Nokre konkretiserer problemet nærare og seier at det dreiar seg om kommunikasjonsvanskar og tidsklemma. Andre har valt å vere med på samlivskurs fordi dei vil ha ei helg med fokus på seg sjølve som par, ikkje fordi dei har alvorlege vanskar, men fordi dei vil førebygge vanskar og kanskje styrke samlivet ytterlegare. Mange av dei som har vore på PREP-kurs har høyrte om Samlivssenteret til dømes via kjende eller media, og går inn på heimesidene deira og finn meir ut om kva kurset går ut på.

Felles for mange av dei som har vore med på samlivskurs i regi av *familievernkontor*, er at dei har sett på samlivskurs som ein siste utveg for å få samlivet på rett kjøl. Dei har store problem i forholdet, og kurset er for dei eit tiltak for å prøve å unngå skilsmisse. Eit ektepar som deltok på samlivskurs for stefamiliar seier det på denne måten:

Ho: Eg hadde gått trøtt i forholdet, og var eigentleg ikkje innstilt på å søke hjelp, men det var mannen min som så gjerne ville at vi skulle prøve. (kvinne 35)

Han: Det var på grunn av at ho hadde gått litt tom og var usikker på kva ho eigentleg ville. Eg ville at vi skulle vere med på samlivskurs, for rett og slett å sjå om det kunne vere ting som kunne sjåast litt frå utsida. Det var eigentleg for å forsøke alt. Ho var gått lei og ville flytte for seg sjølv. (mann 45)

Det var litt sånn, enten det, eller så måtte vi kutte... Måtte prøve alt. Eg hadde henta separasjonspapir og alt var klart (kvinne 31).

Andre ville førebygge problem i samlivet på bakgrunn av tidlegare erfaringar.

Ei kvinne uttrykker dette slik:

Det var rett og slett for å få eit pusterom i kvardagen, og når du har mislykkes ein gong i eit ekteskap, så har du ikkje lyst til å mislykkes enno ein gong, så vi har satsa mykje på å holde saman. Og kursa var annonserte for folk som ikkje hadde store problem, men som hadde det godt og som vil ha det enno betre ... (kvinne 64)

Det finst også dei som har meldt seg på samlivskurs utan å ha opplevde problem, men meir på grunn av at kurset vart arrangert i nærmiljøet, at det høyrdest spanande ut, og at venner melde seg på.

Årsakene til at folk vil vere med på ”reine” samlivstiltak varierer altså frå deltaking som eit middel til å unngå skilsmisse til det å få ei helg fri frå barn, og eit frirom med fokus på seg sjølve som par.

6.2.2 Motiv for deltaking på kurs i regi av interesseorganisasjonar

Informantane i denne gruppa har delteke på forskjellige typar tiltak i regi av interesseorganisasjonar, som til dømes Diabetesforbundet og Foreningen for Hjertesyke barn. Hovudsakleg dreier dette seg om familiar der ein av partane, eller der eitt eller fleire av barna har funksjonshemming eller ein kronisk sjukdom.

Desse deltakarane poengterer at den viktigaste årsaka til at dei deltek på samlivskurs er at dei ønskjer å få kunnskap om og perspektiv på korleis det er å leve med ein kronisk sjukdom eller funksjonshemming. Eit gjennomgåande argument for å delta på kurs i regi av interesseorganisasjonar er utsegner som kan samanfattast til *at kunnskap om sjukdomen er bra for samlivet*. Mellom

anna blir det trekt fram at det å leve med diabetes gir store utfordringar i det daglege for heile familien. Samlivskurs gir nyttige perspektiv:

Det er så vanskeleg å vurdere kva dei skal få lov til, kor mykje skal ein sleppe dei, kor mange sjansar skal ein ta... , og då blir det lett konflikhtar mellom foreldre... Slike ting er tema på desse kursa. Og ofte blir det jo situasjonar der foreldre har ein slags oppgjer seg i mellom på desse kursa, og det kan jo vere både tøft og pinleg... Men det er klart at her alltid er vanskelege ting mellom foreldre ... Kor langt skal ein tørre å la det gå? Så det blir jo nokre diskusjonar her ... (far 49)

Fleire foreldre med eit sjukt barn gir uttrykk for at dei ofte har dårleg samvit overfor dei andre barna i søskenflokket. Ein far seier dette om korleis foreldrekurs kan verke inn på heile familien ;

Her får ein perspektiv på at ein ikkje er åleine, men at det er andre som til og med har det verre... Og så ikkje minst det at ein lærer seg å bli trygg, slik at ein ikkje påfører barnet unødvendig angst, men også det at søskena kan bli tryggare... (far 40)

Deltaking på kurs der samliv er tema kan påverke rolleoppfatningane mellom ektefellane, til dømes når det vert fokusert på at det å vere pårørande også kan vere vanskeleg. Ein pårørande til ein diabetikar seier:

Men det beste med slike kurs er kanskje at den som har diabetes også får eit innblikk i korleis det kan opplevast for den som er pårørande. Diabetes er noe heilt anna for den pårørande enn den som har sjukdomen. Kanskje det er like viktig at den som har diabetes får eit innblikk i det. Det er vel naturleg at den som har sjukdomen er seg sjølv nærmast, men for den andre parten er problemstillinga heilt annleis ... (mann 55)

Fleire av dei som har barn med diabetes trekker fram at dei deltek på kurs først og fremst for å få kunnskap om sjukdomen eller funksjonshemminga - ettersom det i neste omgang vil verke inn på kvardagen og samspelet i familien. Foreldre uttrykker at noko av det aller viktigaste med auka kunnskap er auka tryggleik, og at ein dermed kan unngå unødig mas. Kunnskap og kursverksemd har innverknad på samspelet i heile familien. Dersom fleire i familien har kunnskap

om sjukdomen/funksjonshemminga og om kva det vil seie å vere den sjuke eller den pårørande, vil det kunne førebygge uvisse og vanskelege situasjonar. Desse familiane skal lære seg å leve med sjukdom/funksjonshemming hos barn eller andre i familien, medan andre skal leve med å ha mista eit barn. Deltaking på samlingar for par som har mista eit barn, har vore til god hjelp for mange:

Samlingane har nok vore med på å halde oss i hop som par, det trur eg nok. Det er tøft, det å misse ein unge, og som par opplever ein ting veldig forskjellig ... (far 32)

Vi var litt i tvil, men vi ser i ettertid at det var greitt at vi gjorde det. Vi har vore på tre samlingar no (mor 34)

Dei som er på samlingar og kurs i regi av interesseorganisasjonar møter ofte andre som er i likande situasjon som dei sjølve. Som vi skal sjå seinare i kapittelet, er dette noko av det som medverkar til at dei opplever å ha stort utbytte av tiltaket.

6.2.3 Motiv for deltaking på kurs i regi av kristne organisasjonar

Informantane i denne gruppa har delteke på samlivstiltak i regi av fem samarbeidande kyrkjelydar.¹⁵ Motiva for deltaking varierer også for dei som har vore på samlivskurs med kristen profil, eller på kurs arrangert av kristne og kyrkjelege organisasjonar. Nokre par tek kurset allereie som nygifte for å lære noko om korleis dei kan få det betre saman:

Det var når vi var nygift. Vi syntest det var godt å få litt tips om korleis leve saman i staden for å finne opp alt krutet sjølv. Vi hadde vore med på familieleirar i regi av Ungdom i Oppdrag før dette, og hadde gode erfaringar med det. Vi reiser av og til på ekteparweekend, og synes det er godt å få pleia den sida litt (mann 37).

¹⁵ Nokre av informantane er ikkje medlemmer i dei kyrkjelydane som står som arrangørar.

Informantane har oftast fått kjennskap til kurset via brosjyrar eller gjennom kyrkjelyden dei går i. Såleis er dei kjende med at det er dyktige foredragshaldarar. Dessutan er det eit poeng at mange av venene deira tek del. Behov for å friske opp samlivet og få litt påfyll i ein travel kvardag kan også vere eit motiv for å vere med på samlivskurs.

Det ble rett og slett moro av den grunn. Vi kjente til tilbudet og syntes det kunne være kjekt å ha med seg. (Mann 27)

Det så artig ut på programmet, og det var aktuelle temaer. Vi er ikke med i noen menighet, og bare den ene av oss har et kristent livssyn... (kvinne 37)

Kurset omhandla relevante problemstillingar i forhold til kva vi kunne tenke oss å forbetre og jobbe med. (kvinne 41)

Det kjem også fram at kursa ofte har ein appell og eit innhald som gjer det lett å tilrå slike vidare til vener og kjente. Jungeltelegrafan er såleis ein viktig rekrutteringskanal.

Gjennom intervjuar har det kome fram at det er svært ulike årsaker til at par vel å vere med på samlivskurs. For medlemmer i interesseorganisasjonar eller kristne organisasjonar er deltakinga på slike tiltak ein naturleg del av det å vere medlem i desse organisasjonane. Andre er med på samlivstiltak fordi det kan vere ei vitaminnsprøyting, ei frihelg eller eit tiltak for å få innspel i forhold til å kunne styrke samlivet, og for somme par er det eit verkemiddel for å prøve å unngå skilsmisse.

6.3 Utbyttet av samlivstiltak

Kva nytte opplever brukarane at dei har av å vere på samlivskurs og kva endringar har kurset ført til i ettertid? Svara på desse spørsmåla kan vere påverka av fleire ting. I og med at det er store skilnader i forhold til kva situasjon para er i og kva som er motivet deira for å vere med, vert kanskje også

utbytte påverka av dette. Felles for dei aller fleste av kursdeltakarane er at dei føler dei har hatt utbytte av å ha vore med på samlivskurs. Som vi har vore inne på tidlegare i rapporten, er kursa ulike i forhold til kva som er fokus. Nokre tek sikte på å øve opp para si evne til å kommunisere, andre i å få fram ressursane i kvar enkelt. Det å alminneleggjere situasjonar og knyte kontaktar til andre i liknande livssituasjon vert vektlagt på fleire kurs.

Auka sjølvinnsikt i måten ein reagerer og opptrer på i forhold til andre, er ein effekt som vert trekt fram frå ein av deltakarane på eit av familievernkontora sine kurs. Like eins det å verte meir trygg på seg sjølv i forhold til andre, og det å tore å kommunisere omkring eigne problem:

Det var veldig mye gruppearbeid. Vi måtte tenke mye på hvordan man møter både partneren og hvordan man møter andre folk. Mye samtaler og rollespill. Man måtte delta med både kropp og sjel. Det var spennende at folk torde å stå opp og vise fram en gitt situasjon som et skuespill. Alle var i samme båt, så alle gav i grunnen av seg sjølv. Tenkte ikkje så mye over at ein var flau. Er kjempefornøyd. Fikk alle til å løsrive seg, sjølv om mye var veldig personlig. (kvinne 38).

Medan mange kurs fokuserer på kommunikasjon og kommunikasjonsteknikkar, er tanken bak dette kurset at deltakarane også skal dele tankar og erfaringar med andre par. Mange opplever det som godt at dei ikkje er åleine om å ha problem. Dessutan er det positivt å kome over terskelen det kan vere å fortelje til andre korleis ein har det:

Det å dele erfaringar med andre i eit ope forum var forferdelig vanskeleg til å begynne med, men det var ikkje så lenge før samtlige liksom fikk litt vann på mølla og trekte i gang. Mange har ikkje lyst til å brette ut privatlivet sitt, men vi blei på den korte tida så godt kjent med kvarandre at det ikkje var noko som ikkje blei sagt, det gjorde godt (mann 45).

Gjennom å få kvart enkelt par til å rette fokus på kva ressursar dei sjølve sit inne med, i staden for kva problem dei strir med, kan ein få kursdeltakarane til å sjå både seg sjølv og partneren med nye auge:

Eg føler at dette hjelpte oss eit stykke vidare. Eg opplevde også nye sider ved partneren i løpet av den helga som eg sette pris på. (Kvinne 37).

Også det å skulle tenke igjennom kva det er som gjer at ein set pris på den andre, kan opne nye perspektiv for vidare samliv.

PREP-kurset legg først og fremst opp til førelesingar og at para arbeider med oppgåver med rettleiing frå kurshaldarane. Måten dette vert gjort på får deltakarane til å tenke gjennom korleis dei fungerer i forhold til kvarandre. Dette kan for så vidt vere forhold som para eller enkeltpersonar sjølve er klar over, men for å kome vidare er det kanskje nødvendig at andre peikar på det og gjer ein merksam på det:

Det er ikke det at det kom fram så mye nytt, men det at det er felles fokus og at det er noen andre som forteller om det. Dessuten var de flinke til å komme med eksempel som gjør at en kjenner seg igjen (kvinne 28)

Å reise bort ei helg for å oppleve kristent fellesskap og bruke tid på å vere saman med ektefellen vert framheva som fint. Elles er det å dele erfaringar med andre par noko av det som gir utbytte:

På dei kursa vi har vore, har foredragshaldarane vore litt personlege og delt ting frå sine liv, og det gjer at ein også tør å gjere dette sjølv, at det blir ein god dialog der. Det er viktig at kursa opnar for å dele erfaringar. (Mann 38)

Eg sette mykje pris på at forelesarane visste godt kva dei snakka om. Dei var flinke til å vise frå undersøkingar og til litteratur. Både å dele sine liv og sine fagkunnskapar. Dei brukte seg sjølve som eksempel. (Kvinne 42)

I enkelte kristne miljø har par vore på kurs fleire gongar. På spørsmål om kva det er som appellerer til dei, seier dei at det er sider ved sjølve opplegget som gjer kurset interessant. Som nemnt er somme mest opptekne av dialogen som skjer i gruppene, men det er også mange som trekker fram foredragshaldarar som spesielt inspirerande:

Han hadde med seg kona, og ho var eit fantastisk supplement til han på kurset. Kor vellykka et slikt kurs skal vere er nok veldig personavhengig, korleis kurshaldaren er... Eg veit jo om andre som har annonsert kurs utan å få påmeldingar, og det forstår eg godt når ein kjenner dei som skal ha kurset ... (mann 49)

Ein av dei kristne arrangørane har innleiarar med høg formell kompetanse innan familieterapi og det er alltid ektepar som står for både undervisning og leing av gruppene. Om forholdet mellom profesjonelle og lekfolk vert det mellom anna sagt:

Eg veit ikkje korleis eg vil vurdere kven som er profesjonelle og kven som er lekfolk i denne samanhengen.... Trur begge delar er eit pluss. For meg handlar det mykje om kven desse personane er. Dersom det er ein som har mykje formell kompetanse, men som likevel ikkje formidlar noko spesielt til meg... Viss det er ein som har levt livet og formidlar gode ting der så betyr det mykje. Ein viss formell kompetanse er sikkert eit pluss. Men personane betyr meir enn papira... (mann 37).

I nokre tilfelle ser det ut til at kurshaldaren er avgjerande for om dei melder seg på kurs, og at dette har mykje å seie for utbyttet av kurset. Spesielt gjeld dette når folk har erfaringar med kurshaldaren, anten frå tidlegare samlivskurs eller frå andre samanhengar.

6.3.1 Utbyttet av å vere i lag med andre i liknande situasjon

Når ein har mista barnet sitt, eller barnet er ramma av alvorleg sjukdom eller funksjonshemming, vert det å treffe andre i liknande situasjon noko av det viktigaste ved å ta del i samlingar. Det same kan gjelde om ektefellen eller ein sjølv lid av ein sjukdom. Ved sida av å tileigne seg kunnskap om sjukdomen

eller funksjonshemminga, er kunnskap om samspelsproblematikk trekt fram som noko av det viktigaste:

Ein høyrer det at andre folk har det sånn som vi, det er ikkje oss det er noko gale med. Tankane våre er normale liksom. Det er så ope og greitt på sånne samlingar. Ein fortel liksom alt, ein vert open sjølv av det også. Det har nok ført til at vi har vorte flinkare til å snakke saman vi også. Vi er blitt veldig flinke til å snakke om det som skjedde. Samlingane har nok vore med på å halde oss i hop som par (kvinne 30 år).

Ein møter altså andre i same båt, noko som medverkar til at tankar og opplevingar vert mindre dramatiske enn når ein går og ber på dei åleine. Å treffe andre par som ein kan snakke med om eigne erfaringar, har også ført til at par vert meir opne seg i mellom:

Det kom fram en del tanker på samlinga som vi satt med selv og som vi ikke hadde fått fortalt hverandre. Som vi i utgangspunktet ikke ville snakke med hverandre om, men som passa så godt der. Det hjalp oss slik (mann 32 år).

Men også det å ha ein sambuar eller ektefelle med ein kronisk sjukdom eller funksjonshemming gir spesielle utfordringar. Å delta på samlivskurs, der ein tek utgangspunkt i sjukdomen eller funksjonshemminga, for deretter å nærme seg utfordringar knytte til samhandling og samspel mellom ektefellar, vert av fleire trekt fram som ein god måte å nærme seg desse vanskelege spørsmåla på. Sambuaren til ein mann med diabetes, seier dette om eit parkurs ho og mannen har vore på;

Her var det både unge og gamle, og eg fekk eit innblikk i korleis det kunne vere for dei ulike para... Og når man høyrde kva andre strevde med... så ..., og då vi reiste derifrå så var vi nok alle veldig glad for at vi hadde fått vere med på dette...Kurset handla om diabetes og det å leve i lag og takle ulike situasjonar, og likedan korleis man kunne forholde seg til den som har diabetes. Mange blir jo veldig sinte når dei har føling, og får mange forskjellige reaksjonar, og her lærte vi at i stedet for å bli forbanna heller burde prøver å roe ned ..., og ikkje minst for oss som berre blei redde... Eg vart mykje

tryggare, eg forsto at mange har det enno verre enn oss, og eg fekk lære kva eg kunne gjere i desse følingssituasjonane (kvinne 57).

Pårørande opplever jamt over at det å ha fått auka kunnskap om sjukdommen gjer at dei vert tryggare i kvardagen. Og sjølv om kurshaldarane vert framstilt som dyktige, med mykje kunnskap og god formidlingsevne, vert gruppearbeida og det uformelle samveret med andre par vurdert som særleg viktig, både i forhold til spørsmål knytte til sjukdomen og spørsmål som gjeld samspelet mellom ektefellar og andre familiemedlemer.

Fleire deltakarar trur at mykje av det som dei lærte på kurset hadde vore nyttig å kunne på eit tidlegare stadium i parforholdet.

Vi har snakka om det at helsestasjonar og menigheter burde gi dette som gave når folk gifter seg fordi du kan forebygge så mye med det òg. Jeg syntes det var så mye positivt at vi burde hatt det mye før, så hadde vi kanskje sluppet en masse av de tinga som vi strever med, ikke det at alt er så greit nå, men det ble en ny start. Vi såg ting på nye måter (kvinne 31)

Nokre meiner det kunne vore fint med eit kurs i samband med at dei gifta seg, andre i samband med at dei fekk sitt første barn, fordi dette er viktige overgangar i livet. Desse tankane er i tråd med forslaget i familiemeldinga (St.meld nr 29 (2002-2003)) om å gje tilbod om gratis samlivskurs til nybakte foreldre.

6.3.2 Faktorar som svekkar utbyttet

Dei fleste kursdeltakarane har lite å utsette på sjølve kursopplegga, man har vanskeleg for å sette av tid til å jobbe vidare med forholdet sitt når dei kjem heim. Ei som har vore på PREP-kurs seier dette:

Opplegget var veldig bra. Vi fikk mye igjen der og da. Det var på en måte ei god investering. Men det varte litt kort da.. så vi skulle ønska vi fikk jobba litt mer med det etterpå. Så er det dette med tid. Men det er synd. Men det funka

ikke for oss. Så da kan en spørre seg. Da var det liksom ikke helt vellykka likevel da. Selv om opplegget var fint og flott (kvinne 45)

Måten kursa er organiserte på, kan ha mykje å seie for kva utbytte par eller familiar sit igjen med. Nokre finn seg best til rette på kurset dersom dei møter andre i same livsfase som dei kjem godt overeins med. Men ikkje alle er innstilte på å dele sine erfaringar med andre kursdeltakarar:

De gruppene fikk vi ikke så veldig mykje ut av. Kanskje litt i forhold til hva vi gav selv. Kanskje i vår gruppe var det ikke så veldig stor åpenhet. Og noen var bare forlovet og i en annen verden. Gruppene burde kanskje vært sammensatt av folk i samme livsfase. Det med grupper er litt forskjellig... jeg mener det er viktigst å dele inputen med den man er gift med (kvinne 41).

Interesseorganisasjonane legg vekt på at folk skal ha høve til å verte kjende og snakke med kvarandre på samlingane. Kursdeltakarar som har vore på ei av familiesamlingane reagerer likevel på at den delen av samlinga som omhandlar samlivsrelaterte tema, var relativt dårleg organisert:

Det ble til at man snakket mest om andre ting som ikke var tema. Det ble litt for privat liksom, å ta opp det der når man ikke kjenner folk, og det blir så kort. Vi er der jo først og fremst på grunn av ungene. Noen hadde ikke ektefellen med seg, og andre hadde foreldre med seg, så det ble liksom ikke helt ”innertier” på den...Det er noe med det å sitte og utlevere familielivet ditt slik over bordet. Samtidig er det det at når man har ungene med så er det de som er i fokus. ...noen av disse er så små at de løper ut og inn, og så er man redd for følingar osv (mor 43).

Vedkomande mor meiner at ho hadde hatt langt større nytte av å vere med på eit samlivskurs dersom ein der hadde teke opp færre tema og ein fikk konsentrert seg betre. Eit anna moment som ho også trekte fram var:

Det hadde kanskje blitt mer relevant i forhold til samliv om det ikke hadde vært ei ensartet gruppe i forhold til den sykdommen, men kanskje kurs for foreldre med forskjellige typer sykdommer. Ikke alt bør relateres opp til sykdomssituasjonen kun for diabetikere men heller koplast opp til felles

problemstillinger for par. Eg følte at det var feilplassert i den situasjonen, og det blir trukket for mye fram det om sykdommen (Mor 35)

6.4 Organisering, gjennomføring og pris

Informantane er spurde om kva dei synest om opplegget for og organiseringa av tiltaket. Er det viktig at kursa er i lokalmiljøet, eller er viktig å kome seg vekk når ein skal rette søkelyset mot eige samliv? Høver det best med helgesamlingar eller dagskurs, og kva synspunkt har dei når det gjeld prisen på kurset.

Deltakarane som har vore intervjuar har delteke på kurs som har vore ulikt organiserte, frå helgesamlingar til dagskurs, samt kveldskurs, som har gått over fleire veker.

6.4.1 ”Det er fint med ei helg”

Dei fleste samlivstiltaka går over ei helg, frå fredag ettermiddag til søndag midt på dagen, og svært mange av deltakarane er fornøgde med det. Det finst også arrangørar som krev at kursdeltakarane skal opphalde seg på hotellet den tida kurset går føre seg, og at fredags- og laurdagskvelden er sett av til sosialt samvær med dei andre kursdeltakarane.

Å samlast til eit uformelt samvær første kvelden, eller å sette fokus på meir konkrete ting, som til dømes sjukdomssymptom eller faresignal ved ulike sjukdomar i starten av eit helgekurs synest å vere viktig for mange.

Det som er fint med helg er at ein først kan bruke litt tid på å bli kjent før ein byrjar på samtalane og dei meir vanskelege tinga (kvinne 34)

Man oppnår så mange ting på slike parkurs, det å prate med andre i pausen, og ikke minst i gruppearbeidet, det tror jeg er noe av det viktigste.(mann 55)

Nettopp det å verte kjent med andre er eit viktig argument for å delta på kurs som er lagt til helgar. Helgesamlingane fungerer som ein stad der ein kan lære, få nye perspektiv, bygge sosiale relasjonar og skaffe seg eit sosialt nettverk.

Kurset vert for mange ein stad der ein opplever skjebnefellesskap. Ein far, som har mista eit barn, omtalar blandinga av faglege tema og det meir uformelle samveret på helgesamlingar slik:

Fredag har vi møttes for å spise middag og bli litt kjent. Så har vi gruppesamtaler på lørdag, og så har det vært lange pauser med utflukter eller andre ting vi har funnet på. Om kvelden har vi dansa og flira.... folk har virkelig sluppet seg fri på disse samlingene. Søndag har det vært gruppesamtaler. Det er spesielle tema kan du si, men i de fleste tilfellene har kjemien mellom para stemt ganske bra, slik at praten har gått av seg selv, uten spesielle tema.... uten at gruppeleder har fortalt oss hva vi skal si og snakke om (mann 32)

Informantane nemner også andre grunnar til at det er fint med ei helg:

Det som er fint med helg er også at en slipper er å be seg fri fra arbeid, og fortelle til andre hva det er man skal på (mann 32 år).

Dessuten syntes vi det var greit å ta et kurs i en annen kommune enn den vi selv hørte til. Dessuten var det det at det var ei helg. Jeg hadde veldig tro på at det var viktig for oss at det var ei helg. Slik at vi kunne fokusere på dette noen dager i strekk (kvinne 28).

Somme synest altså det er best å kome seg vekk frå nærmiljøet, i og med at det å skulle på samlivskurs ikkje er noko ein snakkar ope om til alle. Det er godt å kome seg bort frå ”naboen”, og å kunne bruke store delar av helga til å pleie parforholdet. Nokre seier at dei har valt å tilbringe heile helga på hotellet, sjølv om kurset berre varer frå laurdag til søndag.

Andre, som til dømes nokre småbarnsforeldre, synest det er greitt med eindagskurs i og med at fleire i denne gruppa har vanskar med å skaffe pass til barna over ei heil helg. Å vere på hotell, ete god mat, treffe andre par og ”ha det fint”, kan vere eit poeng i seg sjølv, trass i at det berre er for ein dag.

..på kjempefint hotell. Helt topp. Flott å være der. Kjempebillig og fri fra unger. Kjempegreit. Alle som kom syntes dette var helt topp! (kvinne 31).

6.4.2 Kurs for heile familien

Det finst organisasjonar som arrangerer kurs der heile familien er til stades. Eit døme på det er Diabetesforbundet, og her er deltakarerfaringane svært ulike i to ulike fylke. I det eine fylket er foreldra svært fornøgde med at heile familien er samla på kurs. Ein seier det slik;

Det har både vore kurs både med og utan ungar, og når det er felleskurs så er dei kjempeflinke til å dele opp foreldre og barn i ulike grupper. Men dei reine foreldrekursa, dei med berre vaksne, dei er dei aller beste. Dei er så fine for oss, der kan vi slappe av og det er fint reint mentalt for oss som foreldre... For det er ingen tvil om at det å ha ein unge som er livstruande sjuk..., det er steintøft ... (far 49)

Andre har ikkje fullt så positive erfaringar. Spesielt er dei lite fornøgde med tanke på den delen av programmet som omhandlar samliv:

Mykje tyder på at sjølv om det er lagt opp til at det skal vere eit tilbod til borna når foreldra er på kurs, så fungerer ikkje dette så godt i praksis, anten fordi borna ikkje slår seg til ro med det tilbodet som er tiltenkt dei, eller at foreldra ikkje finn det forsvarleg å overlate ansvaret for ungane til andre slik tilhøva er. Sjølv om dei fleste av foreldra som deltok på denne familiesamlinga er einig i at samlivstema er aktuelt, så burde tilbodet både vore lagt opp på ein annan måte, og slett ikkje vore kombinert med at ungane var til stades (kvinne 47).

Dei ulike erfaringane skuldast nok ulike opplegg frå kursarrangørane si side, der enkelte lukkast betre med organiseringa enn andre. Ei av deltakarane, er også kritisk til kursleiinga på eit slikt familiekurs, seier:

Det som eg kan huske er at den personen som hadde kurset var for lite flink til å styre inn på aktuelle tema. Det ble mye slik at hver og en fikk komme med sine frustrasjoner. Man hadde ikke en klar plan for samlinga som man fulgte. Deltakerne fikk styre. Dette var det største ankepunktet for de fleste. Det ble litt for banalt å sitte der og høre på en ekteskapskrangel mellom to. Det ble ikke styrt. (mor 35).

Også når det gjeld kursleiinga er oppfatningane delte:

Her har vi hatt mange flinke folk, både barneleger, diabetssjukepleiarar, psykiatrar. Men så er det jo desse folka i diabetesforbundet som berre sitt der, fordeler ordet, og lar folk slippe til med sine vanskar ...Og i desse plenumsdiskusjonane er dei så utruleg flinke til å balansere og styre disse sjølvopplevde problema som folk har... Dette er nokre heilt spesielle menneske, og dei har klart å vere ein katalysator for folk, også utanom kursa ... (mann og far 44)

6.4.3 ”Det med pris er viktig ”

Vi har spurt kursdeltakarane som er intervjuar om synspunkt på prisen og kva den har hatt å seie for deltakinga.

Ei helg på PREP-kurs kostar knapt 6000 kroner for eitt par. Dette er mykje pengar for mange, men for nokre er dette ein grei pris:

Vi hadde råd til det og det er et privilegium for oss. Men det er klart prisen vil stoppe veldig mange, spesielt yngre par. ... det er en hake ved det. Det var viktig for oss og en god investering. Så jeg synes det var greit å bruke så mye penger fordi det var viktig og vi fikk så mye igjen for det (kvinne 45)

Vi synes ikke det var så veldig dyrt. Det var vel verdt det. Vi sjekka ikke om det var andre kurs som kunne være aktuelle (mann 35).

Mange av informantane har vurdert kostnaden ved kurset før dei har meldt seg på:

Prisen var litt i overkant av det vi hadde tenkt. Men det var verdt det (mann 42).

Vi hadde råd til å gå på et slikt kurs, men vi syntest likevel at prisen var høy (kvinne 42).

Jeg syntes det var for dyrt, for jeg er student. Så hvis det ikke var fordi samboeren min tener greit, så kunne vi ikke gjort det. Jeg har snakka med fleire som kunne tenkt seg å vere med på kurs, men som synes det er for dyrt (kvinne 28).

Desse har, trass relativt høg kursavgift, valt å vere med på kurs, og synest at det var verd å betale så pass mykje for kurset. Ei som har vore med, sa dette:

”Kurset holdt minst den kvaliteten vi forventa (kvinne 36).”

Andre skulle gjerne vore med på oppfølging av PREP-kurset, altså PREP 2, men kan ikkje ta seg råd til dette:

Vi har vurdert PREP 2, fordi vi føler at vi trenger litt oppfølging, og å holde hverandre i ørene på en måte. Men det er litt prisen som har gjort at vi ikke har meldt oss på (kvinne 28).

Dei vi har intervjuar har alle delteke på kurs, og vi veit ikkje noko om kor mange som kunne ønskje å delta, men som ikkje har råd til det. Men med utgangspunkt i vurderingar som kursdeltakarane har gjort, kan det vere grunn til å tru at det finst fleire par som har vurdert å bli med på kurs, men som ikkje kan på grunn av prisen. Likevel hindrar ikkje kursavgifta at til dømes PREP-kursa for det meste er fullteikna rundt om i landet.

Familievernkontoret har arrangert sine kurs på ulike stader i sin region. Dette gir også deltakarane høve til å reise bort frå heimstaden dersom dei ikkje ønskjer å gå på samlivskurs på eller nær heimstaden. Både hotell i sentrum av byar og overnattingsstader ute i distrikta har vore nytta til dette føremålet. For å gjere opplegget rimeleg for deltakarane, har ein ofte lagt opp til berre ei overnatting. Då startar ein tidleg laurdag og held på til søndag ettermiddag. Dette har gjort at prisen for eit par har ligge på 500 – 600 kroner inkludert kost og overnatting, noko som alle deltakarane opplever som så rimeleg at dei kan tenke seg å vere med på kurs fleire gongar: *”Prisen var 600 kroner, på et kjempefint hotell. Helt topp, og det var flott å være der ”*

Mange av interesseorganisasjonane som arrangerer samlingar for par med sjuke eller funksjonshemma barn sponsar deltakarane, slik at prisen vert lik for alle som er med. Dei fleste meiner dette har vore avgjerande for deira deltaking:

Det med pris har vore viktig. Når vi har sjuke barn er det ofte slik at ein av foreldra må vere heime. Og det kan gå ut over økonomien. Då er det kjempeviktig at foreninga sponsar slik at det er mogleg å vere med. Det hadde vore vanskeleg for oss å reise vekk ei helg dersom vi ikkje hadde blitt sponsa (kvinne 39 år).

Det er viktig at turen ikke kosta 5000,-. Dersom det hadde kosta 5000,- og for to 10 000,- så hadde vi ikke reist på det. Da hadde vi gått glipp av veldig mye, det veit jeg (mann 32 år).

Mange interesseorganisasjonar legg vekt på å halde prisen på dei ulike kursa låg, og nyttar midlane frå departementet til å subsidiere desse. Nokre meiner difor at prisen ikkje har vore til hinder for dei. Andre som har delteke på kurs, opplever prisen til dømes for familiesamlingane som høg, og grunnjev dette med at ein får lite støtte. Dei syner til at kostnadene for ein familie med to vaksne og to barn ligg på ca 3500 for ei helg, og meiner at dette ekskluderer mange frå å kunne delta. Andre er opptekne av at fokusering på pris ikkje må gå ut over kvaliteten på tilbodet

Prisen husker jeg ikke. Det eneste jeg i grunnen reagerte på, var at jeg gjerne skulle spyttet litt mer i for å komme til et sted som var bedre tilpasset. (mann 44)

Somme deltakarar meiner altså at kursavgifta ikkje må vere så låg at det reduserer kvaliteten på kurset, men det finst deltakarar som ikkje har økonomi til å vere med på kurs dersom det kostar for mykje.

6.5 Oppfølgingskurs

Fleire av kursdeltakarane har fått tilbod om ulike former for oppfølging etter at dei har delteke på samlivskurs. Nokre har fått tilbod om eit nytt kurs som

bygger vidare på det første. Andre er inviterte til å ta del i tilsvarande kursopplegg, og nokre har fått tilbod om meir personleg oppfølging av kursarrangørane i etterkant av kursa. Ein finn døme på kursdeltakarar som sjølv har teke initiativ til å få slik oppfølging. Ei av kvinnene som tilhøyrer den siste gruppa, opplevde det på følgjande måte:

Me hadde samlingar etterpå på familiekontoret, den same gruppa. Det var kjempepositivt. Då var vi den gjengen som var på kurset. Vi diskuterte den problematikken som hadde oppstått etter at vi var på kurset. Dette var viktig for oss som kjem frå bygda, der ein finn færre i same situasjon å diskutere med (kvinne 35).

Fleire gir uttrykk for at dei har behov for ei eller annan form for oppfølging. Dei føler at dei har vore med på noko som treng bearbeiding i etterkant, og tankar som dei treng hjelp til å rydde opp i. Nokre vil gjerne vere med på fleire kurs, men helst etter at det har gått ei stund:

No er det to år sidan vi gjekk på det kurset. Eg hadde hatt lyst til å gå på eit nytt kurs no, og føler behov for å friske opp. Ein har så lett for å gløyme og gå tilbake i gamle spor, og man kan ikkje fly på dei kontora heile tida til samtaler heller. Eit kurs i ny og ne det trur vi alle hadde hatt godt av! (kvinne 31).

Andre tek fram papira frå kurset og repeterer for seg sjølv og partneren kunnskap som dei fekk på kurset. Teknikkar som er formidla på samlivskurs er ikkje alltid like lette å bruke i kvardagen, men mange har fått med seg nyttig lærdom likevel:

Vi bruker ikke tale-lytte teknikken sånn konkret. Men vi er blitt klar over hvor stort misforståelsespotensialet er i kommunikasjon. Vi bruker ikkje dette direkte, men vi er blitt mer bevisste på å sjekke ut hva den andre mener i stedet for å tolke med en gang. Så på den måten har det vært til hjelp. Men å bruke teknikken sånn direkte blir litt kunstig. Men vi kunne hatt lyst til og vi trenger et kurs til (kvinne 28).

Ein av dei som har vore på PREP-kurs, som ikkje kan tenkje seg oppfølgingskurs med ein gong, men som likevel saknar noko, kjem med følgjande ønske:

Det kunne gjerne kommet noen påminninger i posten. Noen ord og tips som kunne minne oss om hva som ble tatt opp på kurset. Vi vet jo at vi har gått på kurset og har vel noe liggende i bakhodet, men... (kvinne 42).

Behovet for og ønsket om oppfølging varierer mykje etter kva situasjon paret er i. Dei som får tilbod om personleg oppfølging, kan til dømes ha problem som er tolka så alvorlege at kursleiarane meiner dei kan ha behov for terapi. For andre kan det vere behov for ”ekteskapservice”, på lik line med det opplegget ein nyttar seg av som bileigar, litt ettersyn og vedlikehald, og kanskje litt reparasjon av småskadar. Slike service kunne for mange kanskje kome med jamne mellomrom:

Vi har tenkt på oppfølgingskurs. Men jeg tror ikkje det er aktuelt enda. Jeg tror kanskje det er litt tidlig, Vi vil først se om vi klarer å følge opp den spiralen vi er i. Men hvis vi kommer ut av den, så er det helt klart en variant. Det er jo greit å vite at det fins kurs (kvinne 42)

6.6 Oppsummering og vurdering

I dette kapitlet har vi presentert og drøfta erfaringar og synspunkt til deltakarar på ulike samlivskurs.

Årsakene til at dei deltek er mange. Enkelte deltek fordi eit slikt kurs kan vere ei frihelg eller eit tiltak for å få innspel til å styrke samlivet, dei vil betre kommunikasjonen og sette fokus på parforholdet. Medlemer i interesseorganisasjonar eller kristne organisasjonar deltek oftast for å få innspel når det gjeld kommunikasjon og samspel i parforholdet og i familien, men mange av dei deltek også fordi slike samlingar er del av den naturlege

aktiviteten i organisasjonen. Blant informantane finst det også par som er med på kurs fordi dei vurderer dette som eit verkemiddel for å unngå skilsmisse. Mange faktorar påverkar prisen på dei ulike kursa. Det kan til dømes vere lengda på kurset, talet på overnattingar og standarden på overnattingstilbodet, talet på kurshaldarar og storleiken på honorara til desse. Om ein baserer seg på eigne kurshaldarar, som får kompensert innsatsen i form av avspasering eller på dugnadsinnsats frå likemenn, spelar også inn på prisnivået. Om kurset vert halde i eigne eller leigde lokale, og kor store utgifter ein har til marknadsføring, påverkar sjølvsagt også prisen.

Prisen på kursa varierer frå 250 kroner, inkludert kost for to dagar utan overnatting, til 5700 kroner for eit par på hotell. Nokre arrangørar sponsar både reise og opphald for sine deltakarar, til dømes slik at ei helg på hotell kostar 500-600 kroner inkludert reise, uavhengig av kvar dei reiser frå. Variasjonen når det gjeld pris er såleis svært stor, og opplegget og organiseringa er også svært ulik. I og med at vi berre har intervjuar par som har delteke på kurs, har vi ingen informasjon om i kva grad pris er avgjerande for at par ikkje melder seg på samlivskurs. Men vi veit at par som har vore på kurs, ser på prisen som ein barriere for ytterlegare deltaking på oppfølgingskurs. Dessutan er det deltakarar som seier at dei ikkje hadde kunne vore med på kurset dersom det hadde kosta noko særleg meir enn det gjorde. For dei fleste går det altså ei grense for kor mykje dei kan og vil betale for å vere med på samlivskurs, men dei gir likevel uttrykk for at dei har fått valuta for pengane.

Vårt inntrykk er at helgekurs vert føretrekt av dei fleste. Samlivskurs over ei helg vert valt av mange fordi dei då kan ha fokus på parforholdet, og at ei helg utan barn på hotell eit kjærkome avbrekk. For andre er det eit poeng å kome bort frå heimstaden slik at ein ikkje møter naboen på kurset. Men for nokre småbarnsforeldre kan det vere vanskeleg å skaffe barnepass, samstundes som

økonomien set grenser for kva kurs ein kan velje, og for desse er eindagskurs på heimstaden mest aktuelt.

Å vere med på samlivstiltak vert opplevd som positivt for dei aller fleste, og dei er fornøgde med både organiseringa, innhaldet og kursleiarane. Fleire av våre informantar gir uttrykk for at deltaking på samlivstiltak har styrka samlivet, og nokre uttrykker at det jamvel har medverka til at dei framleis held i hop. For andre har ei frihelg på hotell representert eit avbrekk frå ein travel kvardag og har medverka til å sette forholdet i fokus.

For dei som har vore på reine samlivskurs, særleg PREP, er utbyttet sterkt knytt til dei innspela dei har fått i forhold til korleis dei fungerer saman. Å møte andre par er lærerikt, men det er ikkje desse møta som gir det største utbyttet av desse kursa. Desse uttrykker at dei får meir ut av kursleiarane sine innlegg og dei oppgåvene dei sjølve arbeider med på kurset. Dei som har vore på kurs i regi av interesseorganisasjonar, har i større grad utbytte av å møte andre som er i liknande situasjon. Dei beskriv at det å møte andre par, i liknande livssituasjon, kan medverke til å avdramatisere og normalisere deira eige familieliv. Å snakke med andre og arbeide i grupper gir stort ubytte, men det finst også par som ikkje er innstilte på å dele erfaringane sine med andre.

Mange har fått innspel til og har delteke i kommunikasjonsøvingar som verkar positivt på forholdet. Det finst døme på fleire par som meiner at dei har kome inn i betre sirklar etter å ha vore med på kurs. Mange klarer å nytte lærdomen i lang tid etter kurset, men etter kvart opplever mange å falle tilbake i gamle mønster. Dessutan er det å leve i parforhold ein prosess, slik at behova og utfordringane stadig endrar seg. Vårt inntrykk er at dei fleste kunne profittere på ei eller anna form for oppfølging, oppfrisking eller påminning etter ei tid, spesielt dersom samlivstiltaka skal kunne har meir langvarige verknader. Kva

som er gode måtar å gjere dette på kan variere, og det er ikkje nødvendigvis slik at eit nytt kurs er det einaste som nyttar. Somme har uttrykt at dei kunne tenke seg andre former for påminningar, som til dømes eit brev i posten.

Flesteparten av våre informantar har vore på reine samlivskurs eller på samlingar i regi av organisasjonar som dei på ein eller annan måte har tilknytning til. I den første gruppa er det par som sjølve har teke initiativ til å delta på kurs og som har ressursar, tid og økonomi til å vere med. Desse er også gjerne vane med å vere på kurs, og det å kommunisere rundt sosiale forhold synest ufarleg for den gruppa. I den andre gruppa vert deltakarane rekrutterte primært gjennom medlemskap eller tilknytningar til ulike organisasjonar som arrangerer samlivskurs.

Kapittel 7 Samlivstiltak – liv laga?

Denne rapporten byggjer på ei evaluering av *Tilskottsordninga til samlivstiltak*, som Barne- og familiedepartementet (BFD) forvaltar i samarbeid med Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA). Tilskottsordninga vart oppretta i 1994, og har sidan vore ein post på statsbudsjettet. Det overordna føremålet med tilskottsordninga er å støtte opp om samlivet i familien, og midlane skal brukast til å styrke samliv og førebygge samlivsbrot.

I 2003 er den samla løyvinga på 4,6 millionar kroner. Om lag $\frac{3}{4}$ av midlane går til lokale samlivstiltak, medan $\frac{1}{4}$ går til å støtte fagleg utviklingsarbeid i institusjonar, organisasjonar og kommunar. BFD behandlar søknadene om støtte til utviklingsarbeid, medan BUFA behandlar søknadene om støtte til lokale samlivstiltak.

Siktemålet med evalueringa har først og fremst vore å undersøke korleis tilskottordninga fungerer, og vi har ikkje evaluert effekten av ulike typar samlivskurs. Hovudtema i evalueringa har vore fordelingsprofilen når det gjeld lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid, organisering og gjennomføring av lokale samlivstiltak og kursdeltakarane sine synspunkt og erfaringar. Evalueringa er basert på gjennomgang av søknader, rapportar og andre dokument, og intervju med tilsette i BFD og BUFA, og med kursarrangørar, kurshaldarar og kursdeltakarar (jf kp 2). I dette kapitlet vil vi samanfatte resultatane frå evalueringa.

Fordelingsprofil – lokale samlivstiltak og utviklingsarbeid

Når det gjeld fordelingsprofilen har vi teke for oss perioden 1994-2002 og studert kva organisasjonar og institusjonar som har fått midlar. Vidare har vi

undersøkt kva type kurs som er støtta og korleis den geografiske fordelinga har vore. Fordelinga av midlane til lokale samlivstiltak er tufta på retningslinene for tilskottsordninga. Dei inneheld kriterium for kva tiltak som kan støttast. BFD og BUFA legg føringane for desse retningslinene, og såleis også for kriteria som søknadene vert behandla etter.

Evalueringa tyder på at:

- Tilskottsordninga har medverka til stort mangfald når det gjeld samlivstiltak, og ein har nådd mange.
- Søknadsmengda er monaleg større enn beløpet som departementet har til disposisjon (jf 3.1 og 3.2). For at planlagde lokale samlivstiltak skal kunne gjennomførast som tenkt og for å medverke til god kvalitet, må tildelinga til kvart samlivstiltak aukast, og dermed også den totale løyvinga til tilskottsordninga.
- Dei mest folkerike fylka har tilbod om fleire lokale samlivstiltak enn mindre fylke (jf 3.1.1).
- Frå 1999 vert det satsa mykje på eitt spesielt kursopplegg; PREP, og tildelingane frå tilskottsordninga viser at bruken av PREP-kursa skyt fart etter dette (jf 3.1.2).
- Første åra var det søknader frå kristne organisasjonar og kyrkjelydar som dominerte blant søknadene om støtte til lokale samlivstiltak, og som fekk størstedelen av løyvinga. I dag er det humanitære og helserelevante organisasjonar og kyrkjelege organisasjonar som relativt sett får mest frå ordninga. Men fordelinga av tilskott til lokale samlivstiltak er jamnare fordelt mellom ulike kategoriar søkjarar no enn dei første åra (jf 3.1.3).
- BFD/BUFA har bevisst støtta utdanning for PREP-kursleiarar, og utvikling av kursopplegget som Modum Bad Samlivssenteret står bak (jf kp 4). Dette ser ut til å ha lagt føringar på bruken av kurset lokalt,

ved at fleire institusjonar og organisasjonar rundt om i landet tilbyd dette kurset (jf 3.1.2).

- Når det gjeld lokale samlivstiltak vert det ikkje lagt vekt på å motivere eller mobilisere spesielle fylke, typar organisasjonar eller institusjonar (jf 3.3).

Fordelinga når det gjeld midlar til lokale samlivstiltak er slik at flesteparten av dei som søker og stettar kriteria i retningslinene for tilskottordninga får midlar. Men for å få meir ut av midlane kan det tenkast at det bør fokuserast annleis når det gjeld fordelingsprofil. Til dømes slik at fordelinga i større grad vert styrt i ei eller anna retning når det gjeld geografi, kva type kurs og kva organisasjonar som skal få midlar. Det gjerast ved at organisasjonar og institusjonar i fylka og byane med høgste skilsmisefrekvensen får tildelt ein større del av midlane. Tilskotta kan også skeivdelast ved at midlane går til færre organisasjonar og institusjonar. Men ein slik profil kan føre til at ein svekkar variasjonen, og variasjon synest å vere viktig for å nå ulike målgrupper. Dessutan har tilskottsordninga eit førebyggjande siktemål, og då kan det argumenterast for at strategien som er valt er mest føremålstenleg, det vil seie at ein prøver å sikre breidde i tilbødet. Vår oppfatning er at variasjon trengst for å kunne rekruttere frå ulike målgrupper. For at ordninga skal vere føremålstenleg for ulike grupper og deira behov, trengst det truleg variasjon både når det gjeld type kurs, pris, innhald, omfang osv. Nokre har høve til å ofre både tid og pengar til å vere med på samlivskurs, andre ikkje. Mangfaldet når det gjeld type kurs er stor, men det er framleis skeiv geografisk fordeling og ein jobb å gjere for å medverke til breiare sosial rekruttering. Mange av organisasjonane og institusjonane som får midlar frå ordninga er avhengig av denne støtta for i å kunne gjennomføre tiltaka

Utviklingsarbeid

Tilskotta som er gjevne til utviklingsarbeid er resultat av at Barne- og familiedepartementet meinte det var behov for ei fagleg utvikling som grasrota kunne ha nytte av i sine lokale samlivstiltak. Som vi såg i kapittel fire, har ein langt på veg lukkast med dette.

- Når det gjeld utviklingsarbeid har departementet i fleire år prioritert midlar til nokre aktørar, som Modum Bad Samlivssenteret, Nasjonalforeningen for folkehelsen og Navigatørene. Modum Bad Samlivssenteret har fått ein svært sentral posisjon på samlivsområdet, og det er i stor grad eit resultat av støtte frå BFD og tilskottsordninga (jf 4.2). Resultatet er at dei i dag framstår som dei store aktørane på dette feltet.
- Utviklinga av spesielle kursprogram, som dei store utviklingsaktørane står bak (jf punktet ovanfor) har ført til at dei som arrangerer lokale samlivstiltak i større grad brukar faste kursopplegg/program.
- Utviklingsaktørane har utvikla kursprogram som har medverka til spreieing av tilbodet i ulike delar av landet.
- Nokre av dei store utviklingsaktørane har tradisjonelt hatt nært samarbeid med departementet, men uttrykker at kontakten har vore mindre dei seinare åra (jf kp 4). Evalueringa viser at det er lite erfaringsutveksling mellom aktørane som får midlar frå tilskottordninga, og at det er liten grad av samarbeid mellom aktørar lokalt.

For å få til meir samarbeid mellom utviklingsaktørar og mellom utviklingsaktørar og BFD, kan ein til dømes knyte vilkår til tilskotta, legge vekt på å stimulere til samarbeid mellom utviklingsaktørane ved tildeling av midlar, eller ved at BFD arrangerer samlingar der ulike aktørar kan utveksle erfaringar. På denne måten får ein betre spreieing av erfaringar, noko som kan medverke til

at departementet får større innsikt i det arbeidet som vert gjort. Effektiv utnytting av midlane som går til utviklingstiltak og lokale samlivstiltak føreset utveksling av erfaringar. Dette gjeld både mellom departement og mottakarar av utviklingstilskott, og mellom departement og lokale mottakarar og på tvers av desse nivåa. Det er eit paradoks at dei største utviklingsaktørane har meir samarbeid med miljø i USA enn med andre som held på med liknande arbeid i Noreg. Internasjonalt samarbeid er sjølvstendig viktig, men nytten av Tilskottsordninga til samlivstiltak kan verte endå større ved ytterlegare kontakt mellom dei som driv med utviklingsarbeid og lokale samlivstiltak her i landet.

Organisering, gjennomføring og pris – lokale samlivstiltak

Evalueringa viser at det er stor variasjon når det gjeld organisering og gjennomføring av kursa. Det gjeld også sjølv om det dreiar seg om same kursprogrammet. Den største variasjonen mellom kursa er i forhold til pris. I nokre tilfelle er det variasjon når det gjeld fasilitetar som hotell og liknande, men oftast er kursavgifta knytt til kven som arrangerer og korleis desse finansierer sine opplegg.

- Dei som driv med samlivskurs på kommersiell basis legg mesteparten av kostnadene på deltakarane. Dersom samliv som tema er integrert i ein samanheng, til dømes der deltakarane er medlem i ein organisasjon, er kursavgifta oftast mykje lågare, men då er gjerne samlivsspørsmål meir avgrensa i omfang. Eit viktig skilje går mellom i kva grad arrangørane nyttar egne krefter til å halde kursa, eller om dei leiger inn kurshaldarar utanfrå. Dugnadsinnsatsen påverkar også prisnivået. Evalueringa gir ikkje grunnlag for å kunne seie noko om standardisering når det gjeld pris på samlivskurs eller satsar for ulike utgifter i samband med slike kurs.
- I nokre delar av landet, særleg på Austlandet, Sørlandet og delar av Vestlandet, kan par sjølve velje om dei vil vere med på eit dyrt kurs eller eit som er rimelegare, fordi det der finst tilbod om fleire ulike kurs.

Dette er ikkje situasjonen alle stader i landet, og mange par som har vore på kurs er opptekne av at prisen ikkje må vere så høg at den hindrar dei i å ta del.

- Dei fleste lokale kursa varer ei helg eller ein kveld. Berre unntaksvis finn ein meir omfattande opplegg. Talet på deltakarar varierer. Det mest vanlege er 8-10 par på kursa, men det finst også kurs som har 60-70 par deltakarar. Sjølv om tema kan vere like, er det store skilnader i forhold til kor omfattande den direkte dialogen vert mellom deltakar og kurshaldar i små og store forsamlingar. Vi har likevel ikkje grunnlag for å kunne seie om utbyttet vert annleis for dei som har vore på kurs med mange deltakarar samanlikna med dei som har vore på kurs med færre deltakarar.
- Dei fleste vil gjerne reise bort frå lokalmiljøet for å gå på parkurs, og spesielt gjeld dette dei som kjem får små stader der alle kjenner alle.
- Det er nokre kurshaldarar som har stor tillit i sine lokalmiljø, og som lukkast med å halde kurs lokalt. Andre kurshaldarar synest dette er ei større utfordring og brukar då helst eit meir ”ufarleg” opplegg, til dømes opplegg utan så mykje fokus på at par skal fortelje om sine eigne erfaringar og vanskar.
- Det er liten grad av samarbeid mellom lokale kursarrangørar.

Med utgangspunkt i evalueringa er det vår oppfatning at målet bør vere at det finst tilbod om samlivstiltak til ein pris som folk har råd til, og at tilboda er slik at flest mogleg kan nå dei utan for lange reiseavstandar. Alternativet kan vere at tilskottsordninga til samlivstiltak tek høgde for ulik reiseavstand, og kompenserer for slike kostnader. Men dette hindrar ikkje at nokre arrangørar kan halde fram med å tilby meir kostbare kurs, dersom dei lukkast med rekrutteringa.

Det kan også vere nyttig å fokusere på kva type kurs som eignar seg i mindre lokalmiljø eller i miljø som rekrutterer blant avgrensa målgrupper, og kurs der deltakarane i større grad kan rekne med å vere anonyme.

Dersom BFD meiner det er viktig å mobilisere til samarbeid mellom lokale aktørar på dette feltet, bør det i retningslinene for tilskottsordninga, ved utlysing og tildelingsbrev, leggest meir vekt på dette. Det kan til dømes presiserast i utlysingsteksten at dei som legg opp til samarbeid lokalt vert prioritert ved tildeling av midlar. Men dette må sjølvsagt følgjast opp på ein eller annan måte, slik at det vert realitetar og ikkje berre eit verkemiddel for få midlar.

Søknadsprosedyrar – lokale samlivstiltak

- Mange kursarrangørar opplever at tildelinga av midlar skjer såpass seint på året at dei ikkje har fått gjennomført kursa som planlagt.
- Kursarrangørane har ønske om at tilskottsordninga til samlivstiltak skal verte meir forutseieleg. Nokre arrangørar held same kurs med fullt belegg kvart år, og for desse verkar det som unødig byråkrati å søke kvart år.

Tilskottsordninga til samlivstiltak er avhengig av at Stortinget kvart år løyver midlar til ordninga, såleis har ikkje BFD mandat til å løyve midlar for fleire år i gongen. Dersom dette var mogleg, kunne det medverke til meir kontinuitet i arbeidet til dei som arrangerer samlivstiltak. Dessutan kunne det ført til mindre arbeid med søknadsbehandling, slik at meir ressursar kunne gå til rettleiing til stønadmottakarar.

Kompetanse hos kurshaldarane

- Tematikken set store krav både til fagkunnskap og personleg kompetanse hos dei som er kursansvarlege og kurshaldarar (jf kp 5).

Dei ulike kursopplegga stiller ulike krav til kompetanse hos kurshaldarane, men det er ikkje alltid at fagkunnskap er det som vert mest verdsett frå kursdeltakarane si side. Tvert om kan det synest som om det å møte *likemenn* og *kvardagsprofesjonelle*, som enkelte kallar seg, vert vurdert som like viktig og nyttig for å kunne sette i gang ein positiv prosess i ulike familiar. Det må nemnast at likemenn og kvardagsprofesjonelle oftast opptreer som supplement til fagfolk, gjerne som gruppeleiarar.

- Somme vel spesielle samlivskurs nettopp fordi dei vil vere på kurs som vert haldne av dyktige fagfolk, som dei kjenner frå før eller har høyrte om frå andre.

Dei som arrangerer og held kurs står overfor mange situasjonar som krev kompetanse og erfaring, til dømes å kunne ta hand om par i krise. Difor er det viktig å prøve å sikre at kompetansen til kurshaldarar er god.

Spesielle målgrupper

Trengst det spesielle kurs for nokre grupper, til dømes for par der den eine er sjuk eller for par som har funksjonshemma barn, for par med ulik kulturelle bakgrunn, for innvandrarpar og for nyfamiliar?

- Behovet for samlivstiltak for slike grupper er stort (jf kp 6).
- Barrieren for deltaking er lågare når det er deira eigen interesseorganisasjon som arrangerer eller når ein veit ein skal møte andre par med nokolunde likt utgangspunkt for deltaking.
- Samlivskurs og samlingar i regi av interesseorganisasjonar rekrutterer frå eit breiare sosialt lag enn ”reine” samlivskurs gjer.
- Vårt inntrykk er at slike målgrupper har særleg stort utbytte av samlivstiltak. For desse synest det å vere svært viktig å kome saman med andre i liknande livssituasjon (jf kp 6).

- På kursa til interesseorganisasjonar vert det brukt både profesjonelle føredragshaldarar og likemenn. Denne kombinasjonen fungerer godt.

Rekruttering til lokale samlivskurs

- Deltakarane på samlivskurs som er omfatta av denne evalueringa, har i hovudsak grunngeve deltakinga si på to ulike måtar. Somme har vore med på reine samlivskurs ut frå ei erkjenning av eit behov for å styrke samlivet. Andre er med fordi dei er blitt inviterte til å ta del i samlivskurs eller familiesamlingar av organisasjonar eller kyrkjelydar som ein var medlem av eller knytte til på ein eller annan måte.
- Sjølv om arrangørane av reine samlivskurs er varsame med å peike ut spesielle karakteristika i forhold til alder, utdanning og inntekt på sine deltakarar, seier dei at dei i mindre grad når fram til unge småbarnsforeldre i etableringsfasen, grupper med liten grad av høgre utdanning og grupper med låg inntekt.
- Kyrkjelydane er også opptekne av at dei i størst grad når fram til eigne medlemmer. Det same gjeld for interesseorganisasjonane, som tilbyr kurs til sine medlemmer.
- Rekrutteringa til samlivskurs vert også påverka av at dette er tilbod som i størst grad finst i sentrale strok av landet.

Dersom dette bilete på rekrutteringa til samlivskurs er representativt, bør ein arbeide aktivt for at tilbod om samlivskurs også skal nå ut til målgrupper som på grunn av inntekt, alder og utdanning eller geografisk tilknytning ikkje har dette tilbodet i dag.

Ulike tilnæringsmåtar synest nærliggande for å auke rekrutteringa. For det første bør ein gjere tilbodet meir tilgjengeleg fleire stader i landet. For det andre bør ein arbeide for å gjere samlivskurs attraktivt for nye målgrupper. Ein har

sett at oppslag i media har gjeve store utslag i rekrutteringa til samlivskurs og at dette er ein effektiv måte å senke terskelen på for par som opplever det som stigmatiserande å ta del. Truleg er det også behov for auka kreativitet for å nå grupper som ikkje er like fokusert på kommunikasjon som verkemiddel for å skape eit betre samliv. Det vil også vere viktig å finne fram til arenaer som kan appellere til fleire. Samstundes er det viktig å fokusere på brukartilpassing både når det gjeld kor omfattande og krevjande kursa er lagt opp i forhold til reise og tidsbruk, og eventuelt om ein kan finne fram til ordningar som gjere det enklare for småbarnsforeldre å ta del.

Utbytte og oppfølging – lokale samlivstiltak

Evalueringa viser at samlivstiltak gjev utbytte, men kanskje på ulike måtar for dei forskjellige gruppene.

- Par med funksjonshemma eller sjuke barn, eller par der eine parten er sjuk eller funksjonshemma, har svært stort utbytte av å møte andre i liknande situasjon.
- For dei som er på "reine" samlivskurs er det dei faglege innspela som gjev størst utbytte og ikkje først og fremst at ein får snakke med andre par om samlivsspørsmål. Dette kan ha samanheng med at mange av dei som er med på desse kursa har høgare utdanning.
- Vi finn døme på par som seier at deltaking på samlivstiltak langt på veg har medverka til at dei framleis held i hop, og at samlivet opplevast å vere betre enn før.
- For dei aller fleste para er kurs eller andre tiltak nyttige og lærerike, såleis kan det seiast at tilskottsordninga støttar tiltak som fungerer etter intensjonen om å styrke samliv og førebygge samlivsbrot.
- Det er viktig at det vert lagt opp til oppfølging i ulike former. Det kan vere oppfølgingskurs, påminningar i posten eller ein telefon.

Konklusjon

Evalueringa viser altså at Tilskottsordninga til samlivstiltak i stor grad fungerer etter siktemåla, og at ho støttar tiltak som kan medverke til å styrke samlivet for mange par.

Tilbodet av samlivskurs er både mest variert, og mest utbreidd i dei sentrale delane av landet. Mykje tyder på at terskelen for å ta del i samlivskurs er lågare her. Det kan også sjå ut til at ulike typar kurs appellerer til ulike målgrupper med omsyn til sosial status, utdanningsnivå osv. Det må likevel kunne konkluderast med at ein ikkje har funne nokre standardar eller kurstypar som ser ut til å fungere betre enn andre. Tvert i mot ser det ut til at dersom ein skal lukkast med å nå *folk flest* i dette førebyggjande arbeidet, bør ulike lokale løysingar ivaretakast og støttast opp om. Tiltaka går i dag føre seg på mange ulike arenaer og med til dels nokså ulike tilnæringsmåtar. I tråd med vår oppfatning poengterar ein leiar for eit av familievernkontora nettopp det at det er behov for mangfald på dette området når ho evaluerer ordninga slik:

... Men det er viktig at departementet kjenner til at her er fleire aktørar i markedet, og at det er mange måtar å gjere ting på ...

PREP-kurs er eit kurs som dominerer marknaden blant spesielle kursprogram, og har fått eit sterk posisjon. Kurset får mykje positiv omtale av deltakarane, men det er grunn til å vere merksam på at kurset truleg ikkje høver for alle målgrupper.

Dei som har vore på ulike lokale samlivstiltak har for det meste positive erfaringar med deltakinga, og meiner at det har styrka parforholdet. Men det er lett å kome tilbake i gamle spor, og mange opplever at dei har behov for oppfølging, såleis bør det innarbeidast praksis med oppfølging. Fleire par meiner dei kunne hatt god nytte av kurs tidlegare i parforholdet, og det kan tale for at det i større grad bør leggest til rette for kurs som siktar mot par som er

nyetablerte. Regjeringa har no teke initiativ til eit gratis kurs for alle føregangsførelde som er i parforhold (jf. 1.1). Som nemnt i kapittel 1, viser også forskning at samlivsstyrkande tiltak har best effekt dersom dei vert gjennomførte tidleg i samlivet (Stanley 2001). Slike spørsmål krev vidare forskning, og har ikkje vore hovudfokus i denne evalueringa. Ein kan også tenke seg vidare utgreiing og forskning knytt til førekomsten av skilsmisse blant par som har delteke på ulike samlivstiltak.

Familiar med særskilte problem og utfordringar i kvardagen, som til dømes kronisk sjukdom eller funksjonshemming hos ein av familiemedlemene, trekker spesielt fram den førebyggjande effekten av å delta på slike kurs som vi her snakkar om. Vidare ser det ut til at samlivstiltak arrangert av ulike interesseorganisasjonar og i kyrkjeleg regi, i større grad enn offentlege aktørar lukkast med rekrutteringa. Sjølv om interesseorganisasjonar og kyrkjelege organisasjonar for ein stor del rekrutterer blant sine eigne medlemmer, femner dei likevel svært mange par og familiar der behovet synest å vere stort. Vi har sett at offentlege aktørar, i større grad enn andre arrangørar, strevar med rekrutteringa. Det kan tenkjast at det skjer endringar i rekrutteringa som ei følgje av det gratis kurstilbodet som regjeringa ønskjer å tilby nybakte foreldre. Det kan hende at eit slikt kurs som ”alle” får tilbod om, kan redusere terskelen for å vere med. Kanskje kan dette også medverke til at folk flest kjem til å sjå med andre auge på andre typar samlivstiltak som ymse offentlege aktørar står bak.

Denne undersøkinga syner at satsing på samlivstiltak er liv laga, ikkje minst ved at dei som har vore deltakarar på ulike kurs og tiltak opplever å ha fått eit stort utbytte av dette. Den store søknadsmengda og interessa blant ulike arrangørar, viser at tilskottsordninga dekkjer eit behov. Å bevare den profesjonelle fagkunnskapen som er bygd opp på dette området, samstundes som ein tek vare

på idealismen og gløden som mange frivillige arrangører og kurshaldere legg for dagen, synes å vere ei særleg viktig framtidig utfordring. Dei som til dagleg arbeider med samlivstiltak opplever også at etterspurnaden etter denne typen kurs aukar sterkt.

Referansar

- Barne- og familiedepartementet (2002): Rundskriv Q-7/02: *Retningslinjer for tilskot til samlivstiltak 2002*.
- Barne- og familiedepartementet (2003): Rundskriv Q-7/03: *Retningslinjer for tilskot til samlivstiltak 2003*
- Barne- og familiedepartementet (2004): Rundskriv Q-7/04: *Retningslinjer for tilskot til samlivstiltak 2004*.
- Barne- og familiedepartementet (2003): *Stortingsmelding nr. 29 (2002-2003): Om familien - forpliktende samliv og foreldreskap*.
- Budsjettinnstilling nr 2 (1993-94): *Innstilling fra familie-, kultur og administrasjonskomiteen om bevilgning på statsbudsjettet for 1994, vedkommende Finans- og tolldepartementet, Kulturdepartementet, Sosial- og helsedepartementet, Barne- og familiedepartementet og Administrasjonsdepartementet*.
- Halvorsen, A (1996): "Du og jeg og vi to". FOU-rapport 10/96, Agderforskning.
- Markman, H.J., M.J. Renick, F. Floyd, S. Stanley and M. Clements (1993): Preventing marital distress through communication and conflict management training: A four and five year follow-up. *Journal of Consulting and Clinical Psychology*, 62, 1-8.
- Mæland, J.G. (1999): *Forebyggende helsearbeid – i teori og praksis*. Tano Aschehoug.
- Osborg, P og T. Osborg (1998): Søskenliv på godt og vondt. I Kvalsund, R. mfl (red.): *I lærande fellesskap : helsingsskrift til Urban Dahllöf på 70-årsdagen* ; Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda.
- Stanley, S (2001): Making a case for premarital education. *Family relations*, 50, 272-280.
- Statistisk Sentralbyrå (www.ssb.no): Ymse statistikkar på området skilsmisse og separasjonar.
- Thuen, F. (2002): Samlivsbrudd og psykisk helse: Psykiske virkningar. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 39, (1083-1092).
- Thuen, F. (2003): Samlivsbrudd og psykisk helse: Forebyggende tiltak. I *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 40, 12-22.
- Thurmaier, F, J Engl & K.Hahlweg (1999): Eheglück auf Dauer? Methodik, Inhalte und Effektivität eines präventiven Paarkommunikationstrainings – Ergebnisse nach fünf Jahren. *Zeitschrift für Klinische Psychologie* 28, 54-62.
- Vagli, Å og R. Jamt (1999): *Frivillig organisasjon på nye veier? En evaluering av forsøk med samlivskurs i Nasjonalforeningen for folkehelsen*. Prosjektrapport nr 41/99, Agderforskning.

Vedlegg

BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET

Nynorsk Normalvisning Utskriftsvisning Language

17. januar 2003

Rundskriv Q-7/03**Retningslinjer for tilskot til samlivstiltak 2003****1. Formålet med tilskotsordninga**

Midlar til samlivstiltak vert gitt over kap. 0830 på statsbudsjettet.

Det overordna formålet med tilskotet er å støtte opp om samlivet i familien. Midlane skal brukast til å styrkje ekteskap og varige samlivsforhold med sikte på å skape gode relasjonar og førebygge familieoppløysing. Ei viktig målsetjing er å skape ein trygg og stabil oppvekst for barna. Barnefamiliane vil derfor verta prioriterte ved fordeling av midlane.

Tilskotsordninga er etablert med sikte på eit breitt spekter av søkjarar. Barne- og familiedepartementet ønskjer å oppretthalde engasjementet hos dei frivillige organisasjonane og institusjonar som arbeider på dette området. Samstundes oppmodar departementet kommunane til å ta opp samliv som tema i det førebyggjande arbeidet. Hjelp og støtte som går både på samlivet og foreldrerolla kan vera viktige tiltak i eit samla førebyggjande familiearbeid

Midlane frå tilskotsordninga skal brukast til to typar tiltak:

- 1) lokale samlivskurs/samlingar for par, og
- 2) utviklingstiltak på samlivsområdet.

2. Lokale samlivstiltak**2.1 Nærare om formål og innhald**

Samlivskursa har eit førebyggjande sikte, og skal ikkje ha karakter av behandling. Formålet er å utvikle og halde vedlike gode forhold i ekteskap/samliv, og på den måten støtte opp om ein varig og stabil familiesituasjon. Kursa må ta opp det ein kan kalle "vanlege problem i vanlege ekteskap". Tiltak retta mot meir alvorlege problem eller kriser som treng behandling støttast ikkje av ordninga. Slike problemområdar høyrer inn under andre instansar, t.d. familievernkontor og krisesentre.

Vanlege tema på samlivskurs er kommunikasjon, konflikhtar og konfliktløysing, korleis ta vare på og utvikle parforholdet, spørsmål omkring samarbeid og arbeidsfordeling og andre ting som gjeld ulike sider av samlivet i familien.

Kursa bør halde eit fagleg godt nivå og bør ha kvalifiserte kursleiarar. Kurs med program som byggjar på samlivsfagleg kunnskap utarbeida for formålet, vil verta prioriterte.

2.2 Kven kan søkje

Frivillige organisasjonar og andre som har som målsetjing å arbeide for å støtte og styrkje familien, kan søkje midlar til samlivskurs. "Frivillige organisasjonar" kan vera kyrkjelydar, humanitære og kristeleg organisasjonar, organisasjonar innan helse- og sosialsektoren oa. Kommunar, familievernkontor og liknande institusjonar som vil ta opp samliv som tema kan søkje, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar.

For å nytta ressursane best mogeleg og for å skape nettverk i lokalmiljøet, vil søkjarar som samarbeidar lokalt verta prioriterte.

Det vert ikkje gitt midlar til privatpersonar eller tiltak som er drivne på forretningsmessig basis.

2.3 Opplysningar i søknaden

Formålet for kurset må gå klart fram av søknaden. Den må gi opplysningar om program og innhald, målgruppe, kursleiar/kurshaldar, tidspunkt og omfang. Planlagte kostnader må gå fram av eit eiga budsjett. Søkjarar som budsjetterar med eigne midlar vil verta prioriterte.

2.4 Bruk av midlane og rapportering

Tilskotet kan brukast til å dekke administrative utgifter som honorar, reise og opphaldsutgifter til kursleiarar, innkjøp av kursmateriell, annonsering og lokalleige. Midlane kan ikkje brukast til godtgjerdse eller tilskot til kursdeltakarane sine utgifter til samlivskurs (reise, opphald, servering, gåver, utgifter til barnepass e.l.). Slike utgifter må dekkast anten av søkjaren/arrangøren eller av kursdeltakarane sjølve.

Nærare opplysningar om disponering av midlane og rapportering frå tiltaket vil bli gitt i brev med melding om tildeling av tilskot.

Søknadsskjema og retningslinjer for lokale tiltak kan tingast frå:

*Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA),
Postboks 8113 Dep, 0032 OSLO
telefon 22 24 25 93*

eller kan lastas ned frå internett: <http://www.bufa.no>

3. Utviklingstiltak

3.1 Nærare om formål og innhald

Formålet med utviklingsarbeidet er å styrkje den faglege kvaliteten på samlivskursa og auka kunnskapen om gode samlivstiltak. Tiltak som tar sikte på å få til ei god organisering/spreiing av tilbodet og som kan bidra til at samlivstiltak kan bli ein integreert og etablert del av det lokale førebyggjande familiearbeidet vil verta prioriterte.

3.2 Kven kan søkje

Organisasjonar og institusjonar med kompetanse på samlivsarbeid og utviklingsarbeid kan søkje midlar til utviklingsprosjekt. Prosjekta kan dreie seg om ulike sider av samlivsarbeidet som td. skoloring av kurshaldarar, utvikling av program/materiell for samlivskurs, organisering og samarbeid om samlivstiltak lokalt oa. For kommunane er det særleg aktuelt å utvikle modellar for integrering av foreldrerettleging og samlivstiltak i eit samla førebyggjande familiearbeid.

3.3 Opplysningar i søknaden, bruk av midlane og rapportering

Prosjektsøknader må gjere greie for bakgrunnen for og formålet med prosjektet, metode, gjennomføring og kva ein ventar som resultat. Søknaden må vidare innehalde budsjett og framdriftsplan for tiltaket. Når det gjeld krav til opplysningar i søknaden og bruken av midlane, gjeld samme vilkår som ved lokale kurstiltak (jf. 2.3 og 2.4).

Prosjekta må gi ny kunnskap/erfaring innan samlivsfeltet. Resultata av utviklingsarbeidet må ha overføringsverdi, slik at det kan bidra til fagleg og/eller organisatorisk utvikling av samlivsarbeidet. Ved prosjektslutt ønskjast ein kort, skriftleg rapport om resultata.

Søknader om midlar til utviklingstiltak skal sendast til:

*Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA)
Postboks 8113 Dep, 0032 OSLO*

Søknadene om utviklingstilskot vil bli sendt vidare til handsaming i Barne- og familiedepartementet.

**Søknadsfrist for både lokale tiltak og utviklingstiltak:
20. februar 2003**

Haktor Helland (e.f.)

Bjørn Bredesen

TILSKUDD TIL SAMLIVSTILTAK 2003

RAPPORTERINGSSKJEMA

1. Arrangør (navn, kontaktperson, tlf., e-post, org.nr)

.....
.....
.....

2. Opplysninger om tiltaket

Formålet med kurset?.....
.....

Målgruppe:.....
Hvordan ble tiltaket gjort kjent for målgruppen?.....
.....

Hvor i landet ble kurset holdt?.....
Har dere arrangert slike kurs tidligere?.....
Antall deltakere?.....
Hvilke tema ble tatt opp?.....

Ekstern kursholder (navn)?.....

Samarbeidet dere med andre, hvem?.....Ja........Nei

Hva kostet kurset (regnskap) ?.....

Hva hadde dere budsjettert med?.....
Har dere planer om å arrangere flere kurs?.....

3. Andre kommentarer?.....

.....(skriv event. mer på baksiden).....

.....
dato

.....
signatur

NB! Skjemaet må fylles ut og returneres sammen med revidert regnskap til BUFA innen 15. februar 2004

S ø k n a d s s k j e m a

L o k a l e s a m l i v s k u r s 2 0 0 4

1	Søker dere også om midler til utviklings - tiltak i år? (kryss av):	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
2	Søker (navn, adresse, tlf, e-post, kontaktperson)	_____ _____ _____ _____
3	Organisasjonsnummer	_____
4	Samlivskurs: Formål og innhold: tema, målgruppe, tid, sted, kursholder, etc – jf. rundskriv Q-7/04, pkt. 2.3 og 2.4	_____
5	Samarbeider dere med andre om tiltaket ?	Ja <input type="checkbox"/> Med hvem ?: Nei <input type="checkbox"/>
6	Søknadssum (budsjett må vedlegges på eget ark)	_____
7	Event andre opplysninger	_____

Støtten bes utbetalt til følgende kontonummer:

Sted	Dato	Underskrift

Retningslinjene for støtteordningen (Q- 7/04) kan lastes ned fra www.bufa.no eller fås tilsendt ved å kontakte Barne-, ungdoms-og familieforvaltningen (BUFA).

Søknaden sendes til: BUFA, Postboks 8113 Dep, 0032 Oslo
Søknadsfrist: 25. februar 2004

Postadresse:
Postboks 8113 Dep
0032 Oslo

Kontoradresse:
Universitetsgt 7
Internett: www.bufa.no

Telefon, sentralbord:
24 04 40 00
e-post: Bufa@bufa.no

Telefaks:
24 04 40 01
Orgnr: 974762757

Saksbehandler:
Kjersti Morvik
Tlf: 24 04 40 41

S ø k n a d s s k j e m a

U t v i k l i n g s t i l t a k 2 0 0 4

1	Søker dere også om midler til lokale samlivskurs i år ? (kryss av):	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
2	Søker (navn, adresse, tlf, e-post, kontaktperson)	_____ _____ _____ _____
3	Organisasjonsnummer	
4	Utviklingstiltak: Et kort sammendrag av prosjektet skrives her. En fullstendig prosjektbeskrivelse gis på egne ark - jf. rundskriv Q-7/04, pkt. 3.3, 2.3 og 2.4.	
5	Samarbeider dere med andre om tiltaket ?	Ja <input type="checkbox"/> Med hvem ?: Nei <input type="checkbox"/>
6	Søknadssum (budsjett må vedlegges på eget ark)	
7	Event andre opplysninger	

Støtten bes utbetalt til følgende kontonummer:

Sted	Dato	Underskrift

Retningslinjene for støtteordningen (Q- 7/04) kan lastes ned fra www.bufa.no eller fås tilsendt ved å kontakte Barne-, ungdoms-og familieforvaltningen (BUFA).

Søknaden sendes til: BUFA, Postboks 8113 Dep, 0032 Oslo
Søknadsfrist: 25. februar 2004

Postadresse: Postboks 8113 Dep 0032 Oslo	Kontoradresse: Universitetsgt 7 Internett: www.bufa.no	Telefon, sentralbord: 24 04 40 00 e-post: Bufa@bufa.no	Telefaks: 24 04 40 01 Orgnr: 974762757	Saksbehandler: Kjersti Morvik Tlf:24 04 40 41
--	---	--	--	---



DET KONGELIGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Til deltakere på samlivskurs

Deres ref

Vår ref
02/01540

Dato
. juni 2003

Evaluering av tilskuddsordningen til samlivstiltak

Vi viser til vedlagte brev fra Møreforskning Volda med informasjon til deltakere på samlivskurs som er et ledd i gjennomføringen av et evalueringsprosjekt om den statlige tilskuddsordningen til samlivstiltak.


Barne- og familiedepartementet gir årlig støtte til samlivstiltak over statsbudsjettets kap. 830 Foreldreveiledning og samlivstiltak. Om lag 2/3 av midlene går til lokal kursvirksomhet og samlinger for par. Formålet med ordningen er å støtte opp om samlivet i familien.

Departementet ga i 2002 Møreforskning Volda i oppdrag å evaluere hvordan tilskuddsordningen har fungert siden den ble innført i 1994. Det har hele tiden vært stor og økende interesse for samlivskursene, men kurstilbudet er i dag ujevnt geografisk fordelt.

Resultatene av evalueringsprosjektet vil være et viktig bidrag i arbeidet for å styrke samlivstiltakene og gjøre disse mer tilgjengelige over hele landet.

Vi håper derfor at flest mulig stiller seg positive til å delta. God oppslutning om undersøkelsen er en forutsetning for at det skal være mulig å trekke holdbare konklusjoner.

Med hilsen



Bjørn Bredeesen (e.f.)



Grethe Irene Toresen



MØREFORSKING Volda

Postboks 325, 6101 VOLDA
Telefon: 70 07 52 00
Telefaks: 70 07 52 01
E-post: moreforskning@moreforsk.no
Heimeside: www.moreforsk.no
Org.nr.: NO 971 371 153

Til kursdeltakarar

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Stad/dato:

Volda 10.juli 2003

Evaluering av tilskottsordninga til samlivstiltak; informasjon til kursdeltakarar


Møreforskning Volda har fått i oppdrag å evaluere Tilskottsordning til samlivstiltak. Førrebeles har vi intervjuja kursarrangørar og kurshaldarar. For å finne ut korleis deltakarar opplever samlivskurs og liknande tiltak, vil vi gjerne snakke med nokre av dykk som har vore med på slike. Aktuelle spørsmål som vi vil ta opp er:


- Bakgrunnsinformasjon om dykk
- Dersom gift.. kor lenge?
- Kva kurs har du vore med på?
- Kvifor vart du med på kurset/tiltaket?
- Kvifor akkurat dette kurset?
- Erfaringane med og synspunkt på kurset
 - pris,
 - tilgjenge,
 - vurdering av opplegget, omfang på kurset osv
 - arrangørane
 - kurshaldarar
 - kva var bra/ikkje bra og kvifor
- Oppfølging av kurset


Vi vil ta kontakt pr telefon. Samtalen vert, etter løyve frå dykk, teken opp på lydband. Dette vert gjort fordi vi skal vere sikre på at vi får med oss det som vert sagt, noko som er vanskeleg når ein berre skriv notatar. Lydbandet vert sletta når rapporten frå prosjektet er ferdig i løpet av oktober 2003. Vi som arbeider med evalueringa har teieplikt, så det du fortel til oss vil bli behandla konfidensielt, og vi kjem ikkje til å registrere opplysningar som kan identifisere kven du er. Prosjektet er meldt til Personvernombodet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS. Det er frivillig å vere med, men vi håper at flest mogleg vil ta seg tid til å prate med oss.

På førehand takk!

Venleg helsing Møreforskning Volda


Randi Bergem
(70 07 5211)


Grethe Mattland Olsen
(70 07 5223)


Brynhild Solvang
(70 07 5148)